Handlings -og økonomiplan 2027-2030, årsbudsjett 2027 - Ål kommune

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK 27.10.26

Karsten Popp Dideriksen, rådmann
ÅL KOMMUNE

RÅDMANNEN SIN INNLEIING 2

BUDSJETTPREMISS 4

HANDSAMING AV BUDSJETTET OG ØKONOMIPLANEN 6

PERSONAL OG ORGANISASJON 8

INNSTILLING TIL VEDTAK 12

INVESTERINGAR I ØKONOMIPLANEN INVESTERINGSTABELL FOR KOMMUNEN SAMLA 13

HOVUDTALA I BUDSJETTFORSLAGET 33

ØKONOMISK UTVIKLING I PLANPERIODEN 46

KOMMUNEN SINE TENESTEOMRÅDE 50

SENTRALADMINISTRASJON 50

OPPVEKST 58

HELSE OG OMSORG 81

KULTUR 100

DRIFT OG UTVIKLING 109

VATN, AVLØP OG RENOVASJON – SJØLVKOST 126

INTERKOMMUNALE TENESTER 131

FINANS 134

GEBYRLISTE 136

VEDLEGG 164

Rådmannen sin innleiing

Budsjettet for 2027 og økonomiplanen for 2027–2030 er lagt fram i ei tid der Ål kommune møter ein økonomisk situasjon som er meir krevjande enn på mange år. Kommunen opplever sterk vekst i fleire av dei største utgiftspostane samstundes som inntektsveksten ikkje er tilstrekkeleg til å dekke kostnadsauken.

Dei siste åra har vi sett betydelege prisaukar på drivstoff, straum, matvarer, medisinsk utstyr, byggjemateriell og anna driftsmateriell. I tillegg har utgiftene til kjøp av varer og tenester auka vesentleg. Samstundes har lønsoppgjera vore høge, med ei lønsvekst på over fire prosent, og pensjonskostnadene har auka kraftig. Dette er forhold kommunen i liten grad kan påverke sjølv, men som samla legg beslag på ein stadig større del av dei økonomiske ressursane.

Samtidig som kostnadene aukar, står kommunen overfor demografiske endringar som gir større behov for tenester innan helse og omsorg, medan fleire delar av oppvekstsektoren opplever lågare barnetalsutvikling. Dette utfordrar korleis kommunen organiserer og dimensjonerer tenestene sine. Skal kommunen kunne oppretthalde økonomisk berekraft og framleis levere gode tenester til innbyggjarane, må drifta tilpassast dei økonomiske rammene vi har til disposisjon.

Rådmannen legg derfor fram eit budsjettforslag som inneber omfattande omstilling og innsparing på tvers av alle sektorar. Forslaga er ikkje uttrykk for manglande vilje til å utvikle tenestene, men ei erkjenning av at kommunen må nytte ressursane annleis dersom vi skal sikre tenestetilbodet også på lang sikt. Gjennom fleire år har kommunen arbeidd med effektivisering, digitalisering og stram økonomistyring. Mange av dei enklaste tiltaka er allereie tekne ut, og det er no nødvendig å gjennomføre tiltak som i større grad påverkar organisering av tenestetilbodet.

Innan helse- og omsorgssektoren er det foreslått å redusere kapasiteten ved institusjon gjennom stenging av seks sjukeheimsplassar. Samstundes må det arbeidast vidare med nye arbeidsformer og god ressursutnytting innan heimetenester, rehabilitering og omsorgstenester. Målet er å møte framtidas behov med dei ressursane kommunen har til rådvelde, samstundes som dei mest sårbare innbyggjarane får eit forsvarleg og trygt tenestetilbod.

I oppvekstsektoren vert det foreslått å samle elevane på 5.–7. trinn frå grendeskulane til Nedre Ål skule. Dette er eit krevjande forslag, men det må sjåast i samanheng med utviklinga i elevtal, behovet for robuste fagmiljø og kravet om meir kostnadseffektiv drift. Det vert òg arbeidd med å tilpasse ressursbruken innan barnehage, skule og støttetenester til framtidige behov.

Innan kultur, frivillig arbeid og samfunnsutvikling vert det nødvendig med strengare prioriteringar. Aktivitetar, tilskotsordningar og utviklingsprosjekt må vurderast opp mot kommunen si økonomiske bereevne. Ambisjonen er framleis å leggje til rette for eit levande lokalsamfunn, men innanfor dei rammene økonomien tillèt.

For tekniske tenester og eigedomsforvaltning vert det lagt vekt på å redusere driftskostnader gjennom betre utnytting av bygningsmassen, energieffektivisering og prioritering av vedlikehalds-

og investeringsprosjekt. Kommunen må i større grad konsentrere investeringane om lovpålagde oppgåver og heilt nødvendige tiltak.

Også innan administrasjon og støttefunksjonar vert det gjennomført innsparingstiltak. Digitalisering, effektivisering av arbeidsprosessar og redusert bruk av eksterne tenester skal bidra til lågare kostnader.

Ein sentral del av omstillinga er frysing og reduksjon av mellom 13 og 20 årsverk på tvers av organisasjonen. Dette er eit omfattande tiltak som vil krevje samarbeid, omstillingsevne og vilje til endring i heile organisasjonen.

Rådmannen er klar over at fleire av forslaga vil opplevast som krevjande for både innbyggjarar, brukarar og tilsette. Mange av tiltaka grip inn i tenester som betyr mykje for lokalsamfunnet. Samstundes vil alternativet vere å vidareføre eit utgiftsnivå kommunen ikkje har økonomisk grunnlag for å bere. Det ville på sikt føre til endå meir omfattande og brå kutt.

Budsjettframlegget for 2027 er derfor først og fremst eit omstillingsbudsjett. Målet er å skape varig balanse mellom inntekter og utgifter, sikre økonomisk handlefridom og leggje grunnlaget for at Ål kommune også i framtida kan tilby gode tenester til innbyggjarane.

Gjennom ansvarlege val i dag skal vi sikre at kommunen står sterkare rusta til å møte morgondagens utfordringar og moglegheiter.

Mvh

Karsten Popp Dideriksen

rådmann

Tlf 32085000 / 99287899

kpd@aal.kommune.no

Budsjettpremiss

Budsjettpremissar for Ål kommune 2027

1. Overordna økonomisk premiss

Budsjettet for 2027 skal leggje til rette for ein berekraftig kommuneøkonomi og redusere det strukturelle driftsunderskotet.

Driftstilpassingane skal bidra til at kommunen på sikt oppnår økonomisk handlingsrom, byggjer opp att disposisjonsfond og reduserer behovet for ekstraordinære tiltak.

Vi skal gjenbruka og rehabilitere framfor å kjøpe/bygge nytt.

2. Bemanning og organisering

- Bemanninga skal tilpassast vedtekne økonomiske rammer.
- Det blir lagt til grunn ein reduksjon/frysing av 13–20 årsverk i planperioden.
- Ledige stillingar skal vurderast kritisk før eventuell utlysing.
- Organisasjonen skal arbeide aktivt med digitalisering, effektivisering og nye arbeidsformer for å redusere ressursbehovet.

3. Tenestenivå

- Lovpålagde tenester skal prioriterast.
- Kommunen må akseptere eit redusert tenestenivå innan enkelte område samanlikna med dagens nivå.
- Kvalitet og tenestetilbod skal vurderast opp mot tilgjengelege ressursar og økonomisk bereevne.
- Samarbeid med frivillige, innbyggjarar og interkommunale løysingar skal vurderast der dette kan oppretthalde tenestekvalitet til lågare kostnad.

4. Innsparings- og omstillingstiltak

Budsjettet byggjer på at følgjande tiltak vert gjennomførte eller vurderte gjennomførte:

- Stenging av inntil seks sjukeheimsplassar.
- Samling av 5.–7. klasse frå grendeskulane ved Nedre Ål skule.
- Reduksjon i bemanning og administrasjonskostnader.
- Effektivisering av drift og gjennomgang av alle tenesteområde.
- Prioritering av tiltak som gir varig økonomisk effekt.

5. Effektiviseringskrav

- Alle sektorar får krav om effektivisering og kostnadskontroll.
- Nye tiltak skal som hovudregel finansierast innan eksisterande rammer.
- Investeringar skal vurderast opp mot framtidige driftskonsekvensar.
- Det skal arbeidast systematisk med gevinstrealisering frå digitalisering og organisasjonsutvikling.

6. Inntektsføresetnader

- Skatteinntekter og rammetilskot vert budsjetterte etter gjeldande statsbudsjett og nasjonale prognosar.
- Eigedomsskatt ver justert opp med 5 % kontorjustering
- Brukarbetalingar og gebyr blir fastsette i samsvar med vedtekne satsar og sjølvkostprinsippet der dette gjeld.
- Tilskot og prosjektmidlar skal nyttast målretta, men ikkje finansiere varige driftsutgifter.

7. Bruk av fond

- Disposisjonsfond skal berre nyttast til å handtere mellombelse ubalansar eller ekstraordinære hendingar.
- Fondsmidlar skal ikkje nyttast til å finansiere varig drift.
- Oppbygging av økonomiske reservar skal vere eit langsiktig mål i planperioden.

8. Måloppnåing og rapportering

- Kommunestyret sine budsjettpremissar er styrande for verksemdene si drift.
- Resultat, tenestekvalitet og økonomi skal følgjast opp gjennom tertialrapportering og årsmelding.
- Eventuelle avvik frå føresetnadene skal møtast med korrigerande tiltak så tidleg som mogleg.

Handsaming av budsjettet og økonomiplanen

Kommunestyret skal ein gong i året vedta ein økonomiplan som skal omfatte minst dei fire neste budsjettår. Økonomiplanen skal dekkje heile kommunen si verksemd og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, venta utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden.

Budsjettet er ein bindande plan for kommunen sine midlar og bruken av desse i budsjettåret. I løyvingar til ulike føremål kan ein gjere frådrag for tilhøyrande inntekter (nettobudsjettering). Ål kommunestyre løyver nettoutgift pr. sektor og pr. avdeling i si budsjetthandsaming. I økonomistyringa er det likevel viktig og fylgje med på brutto inntekter og utgifter.

Budsjettprosessen strekkjer seg gjennom store delar av året. Føringar, vedtak og løyvingar gjennom året må innarbeidast i dei økonomiske oversiktene. Strategisamlingane i april er ein viktig arena som legg premissar og gjev politiske signal på dei ulike budsjettområda.

Rådmannen vil rå til at kommunestyret ikkje gjer vedtak om auka aktivitet gjennom året, men i staden utset desse til budsjettbehandling.

Innstilling til budsjettet frå formannskapet skal leggjast ut til offentleg ettersyn seinast 14 dagar før innstillinga blir handsama i kommunestyret.

Kommunestyret skal vedta budsjettet innan utgangen av året.

Endring frå rådmannen sitt budsjettframlegg:

Endringar av økonomiplanen i den politiske behandlinga frå rådmannen sitt framlegg blir innarbeida i dokumentet.

Framdriftsplan for budsjettprosessen – Budsjett 2027

Administrativ behandling			
27. oktober	Formannskap og sektorutval	Rådmann og økonomisjef	Rådmann legg fram sitt salderte budsjettframlegg
Politisk behandling			
27. oktober	Formannskap, utvalsleiar og tillitsvalde		Budsjettarbeid
3. november	SHO, SUKO, STNR	Rådmannsteam	Ordførar sett agenda
9. november	Formannskapet	Utvalsleiarar og HVO	Formannskapet vedtek 1. innstilling til budsjett
23. november	Formannskapet	Leiar på dei ulike sektorar/avd.	Utarbeide høyringsframlegg Framlegget blir lagt ut på høyring.

Administrativ behandling			
7. desember	Formannskapet	Rådmannsteam	Innstilling til kommunestyret
17. desember	Kommunestyret	Rådmannsteam og ev. andre leiarar	Kommunestyret handsamar budsjettet og gjer endeleg vedtak av budsjett og økonomiplan 2027-2030.

Mål, verdiar og milepælar for kommunen

Økonomiplanen skal vere forankra i kommuneplanen og samfunnsdelen av kommuneplanen. I samfunnsdelen av kommuneplanen for perioden 2015–2027 er følgjande visjon vedteken:

Eit levande Ål for alle

Overordna mål:

- I Ål skal det vera godt å bu og leva
- I Ål skal alle verta sett, inkludert og respektert
- Utviklinga i Ål skal ta vare på behova til komande generasjonar
- Ål vil vera eit berekraftig lokalsamfunn, økonomisk, sosialt og miljømessig
- Ål har, og vil ha, aktive, kreative, deltakande og skapande innbyggjarar
- Ål skal vidareutvikle gode og lønsame arbeidsplassar

Verdiar for organisasjonen

Rådmannsteam har, saman med avdelingsleiarane, kome fram til tre verdiar som skal leggast til grunn i vår framferd og oppgåveløysing. Vi vil i 2026 jobbe vidare med å innarbeide desse i heile organisasjonen.

Open Modig Grundig

Milepælar for budsjettåret 2027 og økonomiplan 2027–2030

- Vidareutvikling av godt leiarskap
- Finne ein god strategi for utvikling av organisasjonen innanfor ei strammare økonomisk ramme
- Involvere innbyggjarane meir i utvikling av lokalsamfunnet
- Finne område vi kan forbetre til gode for brukarane, dei tilsette og samstundes innafor dei økonomiske rammene som er sett

Personal og organisasjon

Dei tilsette er den viktigaste ressursen for å kunne gje eit godt tenestetilbod.

Kommune sin arbeidsgjevarpolitikk kjem til uttrykk i dei overordna styringsdokument som er vedtatt. Kommune sin arbeidsgjevarstrategi skal reviderast i 2027. Våre verdiar; open, modig og grundig vil vere sentralt i strategien. Partsarbeidet skal ha ein sentral plass i arbeidsgjevarstrategien.

Rekruttering og gjennomtrekk av tilsette:

Det blir jobba aktivt med rekruttering og talet på søkarar har endra seg mykje:

Tala er pr. 20.10.:

	Stillingar publisert	Antal søkarar	Søkar pr stilling
2024	286	275	0,76
2025	202	229	1,13
2026	161	460	1,96

Hallingtinget har vedteke at det skal lagast ein felles rekrutteringsstrategi for Hallingdal. Ål kommune har delteke i arbeidet og vil bruke denne strategien i arbeidet for å tilsette rett kompetanse i framtida.

Gjennomtrekk/Turnover:

Gjennomtrekken blant tilsette er høgare for kvinner enn landsgjennomsnittet, for menn er det vesentleg lågare. Landsgjennomsnittet for kvinner er 12,34% og menn 12,77%. Talet er ein indikator på stabilitet. Gjennomtrekk er gått ned frå 12,6% i 2023 til 12,2% i 2025.

Kompetanseutvikling:

Kommunen tek i 2027 i bruk kompetansestyringsverktøyet Dossier. Dette gir ein samla oversikt over kva kompetanse den enkelte har og kva den enkelte avdeling har og treng av kompetanse.

Strategisk kompetanseplan er kommunen sitt styringsdokument for å **mobilisere, utvikle og skaffe rett kompetanse til rett tid i tråd** med samfunnsoppdraget, kommuneplanen og lov-/avtaleverk. Planen skal:

- sikre kvalitet og treffsikre tenester til innbyggjarane
- styrkje attraktivitet som arbeidsgjevar og byggje robuste fagmiljø
- gi retning for leiing, prioriteringar og ressursbruk (økonomi og kapasitet)
- vere eit levande verktøy for einingsleiarar i den årlege plan- og budsjettprosessen

Leiarane i kommune har 2 årlege samlingar der fokuset er å gi dei auka leiarkompetanse. I 2027 er det planlagt i samling med tema “relasjonsleiing”. Det vil og bli ei samling for oppfølging av resultata frå medarbeiarundersøkinga 10 faktor.

Sjukefråvær:

Kommune har ei satsing på å styrkje partsarbeidet i avdelingane. Dette fungerer no på ein god måte og ei viktig element i sjukefråværsarbeidet. Kommune har inngått samarbeidsavtalar med NAV Arbeidslivssenter på eigne prosjekt i Sundre barnehage og Avdeling Stugu. Ein nyttar erfaringane frå dette arbeidet i dei andre avdelingane. Når ein treng det har nyttar ein MDCO bht (bedriftshelsetenesta) i kartleggingar, rettleiing og i prosjekt.

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Ål kommune	2025	503,35	68,52%	33,83	77,85	615,03
Ål kommune	2026	506,92	70,54%	33,94	65,00	605,86
Endring 2026-2025		**3,57**	**2,02%**	**0,11**	**-12,85**	**-9,17**
Sentraladministrasjon	2025	21,21	85,36%	0,00	0,76	21,97
Sentraladministrasjon	2026	21,42	90,75%	0,00	0,68	22,10
Oppvekst	2025	184,46	68,74%	21,00	35,89	241,35
Oppvekst	2026	180,08	70,91%	19,79	25,16	225,03
Helse og omsorg	2025	169,44	68,09%	12,04	30,24	211,72
Helse og omsorg	2026	176,75	70,55%	11,18	26,75	214,68
Kultur	2025	11,38	61,79%	0,04	1,65	13,07
Kultur	2026	10,99	63,57%	0,21	1,87	13,07
Drift og utvikling	2025	58,29	66,87%	0,00	1,84	60,13
Drift og utvikling	2026	58,33	68,09%	0,00	2,37	60,70
Vatn, avløp og renovasjon - sjølvkost	2025	8,38	46,29%	0,00	0,00	8,38
Vatn, avløp og renovasjon - sjølvkost	2026	8,79	45,06%	0,00	0,00	8,79
Interkommunale tenester	2025	50,19	72,18%	0,75	7,47	58,41
Interkommunale tenester	2026	50,56	73,74%	2,76	8,17	61,49





Internkontroll

Rådmannen sitt ansvar for kommunens internkontroll er stadfesta i kommunelova § 25. Ål kommune har etablert og bruker internkontrollsystemet i Compilo. Alle leiarar på de ulike nivå gjennomfører

risikoanalysar for moglege avvik som kan oppstå innan tenesteutførelsen og HMS. Kommune har no lagra sine rutinar, retningslinjer og malar i Compilo.

Alle medarbeidarar skal rapportere alle vesentlege avvik i tenestekvalitet ifht. lovverk og avvik ifht HMS via standard rapportverktøy i Compilo. Avvik skal løysast på lågast mogleg ledernivå, og dokumenterast i Compilo. Når avvik oppstår fleire gonger på et tenesteområde til ein leder, så skal leder rapportere avviket vidare til overordna leder og et vedvarande vesentleg avvik vil rapporterast til rådmannen. Det gjennomførast faste rapporteringsrutinar knytt til tertial/årsrapport. Rutinen skal bidra til å sikre at alle vesentlege avvik blir kjent og fanget opp av leiarar på ulike nivå i organisasjonen. Avvik er ein del av dei faste punkta som skal handsamast i partsmøta. Rapporterte avvik vert gjennomgått kvar månad i rådmannen sitt leiarteam og i kvart møte i AMU.

I Compilo er det og mogleg å varsle om kritikkverdige forhold digitalt.

Innstilling til vedtak

Protokoll frå behandling av Budsjett 2026 og Handlings -og økonomiplan 2026-2029 i Formannskapet

Tiltak	09.11.26	23.11.26	07.12.26	Kostnad
Kyrkja				
STNR				
SUKO				
SHO				

Oversyn over tiltak innafor kvar sektor

(Blir oppdatert etter behandling av budsjett i Formannskap og Kommunestyret)

Sentraladministrasjon

Oppvekst

Helse og omsorg

Kultur

Drift og utvikling

Interkommunale tenester

Investeringar i økonomiplanen

Investeringstabell for kommunen samla

Ål kommune

Beløp i 1000

	Samla prosjektbeløp			Økonomiplan			Sum i planperioden
Investeringsprosjekter	Tidlegare løyving	Øyrem. fin.	Netto prosjektutgift	2027	Inntekt 2027	2028	
Sentraladministrasjon							
Rådmann							
Samband beredskap	0	0	250	250	0	0	250
Sum Rådmann	0	0	250	250	0	0	250
Sum Sentraladministrasjon	**0**	**0**	**250**	**250**	**0**	**0**	**250**
Oppvekst							
Kommunalsjef oppvekst							
IKT-utstyr til skular og barnehagar	0	0	440	440	0	0	440
Sum Kommunalsjef oppvekst	0	0	440	440	0	0	440
Sum Oppvekst	**0**	**0**	**440**	**440**	**0**	**0**	**440**
Helse og omsorg							
Kommunalsjef helse og omsorg							
Bilar helse/sosial	2 855	0	4 255	800	0	600	1 400
Etablerer ledelinjer i Ål helsesenter	0	0	200	0	0	200	200
Medisinsk utstyr, senger og behandlingsbenk legekontoret	0	0	1 300	400	0	500	900
Møblar til tre avlastningsbustader	0	0	150	150	0	0	150
To bustader til personar uten buevne	0	0	4 000	0	0	4 000	4 000
Utstyr og møblar til sanserom	0	0	150	150	0	0	150
Sum Kommunalsjef helse og omsorg	2 855	0	10 055	1 500	0	5 300	6 800
Sum Helse og omsorg	**2 855**	**0**	**10 055**	**1 500**	**0**	**5 300**	**6 800**
Drift og utvikling							

	Samla prosjektbeløp			Økonomiplan			Sum i planperioden
Investeringsprosjekter	**Tidlegare løyving**	**Øyrem. fin.**	**Netto prosjektutgift**	**2027**	**Inntekt 2027**	**2028**	
Kommunalsjef Drift og utvikling							
Familiens hus - bruksendring og ombygging	1 000	0	58 000	22 000	0	35 000	57 000
Forsterka avdeling Torpo skule	0	0	1 250	1 250	0	0	1 250
Grunnkjøp / sal av grunn - kjøp av eigedom / sal av eigedom	500	-2 800	-800	0	0	500	500
Ny gangbru til Bråta	0	0	1 250	1 250	0	0	1 250
Ombygging Ål brannstasjon	500	0	10 500	1 000	0	9 000	10 000
Skattebøl skule - bruksendring til barnehage	1 000	0	3 800	2 800	0	0	2 800
Tiltak i sentrum etter GNIST-prosjektet	0	0	5 000	2 000	0	3 000	5 000
Ål helsetun - forprosjekt omsorgsbustader-basseng	35 625	0	91 625	1 000	0	5 000	6 000
Sum Kommunalsjef Drift og utvikling	**38 625**	**-2 800**	**170 625**	**31 300**	**0**	**52 500**	**83 800**
Veg og park							
Dokklisvingen	0	0	225	0	0	225	225
Fortau Skuletoppen - Stavkyrkjetomta	0	0	300	300	0	0	300
Gamlevegen (etappevis)	0	0	3 000	0	0	1 000	1 000
Hjartesone Torpo - Trafikksikre skulevegar	1 062	-870	592	400	0	0	400
Kjøp av bil veg og park	0	0	100	100	0	0	100
Kolbotnsvingen - Vestliavegen	2 550	0	2 750	200	0	0	200
Kringlevegen	0	0	550	0	0	550	550
Liagardsvegen	1 000	0	2 000	0	0	1 000	1 000
Molokker Tingstugu	0	0	300	0	0	300	300
Nytt kryss Kleivi	4 662	0	13 162	500	0	4 000	4 500
Overvannsledning Trolløyne/Carfix	3 500	1 600	5 300	200	0	0	200
Overvassleidning Stavevegen/Solhov - skjønnsmidlar	0	0	2 500	2 500	0	0	2 500
Overvassleidning Øvre Hago	0	0	1 800	1 800	0	0	1 800
Overvassleidning Øvre-Ålsvegen - skjønnsmidler	0	0	1 250	1 250	0	0	1 250
Røysevegen	0	0	275	0	0	275	275

	Samla prosjektbeløp			Økonomiplan			Sum i planperioden
Investeringsprosjekter	**Tidlegare løyving**	**Øyrem. fin.**	**Netto prosjektutgift**	**2027**	**Inntekt 2027**	**2028**	
Sambinding gangstig Stasjonsvegen - Sundrejordet - Kulturhustorget	975	0	1 950	975	0	0	975
Sikringstiltak Hansebråtavegen 11D og 11E	0	-315	35	0	0	350	350
Sikringstiltak Kulu	0	-315	35	0	0	350	350
Sikringstiltak Leksvol	0	0	400	400	0	0	400
Sikringstiltak Øvre-Ålsvegen/Stavin 7A-7E	0	-2 700	300	250	0	2 750	3 000
Sikringstiltak Øvre-Ålsvegen/Trolldalsvegen 2C-2E	0	-2 520	280	250	0	2 550	2 800
Tilkomst Stavevegen-Sundrevegen	0	0	400	0	0	400	400
Trafikksikring/Trafikk	4 785	0	5 685	300	0	300	600
Utskifting av maskiner veg og park	5 545	-200	12 245	400	0	1 000	1 400
Øvre Hago	30	0	290	260	0	0	260
Sum Veg og park	**24 110**	**-5 320**	**55 725**	**10 085**	**0**	**15 050**	**108 935**
Utvikling							
Beredskapstank vatn (samarbeid Hallingdal)	0	0	300	300	0	0	300
Fartsmåling Sundervegen i hjartesona	0	0	400	0	0	0	0
Rehabilitering vatn/kloakk	0	0	13 000	0	0	3 000	3 000
Sikringstiltak Hellinggrove og Stavegrove	33 724	-30 450	3 774	500	-10 250	0	500
Sikringstiltak sentrum – bekk 1,2 og 3	17 400	-13 000	7 900	3 000	0	500	3 500
Sireåne Bustadfelt	-500	0	-100	0	0	400	400
Stikkrenner og vegar Hellinggrove og Stavegrove - skjønnsmidlar - NVE og BFK	16 250	-2 600	15 450	1 800	0	0	1 800
Tappepunkt brannvatn Oppheim	0	0	1 250	0	0	1 250	1 250
Sum Utvikling	**66 874**	**-46 050**	**41 974**	**5 600**	**-10 250**	**5 150**	**119 685**
Reinhald							
Utskifting maskiner renhald	3 083	0	5 018	1 245	0	690	1 935
Sum Reinhald	**3 083**	**0**	**5 018**	**1 245**	**0**	**690**	**121 620**

	Samla prosjektbeløp			Økonomiplan			Sum i planperioden
Investeringsprosjekter	**Tidlegare løyving**	**Øyrem. fin.**	**Netto prosjektutgift**	**2027**	**Inntekt 2027**	**2028**	
Byggforvaltning							
Auke av tilatt persontal i Ål idrettshall (landsfestival 2028)	0	0	100	100	0	0	100
Bil Byggforvaltning	0	0	300	300	0	0	300
Branntrygging	6 625	0	10 375	1 250	0	1 250	2 500
Funksjonelle arbeidsrom Torpo skule	0	0	125	0	0	125	125
Låsesystem for omsorgsbustader	0	0	300	0	0	300	300
Ny elkjel fjernvarmesentral	0	0	500	500	0	0	500
Personalkjøkken Nedre Ål skule	0	0	200	0	0	200	200
Prestegardsjordet-avd.miljøterapi	60 290	-19 000	39 290	-2 000	-5 000	0	-2 000
Renovere bad Stugu (16 rom a 250')	4 050	0	4 800	250	0	250	500
Renovering av leilighetar Brattebakken	10 625	0	11 475	250	0	600	850
Renovering Stavin 12	0	0	300	300	0	0	300
Sireåne Bustadfelt	500	0	4 500	4 000	0	0	4 000
Stavin drenering rundt nr. 7,9,11 og 12 og nytt vass- og avløp	8 000	0	8 300	300	0	0	300
Tak idrettshallen	0	0	500	0	0	500	500
Tiltak for å redusere radon i utleigebygg	700	0	1 200	500	0	0	500
Utelager Oppsjø	2 400	0	2 650	250	0	0	250
Uteområde Nedre Ål skule	25 037	-1 000	24 137	100	0	0	100
Utskifting av lysarmatur til LED	0	0	4 500	1 500	0	1 500	3 000
Utstyr/leikeapparat på uteområde skular og barnehagar	0	0	750	250	0	250	500
Ventilasjon kulturhuset	0	0	3 500	300	0	2 200	2 500
Ål kulturhus utbygging	525	0	625	100	0	0	100
Ål ungdomsskule - funksjonelle rom	100	0	400	300	0	0	300
Sum Byggforvaltning	**118 852**	**-20 000**	**118 827**	**8 550**	**-5 000**	**7 175**	**137 345**
Sum Drift og utvikling	**251 544**	**-74 170**	**392 169**	**56 780**	**-15 250**	**80 565**	**137 345**
Vatn, avløp og renovasjon - sjølvkost							
Sjølvkost vatn							
ENØK Torpo vassverk	0	0	100	100	0	0	100

	Samla prosjektbeløp			Økonomiplan			Sum i planperioden
Investeringsprosjekter	**Tidlegare løyving**	**Øyrem. fin.**	**Netto prosjektutgift**	**2027**	**Inntekt 2027**	**2028**	
Ny brønn Gunnarhaugen vassverk	1 000	0	2 000	0	0	1 000	1 000
Rehabilitering ledning VA Myrovegen	7 237	0	7 387	150	0	0	150
Rehabilitering vatn/kloakk	5 500	0	10 500	0	0	2 500	2 500
Vassleidning Bergstien (sikringstiltak bekk 1,2 og 3)	0	0	1 250	1 250	0	0	1 250
Vassleidning Stavevegen/Solhov	0	0	3 750	3 750	0	0	3 750
Vassleidning Øvre Hago	0	0	3 500	3 500	0	0	3 500
Vassleidning Øvre-Ålsvegen	0	0	1 250	1 250	0	0	1 250
Sum Sjølvkost vatn	**13 737**	**0**	**29 737**	**10 000**	**0**	**3 500**	**13 500**
Sjølvkost avløp							
Avløpsleidning Stavevegen/Solhov - skjønnsmidlar	0	0	2 500	2 500	0	0	2 500
Avløpsleidning Øvre Hago - skjønnsmidlar	0	0	4 600	4 600	0	0	4 600
Avløpsleidning Øvre-Ålsvegen - skjønnsmidlar	0	0	2 100	2 100	0	0	2 100
Klokkarbakken utbetring avløpsleidning	0	0	5 500	5 500	0	0	5 500
Ny bil renseanlegget 2027	0	0	400	400	0	0	400
Rehabilitering ledning VA Myrovegen	-762	0	-612	150	0	0	150
Rehabilitering vatn/kloakk	5 500	0	10 500	0	0	2 500	2 500
Sum Sjølvkost avløp	**4 738**	**0**	**24 988**	**15 250**	**0**	**2 500**	**31 250**
Sjølvkost renovasjon							
Renovasjonspunkt Sangefjell	0	0	1 500	0	0	0	0
Renovasjonspunkt Vestlia	0	0	1 500	400	0	1 100	1 500
Returpunkt Liatoppen	0	0	1 800	0	0	1 800	1 800
Sum Sjølvkost renovasjon	**0**	**0**	**4 800**	**400**	**0**	**2 900**	**34 550**
Sum Vatn, avløp og renovasjon - sjølvkost	**18 475**	**0**	**59 525**	**25 650**	**0**	**8 900**	**34 550**
Interkommunale tenester							
Kyrkja							
Investeringar i Ål kyrkjelege fellesråd	6 050	0	13 500	1 450	0	2 000	3 450
Sum Kyrkja	**6 050**	**0**	**13 500**	**1 450**	**0**	**2 000**	**3 450**

	Samla prosjektbeløp			Økonomiplan			Sum i planperioden
Investeringsprosjekter	Tidlegare løyving	Øyrem. fin.	Netto prosjektutgift	2027	Inntekt 2027	2028	
Sum Interkommunale tenester	**6 050**	**0**	**13 500**	**1 450**	**0**	**2 000**	**3 450**
Finans							
Sentrale poster							
Egenkapitalinnskudd KLP / kjøp av aksjer	-	-	-	2 000	-2 000	2 000	4 000
Sum Sentrale poster	-	-	-	2 000	-2 000	2 000	4 000
Sum Finans	**-**	**-**	**-**	**2 000**	**-2 000**	**2 000**	**4 000**
Sum	**278 924**	**-74 170**	**475 939**	**88 070**	**-17 250**	**98 765**	**186 835**

Ål kommune

Oppvekst

IKT-utstyr til skular og barnehagar

Behov for utstyr i klasserom og fellesareal i barnehage (td. projektor, skjerm, kontrollboks og høgtalar). Behov i undervisning.

Helse og omsorg

Etablerer ledelinjer i Ål helsesenter

RMF har ynskje om ledelinjer på golvet for at det skal bli enklare å finne fram i Ål helsesenter.

Medisinsk utstyr, senger og behandlingsbenk legekontoret

Det er eit jamnt behov for fornying av slikt utstyr.

Drift og utvikling

Auke av tilatt persontal i Ål idrettshall (landsfestival 2028)

Landsfestivalen 2028 har behov for eit lokale med plass til 1000 menneske. For at dette skal kunne aksepterast i Ål idrettshall er det behov for to nye dører mot vest for å få tilstrekkeleg rømmingskapasitet.

Beredskapstank vatn (samarbeid Hallingdal)

Det er etablert eit samarbeid mellom kommunane i Hallingdal om å skaffe ein 10 m3 vasstank på flak som kan nyttast til å køyre drikkevatn der det er behov.

Bil Byggforvaltning

Avdeling Byggforvaltning har ein svært aldrande bilpark. Her er det behov for fornying. Det er ynskjeleg å fase inn fossilfri drift.

Branntrygging

Vi ynskjer å få ein oversikt over branntryggleiken i alle kommunale bygg. Dette må gjerast over nokre år, og vi tenkjer å prioritere overnattingsbygg. Det er nødvendig å leige inn bistand til brannteknisk tilstandsanalyse, og det vil bli behov for utbetringar.

Dokklisvingen

Dette er ein krapp og vanskeleg sving i Vestlie der bilar kan få problem på vinterstid.

Familiens hus - bruksendring og ombygging

Prosjektrapporten vart ferdig sommaren 2026. Det er no engasjert rådgjevande ingeniørar som har starta opp med prosjektering. Prosjekteringa vil gjennomførast vinteren 2026-27. Utførande arbeid blir truleg lyst ut våren 2027 etter eventuell ny politisk godkjenning med kostnadsvurderingar.

Fartsmåling Sundervegen i hjartesona

Det er fleire bilar med for høg hastigheit forbi skulane i hjartesona. Eit tiltak kan vere fartsmålarar med skilt som viser om hastigheiten er for høg. Det er planlagt ein slik målar i kvar retning.

Forsterka avdeling Torpo skule

Det er behov for å lage fire nye elevrom. Lyddemping mellom romma. Installert takheis i minst 1 av romma. Oppdatere låsesystem for å skape sikre og trygge rammer for elevane. Garasje/lager i samband med avdelinga. Sanserom.

Fortau Skuletoppen - Stavkyrkjetomta

Tørrmuren mellom stavkyrkjetomta og Sundrevegen er i ferd med å bli skkuvd utover. Ein viktig årsak er at tunge maskinar må køyre på gangvegen nær muren for snørydding og at gangvegen ikkje er solid nok for dette. Det bør gjennomførast tiltak før muren får synlege skadar. Tiltaket omfattar fjerning av autovernet (betong), forsterking av gangvegen og etablering av opphøgd fortau.

Funksjonelle arbeidsrom Torpo skule

I dag er det arbeidsrom utan skjerming/dører. Dette gir store utfordringar når det gjeld arbeidsro.

Gamlevegen (etappevis)

Gamlevegen har stor slitasje og bør utbetrast med masseutskifting og nytt asfaltdekke. Dette bør gjerast etappevis.

Kjøp av bil veg og park

Avdeling Veg og park har ein eldre bilpark som har behov for fornying.

Kolbotnsvingen - Vestliavegen

Det vart observert sprekkdanningar i asfalten. For å sikre vegen mot utrasing, valte vi å traue ut og lage ein sikringsvoll for å sikre vegen mot utrasing. Det viser seg at det var ustabile massar under vegen og sikringsvollen sikrar mot utrasing. Vegen må utbetrast og krysset bør utvidast. Vi reknar med å nytte skjønnsmidlar til ein del av dette arbeidet.

Kringlevegen

Kringlevegen er i dårleg forfatning, og har behov for nytt asfaltdekke.

Liagardsvegen

Gjeld utbetring av svingen ved Medgard der det er ein del problem på vinterstid. Her trengs det ein utviding og utskifting av masse. Ein strekning som ikkje er asfaltert bør asfalterast.

Låsesystem for omsorgsbustader

Utskifting til patentert låsesystem. Risiko med dagens system:

Eit system som ikkje er patentert medfører risiko for at nøklar kan kopierast hos ikkje-autoriserte nøkkelprodusentar. Nøkler blir kopiert utan at det blir stilt spørsmål ved dette. Ved utlån av nøkkel, kan han være kopiert før retur.

Det er i dag ingen moglegheit for å vite antal nøklar til systemet som er i omløp.

Molokker Tingstugu

Det er behov for betre renovasjonsløysing i Tingstugu-området for å unngå dunkar for nær bygningen. Pengane avsett for 2026 er ikkje nytta sidan det har vore ei utfordring å finne ein ideell plassering. No blir det satsa på eit område vest for Tingstugu.

Ny elkjel fjernvarmesentral

Pelletsanlegget ved idrettshallen består av 1 pelletsovn og 2 elkjeler. Elkjelane hjelper til når pelletsanlegget ikkje klarer å produsere nok varme eller er ute av drift.

Den eine elkjelen vart skifta ut for 2 år sida, og nå er den andre i ferd med å ryke (lekkasje).

Dersom denne elkjelen går ut av drift i løpet av vinteren og me i tillegg får driftsstans på pelletskjelen, så vil fleire bygg måtte stenge; Ål ungdomsskule, Sundre barnehage og Ål idrettshall.

Ny gangbru til Bråta

Statens Vegvesen arbeider med ny bru til Bråta som er planlagt bygd i 2027. I utgangspunktet leverer dei ei standard plasstøypt betongbru. Ål kommune sin andel vil gjelde ekstra utgifter med utforming og utsmykking.

Nytt kryss Kleivi

Statens vegvesen stiller krav om nytt kryss i Kleivi dersom nye næringsområder skal utviklast. Arbeidet med detaljregulering og prosjektering blir truleg ferdig våren 2028. Nytt kryss bør vere eit samarbeid mellom Ål kommune, Hol kommune, bedriftene i Kleivi og nye næringsaktørar.

Ombygging Ål brannstasjon

Ål brannstasjon har ingen form for inndeling i reine og ureine soner, slik Arbeidstilsynet stiller krav om i Arbeidsplassforskrifta. Det har generelt vore ein aukande fokus på dette temaet saman med kreftrisiko for brannmenn. Ål brannstasjon har berre ein garderobe som dermed må delast av begge kjønn. Vi ynskjer å etablere garderobeløysing for begge kjønn med reine og ureine soner. Det kan bli aktuelt med eit mindre tilbygg. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna.

Overvannsledning Trollløyne/Carfix

Det er behov for å utbetre overvannsledningane under Vestliavegen aust for Ål stasjon. Eksisterande overvannsledningar er tette og deformerte. Bane Nor har rehabilitert overvannsledningar under jernbanelinja i dette området aug 2025. Vi reknar med å bruke skjønnsmidlar til dette arbeidet.

Personalkjøkken Nedre Ål skule

Avgrensingar både når det gjeld vatn, straum og kapasitet i høve til talet på tilsette; dette er i dag eit hybelkjøkken som skal nyttast av 70 medarbeidarar. Dette er langt utanfor Arbeidstilsynet sine tilrådingar.

Prestegardsjordet- avd.miljøterapi

Nytt bustadbygg med åtte leilegheiter vart ferdigstilt i 2026. Bodar blir bygd vinteren 26/27. Det blir truleg nokre mindre utgifter i 2027.

Rehabilitering vatn/kloakk

Det er behov for investeringar i åra framover i samsvar med Hovudplan for vatn og avløp. Posten synleggjer eit behov, men beløpet må overførast til konkrete prosjekt når dette blir aktuelt.

Renovere bad Stugu (16 rom a 250')

Bad på pasientrom blir utbetra når rom blir ledige. Toalett og vaskar må skiftast ut. Det blir også montert skåp og gjennomført utbetring av veggplater.

Renovering av leilighetar Brattebakken

Seks av sju leilegheiter i Brattebakken 8 er under renovering. Det er ikkje veldig mykje arbeid att, og det kan nyttast eigen arbeidskraft. Men det er behov for nokre friske midlar for innkjøp av materialar, i første omgang for veranda.

Renovering Stavin 12

Det blir gjennomført ein oppgradering av leilegheitene i Stavin 12. Dette gjeld i stor grad ENØK-tiltak med etterisolering og nye vindauge. Mykje av arbeidet er teke på driftsbudsjettet, og blir utført med eige mannskap. Denne tildelinga vil gje rom for å avslutte prosjektet og få leilegheitene klare for utleige.

Røysevegen

Røysevegen er i dårleg forfatning og har behov for fresing og nytt asfaltdekke.

Sambinding gangstig Stasjonsvegen - Sundrejordet - Kulturhustorget

Det er gjort avtale om at Ål kommune skal bidra for etablering av gangvegen nord for Ål Sentrumpark. Ein del av dette blir utført i 2026. Resten blir avventa litt for å samordne med andre tiltak i sentrum.

Sikringstiltak Hellinggrove og Stavegrove

Utbetringar etter uveret Hans. Tildelt støtte frå mellom anna NVE.

Sikringstiltak Leksvol

Sak 2025/1708. Kostnad på 3 288 000 kr. Tilskot på 2 959 200 kr. Resterande 10% er 328 800, og denne må nok Ål kommune ta sjølv.

Sikringstiltak sentrum – bekk 1,2 og 3

Det er søkt om støtte frå NVE til sikring av bekk 1, 2 og 3 i Ål sentrum. NVE har innvilga støtte og fordeling av eigenandelar er avklara politisk. Noko av eigenandelen ligg på Ål kommune. Arbeidet er planlagt utført i 2027.

Sireåne Bustadfelt

Arbeid med regulering av nytt foreslått bustadfelt.

Sireåne Bustadfelt

Arbeid med regulering av nytt foreslått bustadfelt.

Skattebøl skule - bruksendring til barnehage

Ved endring av bruk frå skule til barnehage er det behov for ein bruksendring med samtykke frå Arbeidstilsynet. Slikt samtykke er no på plass. Det er engasjert prosjekterande (arkitekt, brann, ventilasjon m.m.). Truleg kan vi nytte eigne ressursar for utføringsarbeidet.

Stavin drenering rundt nr. 7,9,11 og 12 og nytt vass- og avløp

Dette er ein nødvendig utbetring av vassforsyning og drenering på Stavin. Ved oppføring av nytt bystadbygg vart det forutsett betre sløkkevatn. Dette blir no gjennomført. Det er gjort avtale med Turhus AS for dette prosjektet. Prosjektet er for ein stor del ferdig med tidlegare tildelte midlar. Det er behov for ein ekstra løyving for 2027 til ferdigstilling.

Stikkrenner og vegar Hellinggrove og Stavegrove - skjønnsmidlar - NVE og BFK

Utbetringar etter uveret Hans. Buskerud fylkeskommune bidreg med kostnadar med fylkesveg.

Tak idrettshallen

Her er det signalisert eit behov for nytt tak, men det er truleg tilstrekkeleg med nokre mindre utbetringar.

Tappepunkt brannvatn Oppheim

Det er gjort ein vurdering av tilgang til sløkkevatn i Ål kommune. Eitt av dei anbefalte tiltaka er å etablere eit fyllepunkt for brannbilar i Opheim som kan nyttast for brann på gardane i området og på Opheimsåsen. Ein aktuell plassering er funne.

Tilkomst Stavevegen-Sundrevegen

Tilkomsten opp trappa frå Stavin og rett inn i Sundrevegen blir oppfatta som trafikkfarleg. Særleg om vinteren når det er brøytekantar og mindre oversikt. Forslaget går på å lage ein gangveg på om lag 40 m og unngå trapp. Dette vil også forenkle snørydding.

Tiltak for å redusere radon i utleigebygg

Det blir gjennomført radonmåling i alle utleigebustader. Det er behov for radonreduserande tiltak ein del stader, og OK ventilasjon tek denne jobben vinteren 26/27. Generelt gjeld dette etablering av radonsug under golvet.

Tiltak i sentrum etter GNIST-prosjektet

GNIST-prosjektet har gitt tilrådingar for utvikling av sentrumsområdet. Det blir arbeidd vidare for å omgjere dette til konkrete prosjekt. For 2027 er det mest aktuelt å engasjere bistand for å prosjektere tiltak i sentrum. Så blir det truleg behov for større tildeling seinare. Nokon tiltak blir ikkje godkjent som investering og må dekkjast over driftsbudsjettet.

Trafikksikring/Trafikk

Oppfølging av vedteke trafikktryggingsplan.

Utelager Oppsjø

Det er oppført eit tilbygg til verkstadbygget med lager mot nord og vest. Dette er no teke i bruk, men det manglar portar. Det er innhenta pris på portar mot sør i vestre del av tilbygget.

Uteområde Nedre Ål skule

Prosjektet er eigentleg ferdig, men det gjenstår noko gjerde.

Utskifting av lysarmatur til LED

Eldre lysarmatur må byttast til LED. Det er vanskeleg å få tak i lyspærer og reservedelar når noko ryk. Ein del er alt skifta ut, men det gjenstår mykje. Planen er å ta dette stegvis gjennom nokre år.

Utskifting av maskiner veg og park

Det er naudsynt med fornying av teknisk utstyr for å oppretthalde beredskaps- og vedlikehaldsnivået.

For 2027 er det eit ynskje å kjøpe inn eit nytt og meir solid skjær til hjullastaren for snøbrøyting.

Utskifting av ein eldre gravemaskin med ein nyare brukt blir utsett til 2028.

Dersom Ål kommune skal ha veghøvel bør denne byttast ut i 2029 til ein nyare. Veg og park har god nytte av veghøvel ikkje minst for å oppnå sikrare vegar på vinterstid. Høvelen blir også til ein viss grad nytta til leigekøyring for nabokommunane.

Utskifting maskiner reinhald

10 av totalt 18 vaskemaskiner er bytta ut i 2025 (6 maskiner) og 2026 (4 vaskemaskiner, inkl. nye barrieremaskiner til helsetunet).

Takt på resterande utskiftingsbehov av vaskemaskiner ser no slik ut pr. d.d.:

2027: 5 vaskemaskiner - sum kr. 300 000 som vist i tidlegare økonomiplan

2028: 3 vaskemaskiner - sum kr. 260 000 som vist i tidlegare økonomiplan

I total sum investering pr. år ligg det i tillegg att ein viss sum til utskifting av reinhaldmaskiner for 2026-2027:

2026: kr. 677 000 (inkl. automatisert golvvaskemaskin til Ål Idrettshall)
2027: kr. 375 000

Nye investeringsbehov 2027

Reinhaldsmaskiner (utskifting/oppgradering) kr. 270 000

Sensorteknologi kr. 300 000 (verktøy for effektivisering til meir behovsstyrt reinhald)

Tidlegare økonomiplan for 2027: kr. 675 000

Nye investeringsbehov for 2027: kr. 570 000

Sum investering for 2027: kr. 1 245 000

Utstyr/leikeapparat på uteområde skular og barnehagar

Det er stort etterslep ift vedlikehald og utskifting utstyr ved alle skoler og barnehagar.

Ventilasjon kulturhuset

Det er fem ventilasjonsanlegg i Ål kulturhus. Eitt av dei er ca 20 år og dei fire andre er eldre. Etter kvart vil dei krevje meir vedlikehald og tilsyn for å fungere akseptabelt. Ventilasjonen fungerer dårleg i kontordelen. Nye aggregat vil også ha betre varmegjenvinning og dermed vere energisparande.

Dette er ein plan for utbetringar framover:

1. Tette att og isolere hol i gavl-vegg. Isolering av tilluft-kanal for 360.02 Veslesalen kan vurderast utført samtidig. - 2026
2. Skifte lager på Anlegg for Trugeholu, er bestilt. - 2026
3. Kontrollere/innregulere anlegg 360.04 Kontoravdeling - 2027
4. Skifte ut anlegg 360.01 -02 og 03 (Storesal, Veslesal, Nesch m.m.) - 2028
5. Skifte ut anlegg 360.04 for kontor og delar av u.etg. - 2030
6. Skifte anlegget for Trugeholu. - 2032

Øvre Hago

Her er det gjennomført ein utbetring av vegen men det manglar asfaltering i påvente av eit VA-prosjekt som vil krysse vegen. Det har vore ein prisauke også på asfaltering dei siste åra.

Ål helsetun - forprosjekt omsorgsbustader-basseng

Det er gjennomført eit forprosjekt i 2024 som peika på at Ål kommune må etablere fleire sjukeheimplassar. Etter oppkjøp av Familiens hus vart det i 2026 laga eit nytt forprosjekt og det vart her antyda at behovet for nye sjukeheimplassar er noko mindre presserande. Planen er å byggje om Familiens hus først og parallelt arbeide med eit nytt forprosjekt for Ål helsesenter i 2027. Det er engasjert prosjektleiar frå Norconsult i tillegg til rådgjevande ingeniørar.

Ål kulturhus utbygging

Det er påvist vesentlege feil og manglar etter utbygginga av kulturhuset, m.a. når det gjeld branntryggleik. Dette må utbetrast for å få ferdigattest og avslutte byggesaka.

Ål ungdomsskule - funksjonelle rom

Ål ungdomsskule er bygd med opne undervisningsrom (baseløysing). Dette gir utfordrande læringsmiljø på grunn av mykje trafikk forbi der elevane har undervisning. For elevar som er lydsensitive eller har utfordringar med konsentrasjon er dette veldig uheldig. Vi er og i ein prosess der vi går frå å vere 3 til 2 klassar på trinna. Den eine basen vår er ikkje bygd for klassar større enn omkring 16 elevar; derfor treng vi å gjera endringar her for at vi skal kunne ha 3 trinn med 2 klassar om 2 år.

I samråd med byggforvaltning tilrår vi ei løysing med halvveggar og utan dører. Tette veggar og inndeling klasserom ville gitt behov for å oppgradere både i forhold til ventilasjon og brann, med ein heilt annan kostnad.

Vatn, avløp og renovasjon - sjølvkost

Avløpsleidning Stavevegen/Solhov - skjønnsmidlar

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ein meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Avløpsleidning Øvre Hago - skjønnsmidlar

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ein meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Avløpsleidning Øvre-Ålsvegen - skjønnsmidlar

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ein meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

ENØK Torpo vassverk

Installering av luft-luft varmepumpe for å redusere strømforbruket.

Klokkarbakken utbetring avløpsleidning

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ein meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Ny brønn Gunnarhaugen vassverk

Vi vil undersøke et nytt område for etablering av grunnvannsbrønner på grunn av vannkvalitet.

Rehabilitering ledning VA Myrovegen

VA-grøfta mellom Myrovegen og Rv 7 vart påført skadar under ekstremværet Hans. Vannleidningen ligg i same grøft og må difor handterast på same tid. I begge ender må leidningen senkast som følgje av justeringar i bekker og stikkrenner. Mykje av tiltaket vil truleg finansierast med skjønnsmidlar.

Rehabilitering ledning VA Myrovegen

VA-grøfta mellom Myrovegen og Rv 7 vart påført skadar under ekstremværet Hans. Vannleidningen ligg i same grøft og må difor handterast på same tid. I begge ender må leidningen senkast som følgje av justeringar i bekker og stikkrenner. Mykje av tiltaket vil truleg finansierast med skjønnsmidlar.

Rehabilitering vatn/kloakk

Det er behov for investeringar i åra framover i samsvar med Hovudplan for vatn og avløp. Posten synleggjer eit behov, men beløpet må overførast til konkrete prosjekt når dette blir aktuelt.

Rehabilitering vatn/kloakk

Det er behov for investeringar i åra framover i samsvar med Hovudplan for vatn og avløp. Posten synleggjer eit behov, men beløpet må overførast til konkrete prosjekt når dette blir aktuelt.

Renovasjonspunkt Sangefjell

Vi arbeider med å finne et passande sted for etablering av miljøstasjon.

Renovasjonspunkt Vestlia

Vi arbeider med å finne et passande sted for etablering av miljøstasjon.

Returpunkt Liatoppen

Det er funne ein høveleg plass for miljøstasjon ved Liatoppen.

Vassleidning Bergstien (sikringstiltak bekk 1,2 og 3)

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ein meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Vassleidning Stavevegen/Solhov

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ein meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Vassleidning Øvre Hago

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ein meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Vassleidning Øvre-Ålsvegen

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert

opna, oppnår kommunen ein meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2027	2028	2029	2030
Investeringer i varige driftsmidler	84 620	94 765	77 850	6 000
Tilskudd til andres investeringer	1 450	2 000	2 000	2 000
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	2 000	2 000	2 000	2 000
Sum finansieringsbehov	**88 070**	**98 765**	**81 850**	**10 000**
Kompensasjon for merverdiavgift	-12 094	-15 873	-13 370	-100
Tilskudd fra andre	-15 250	-5 850	0	0
Bruk av lån	-23 526	-75 042	-66 480	-7 900
Vidareutlån	5 000	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	-5 000	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	2 000	0	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-2 000	0	0	0
Overføring frå drift	-37 200	-2 000	-2 000	-2 000
Sum finansiering	**-88 070**	**-98 765**	**-81 850**	**-10 000**
Sum finansieringsbehov	**88 070**	**98 765**	**81 850**	**10 000**
Sum finansiering	**-88 070**	**-98 765**	**-81 850**	**-10 000**
Udekt finansiering	**0**	**0**	**0**	**0**

Budsjettforslaget for 2027 legg opp til låneopptak (i heile 1000):



(i 1000)	2027	2028	2029	2030
Bruk av lån	23 526	75 362	66 800	7 900

Det er simulert låneopptak i tråd med økonomiplanen. På grunnlag av dette er det berekna renter og avdrag i økonomiplanperioden 2027–2030. Storleiken på investeringane er meir usikker lenger ut i perioden. Erfaring frå tidlegare år viser at ein del prosjekt blir skyvde ut i tid. Dette vil igjen påverke finanskostnadene.

Investeringar innafor sjølvkost i 2027 har ein kostnadsramme på kr 25 650 000,-, finansier med eksterne midlar på kr 9 200 000,- og låneopptak på kr 16 450 000,-.

Forventa effektiv rente ligg mellom 5,370 % og 5,510 % per oktober 2026. Det er framleis forventningar i marknaden, jf. Kommunalbanken, om at renta skal gå noko ned. Dei siste åra har renta likevel vorte sett opp i staden.



Tabellen ovafor syner forventa rentebane fram i tid.

- NIBOR står for **Norwegian Interbank Offered Rate** og er ei fellesnemning for pengemarknadsrenter i norske kroner med ulike løpetider (1 veke, 1 månad, 2 månader, 3 månader og 6 månader).

Utvikling lånegjeld i økonomiplanperioden i mill. kr



År	2027	2028	2029	2030	2031
Simulerte lån	60,33	129,04	187,40	182,60	177,40
Eksisterande lån	288,45	275,51	262,57	249,63	236,72
Sum gjeld per 31.12. i mill. kr	**348,78**	**404,55**	**449,97**	**432,23**	**414,12**

Hovudtala i budsjettforslaget

Anslag på demografikostnader

Det er anslått ein vekst i demografikostnadene i kommunesektoren på om lag 3,7 milliardar i 2027-kroner. Av dette var om lag 3 mrd. kroner knytte til tenester som blir finansiert gjennom dei frie inntektene.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) oppdaterte anslaget for demografikostnadene i juni 2026. I det oppdaterte anslaget er demografikostnadene som må dekkast av dei frie inntektene, redusert til 2,7 mrd. kroner. Dette er 0,3 mrd. kroner lågare enn anslaget i kommuneproposisjonen for 2027 og har ein samanheng med lågare framkomst av flyktningar. Auken i demografikostnadene er fordelt med 2,2 mrd. kroner på kommunane og 0,5 mrd. kroner på fylkeskommunane.

Vi minner kommunane om at når kommunane blir kompenserte for demografiske endringar, er dette eit nettoanslag som bygger på at ressursane blir omstilt i takt med befolkningsutviklinga. I dette ligg at reduserte behov på nokre tenesteområde må frigjere ressursar som kan nyttast på område der behova aukar. Det er derfor nettokostnaden av demografiutviklinga som blir kompensert, ikkje dei samla meirutgiftene.

Anslag på pensjonskostnader

I kommuneproposisjonen for 2026 blei det varsla at departementet tek sikte på ei gradvis justering av berekningsføresetnadene for pensjonskostnadene i åra framover. Målet er at pensjonskostnadene, gjennom meir treffsikre anslag, over tid skal reflektere nivået på pensjonspremiane. På sikt blir forventa dette å bidra til reduserte premieavvik og dermed styrke likviditeten i kommunesektoren.

Det er særleg forholdet mellom diskonteringsrenta og lønnsveksten som har betydning for nivået på pensjonskostnadene. For 2026 blei forholdstalet redusert frå 1,00 til 0,88. I juni sende departementet ut rundskriv H-2/26 *Berekningsføresetnader for pensjonskostnadene i rekneskapsåret 2027.* I rundskrivet blei det fastsett at det såkalla forholdstalet mellom diskonteringsrente og lønnsvekst blir redusert vidare frå 0,88 til 0,75.

Dette vil medføre ein auke i dei rekneskapsmessige pensjonskostnadene. Det er teke omsyn til denne kostnadsauken i anslaget for den kommunale deflatoren for 2027. Samtidig blir det lagt til grunn at alt overskot som blir førte tilbake til premiefonda i 2026, nyttast til å betale pensjonspremiar.

Ål kommune nyttar avkastninga frå premiefondet i KLP med beløp over 80 mill. kr. for fellesordninga og alt over 10 mill. kr for sjukepleiarordninga. I budsjett 2027 utgjer dette eit frådrag på pensjonskostnadane på 11,8 mill. kr.

Dei totale pensjonskostnadane i KLP minus arbeidstakars andel på 2% er på kr 69 976 000,-. For SPK kr 6 125 047,-.

Vekst i frie inntekter

Regjeringa foreslår ein realvekst i dei frie inntektene på 3,2 mrd. kroner i 2027. Veksten kjem på toppen av kompensasjon for pris- og lønnsvekst og oppgåveendringar, som utgjer 22 mrd. kroner i 2027.

Samtidig minner vi om den betydelege tilførselen av midlar til auka handlingsrom i perioden 2024–2026 på 21 mrd. kroner.

Den føreslådde inntektsveksten for 2027 gir eit handlingsrom på om lag 0,5 mrd. kroner. I tråd med signala i kommuneproposisjonen foreslår regjeringa at 80 prosent av handlingsrommet går til kommunane og 20 prosent fylkeskommunane. Dette tilsvara ein vekst i frie inntekter på høvesvis 2,6 mrd. kroner og 0,6 mrd. kroner. Innanfor kommunane sin andel er 80 mill. kroner grunngav med opptrappingsplanen for psykisk helse.

Mange kommunar og fylkeskommunar opplever framleis den økonomiske situasjonen som krevjande. Samtidig blei kommuneøkonomien vesentleg styrkt i 2025. Realveksten i dei frie inntektene frå 2024 til 2025, utover meirkostnader til demografi og pensjon, blir anslått til om lag 18 mrd. kroner. Netto driftsresultat for kommunesektoren auka frå 0,1 prosent i 2024 til 2,6 prosent i 2025, som er over TBUs anbefalte nivå på 2 prosent over tid.

Det er samtidig viktig å understreke at dei økonomiske føresetnadene varierer betydeleg mellom kommunane. Mens enkelte kommunar har eit visst økonomisk handlingsrom, står andre framleis overfor betydelege økonomiske utfordringar.

Regjeringa understrekar at kommunar og fylkeskommunar har eit sjølvstendig ansvar for å tilpasse aktivitetsnivået til inntektsrammene gjennom prioriteringar, nødvendig omstilling og god økonomistyring. Kommunane kan ut frå lokale behov nytte handlingsrommet til å styrke den økonomiske balansen eller vidareutvikle tenestetilbodet. Tidleg omstilling og langsiktig økonomistyring er avgjerande for å sikre ein berekraftig økonomi og gode tenester over tid.

Anslag vekst i rekneskap 2026-2027



Anslag for korrigerte frie inntekter i 2026 er på 440,7 mill. kroner, medan anslaget for frie inntekter i 2027 er på 460,7 mill. kroner. Ål kommune får ein vekst på 4,5 prosent. Dette er om lag «midt på treet» samanlikna med resten av landet.

Deflator

Pris og lønnsvekst for kommunesektoren for 2026 og 2027 er anslått til 4,0 pst. og 3,8 pst. Dekomponeringen og vektinga følger av tabellen under, både med og utan bidrag frå pensjon.

	2026	2027
Lønnsvekst inkl. pensjon	3,5 pst.	4,5 pst.
Lønnsvekst	*4,4 pst.*	*4,0 pst.*
Bidrag fra merkostnader pensjon	*-0,9 pst.*	*0,5 pst.*
Prisvekst kjøp av varer og tjenester	4,8 pst.	2,9 pst.
Lønnsandel	59 pst.	59 pst.
Deflator	**4,0 pst.**	**3,8 pst.**
Deflator uten bidrag fra pensjon	4,6 pst.	3,6 pst.

Skatteøyren

Den kommunale skattøyren angir kva andel av skatten på alminneleg inntekt frå personlege skattytarar som går til kommunesektoren.

I kommuneproposisjonen for 2027 varsla regjeringa at dei kommunale og fylkeskommunale skattørene skulle fastsettast med sikte på at skatteinntektene (inkludert eigedomsskatt) skulle utgjere om lag 40 pst. av dei samla inntektene i kommunesektoren.

Anslaget for skatteinntektene i kommunesektoren i 2027 bygger blant anna på ein sysselsettingsvekst på 0,3 pst. og ein årslønnsvekst på 4,0 pst. frå 2026 til 2027.

	2026	2027	Endring
Kommunene	11,35 pst.	13,40 pst.	2,05
Fylkeskommunene	2,40 pst.	2,85 pst.	0,45

I Prop. 1 LS (2026–2027) Skatter og avgifter 2027oreslås det at den kommunale skattøyren settast til 13,40 pst

Avsluttande råd frå Statsforvaltaren:

- Langsiktig økonomisk planlegging
- Budsjettbalanse som eit minimum
    - Gjennom reelle prioriteringar
- Bygg opp bufferkapasitet
- Invester klokt
- Følg med på gjeld og renteutgifter
- Effektiv tenesteproduksjon

*Kilde: Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

				Økonomiplan			
	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	Rev. bud. i fjor 2026	2027	2028	2029	2030
Rammetilskot	-208 047	-217 638	-220 638	-227 054	-227 076	-227 959	-227 959
Inntekts- og formuesskatt	-186 703	-212 871	-212 871	-233 605	-233 605	-233 605	-233 605
Eigedomsskatt	-38 572	-38 202	-37 612	-39 690	-39 690	-39 690	-39 690
Andre generelle driftsinntekter	-23 030	-18 250	-18 250	-21 418	-21 418	-21 418	-21 418
Andre statlege overføringar	-28 631	-31 205	-27 405	-21 129	-21 129	-21 129	-21 129
Sum frie inntekter	**-484 982**	**-518 166**	**-516 776**	**-542 896**	**-542 918**	**-543 801**	**-543 801**

Frie inntekter

Frie inntekter består av skatteinntekter og rammetilskot frå staten. Regjeringa utarbeider prognosar for skatteanslag og rammetilskot i samband med statsbudsjettet. Ved utrekning av rammetilskotet legg staten til grunn ulike kriterium for fordeling mellom kommunane, der kommunen får eit fast beløp per innbyggjar. I 2027 er dette beløpet kr 36 443. For Ål sin del utgjer det samla tilskotet kr 177 515 375,- (grunnlag på 4 871 innbyggjarar), før desse midlane på nytt blir omfordelte mellom alle kommunane i landet gjennom det som blir kalla utgiftsutjamning. I denne utjamninga får innbyggjarane ulik utteljing etter ei fastsett vekting.

Anslag for frie inntekter i statsbudsjettet for 2027 er på kr 460 659 592,- Dette inneber ein nominell vekst frå 2026 til 2027 på 4,5 prosent. Dette er 0,4 prosentpoeng lågare enn landsgjennomsnittet. Anslaget er fordelt slik: Rammetilskot veks med kr 5 535 000,- og skatt med kr 20 734 000,-.

Veksten i frie inntekter er rekna ut på grunnlag av anslag på rekneskapen for 2026.

Rammetilskot

Av dei samla frie inntektene utgjer rammetilskotet kr 227 054 000,-,. Inkludert i rammetilskotet er eit distriktstilskot for Sør-Noreg på 5,3 mill. kr. Dette tilskotet gjes til kommunar med svak samfunnsmessig utvikling. Tildelinga målar graden av distriktsutfordringar i ein kommune og består av ulike indikatorar som målar forskjellar i geografi, demografi, sysselsetting og næringsstruktur.

Skatteinntekter

Sidan vi ikkje kjenner dei endelege skatteinntektene for 2027 før i januar 2028, er det gjort eit anslag på kor store skatteinntektene for 2027 vil vere. I anslaget er det teke utgangspunkt i nivået på skatteinntektene i 2025. For kvar einskild kommune er skatteanslaget for 2027 deretter framskrive i tråd med veksten i det samla skatteanslaget. Det inneber at det vert lagt til grunn ein lik skattevekst per innbyggjar, med same fordeling som i 2025.

Skatteinntektene for 2027 er anslått til kr 233 605 592,-. Sidan dei endelege skatteinntektene for 2026 ikkje er kjende før i januar 2027, er det gjort eit anslag over kor store skatteinntektene for 2026 vil bli. Det blir derfor presisert at det oppgjevne nivået på frie inntekter er eit anslag.

I budsjettarbeidet for 2027 er det teke utgangspunkt i dei frie inntektene som er lagde til grunn i statsbudsjettet for 2027.

Tilskudd med særskilt fordeling **5 094 000 kr**

Tilskudd med særskilt fordeling

Noen enkeltsaker fordeles ikke etter inntektssystemets ordinære kriterier, men gis en særskilt fordeling. For mer informasjon om hver enkelt sak, se tabell C-k i Grønt hefte.

Tilskudd med særskilt fordeling for Ål kommune:

Enkeltsaker	Fordeling beløp
Inndelingstilskudd	0 kr
Helsestasjon/skolehelsetjeneste	953 000 kr
Tilbakeføring av halvparten av fordelingsvirkningen av nedvekting av PU-kriteriet	−630 000 kr
Fri barnehage i tiltakssonen i Troms og Finnmark	0 kr
Grunnskoletilskudd	2 422 000 kr
Redusert maksimalpris i barnehagen i kommuner med sentralitet 5 og 6	1 022 000 kr
Kompensasjon for endringer i inntektssystemet og toppfinansieringsordningen og særskilt tapskompensasjon	0 kr
Vekst i frie inntekter fordelt etter inntektsnivå	1 327 000 kr
Særskilte saker enkeltkommuner	0 kr
Sum Ål kommune	**5 094 000 kr**

Eigedomsskatt

- Eigedomsskatten er rekna ut i frå 2 ‰ på bustader og fritidsbustader og 7 ‰ på næringseigedomar.

Budsjettet for 2027 legg opp til inntekter frå eigedomsskatt på bustader på kr 4 069 000,- og frå fritidsbustader på kr 6 016 000,-. Eigedomsskatten frå kraftverk er halden uendra på kr 22 000 000,-, sidan kommunen ikkje får nytt skattegrunnlag frå Skatteetaten før i byrjinga av desember. Samla inntekt frå eigedomsskatt er budsjettert til kr 39 180 000.

I 2026 var det ti år sidan den ordinære takseringa for eigedomsskatt vart gjennomført. Det er derfor vedteke å gjennomføre ei kontorjustering i 2027 i påvente av ny taksering. Budsjettframlegget tek

utgangspunkt i ei auke i eigedomsskattegrunnlaget for bustader og fritidsbustader på 5% etter kontorjusteringa er gjennomført. Dette utgjer ei auke på kr 850 000,-.

Andre generelle driftsinntekter

- Andre generelle driftsinntekter er fordel slik:
- Naturressursskatt 12,6 mill. kr, auka med kr 2 368 000,- frå 2026
- Konsesjonsavgift 8,8 mill. kr, auka med kr 800 000,- frå 2026

Andre generelle driftsinntekter er auka med utgangspunkt i rekneskapen for 2025. Desse inntektene kjem ikkje før i desember, og difor er tala for 2026 enno ikkje kjende. Det er budsjettert med ein auke i konsesjonsavgiftene på 0,8 mill. kr og naturressursskatten er auka frå 10,2 mill. kr i 2026 til 12,6 mill. kr i 2027.

Andre statlege overføringar

Ål kommune får oppmoding om busetjing av flyktningar i november, og saka om busetjing kjem truleg opp til behandling i kommunestyret i januar 2027.

Administrasjonen har derfor lagt inn eit anslag på 20 personar, i tillegg til éin til to einslege mindreårige. Tilskot frå IMDI er budsjettert med 20 mill. Sidan det ikkje er asylmottak i kommunen på noverande tidspunkt, og det er venta færre flyktningar enn det regjeringa tidlegare la til grunn, har administrasjonen redusert budsjettet til 21,1 mill. kr. totalt.

Rentekompensasjon frå Husbanken er uendra frå 2026 med kr 1 129 000,-.

Vurdering av den økonomiske utviklinga – brutto og nettodriftsresultat

		Økonomiplan			
	Budsjett 2026	2027	2028	2029	2030
Sum inntekter	-793 136	-820 817	-819 053	-819 935	-819 935
Sum utgifter	863 708	888 085	881 160	879 797	878 947
Brutto resultat	**70 572**	**67 267**	**62 106**	**59 861**	**59 011**
Netto finansutgifter og inntekter	-40 497	-41 337	-39 609	-30 774	-25 826
Motpost avskrivinger	-37 227	-39 649	-39 649	-39 649	-39 649
Netto resultat	**-7 152**	**-13 718**	**-17 151**	**-10 561**	**-6 463**
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	7 152	13 718	17 151	10 561	6 463
Årsresultat	**0**	**-0**	**-0**	**-0**	**-0**
Netto resultat i prosent av sum inntekter	0,9 %	1,7 %	2,1 %	1,3 %	0,8 %

Budsjett 2027 er lagt fram med eit negativt brutto driftsresultat på 67,3 mill. kr. Dette er ein nedgang frå budsjett 2026 på 3,3 mill. kr. Denne summen inkluderer nesten 40 mill. kr i kostnadar til avskrivingar. Dette inneberer at driftskostnadane er 27,6 mill. høgare enn inntektene før finansutgifter og inntekter

tas med. Netto finansinntekter er på 41,3 mill. kr, ved fråtrekk av desse får vi eit positivt netto driftsresultat på 13,7 mill. kr, som er ein betring frå 2026 med 6,6 mill. kr.

Driftsutgifter per tenesteområde (1B)

Beløp i 1000

				Økonomiplan			
	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	Rev. bud. i fjor 2026	2027	2028	2029	2030
Sentraladministrasjon	60 570	61 363	62 412	69 104	66 682	66 018	66 018
Oppvekst	180 971	173 052	176 835	175 517	165 771	165 771	165 771
Helse og omsorg	239 914	220 129	224 451	220 909	230 370	230 342	230 342
Kultur	15 194	16 137	16 773	16 272	15 920	15 920	15 920
Drift og utvikling	85 311	72 432	74 968	77 057	76 477	75 807	74 957
Vatn, avløp og renovasjon - sjølvkost	-19 760	-12 606	-12 581	-12 987	-12 987	-12 987	-12 987
Interkommunale tenester	10 104	8 522	10 133	8 811	7 311	7 311	7 311
Finans	35 250	63 290	51 277	61 655	61 655	61 655	61 655
Driftsutgifter per tenesteområde	**607 553**	**602 318**	**604 267**	**616 338**	**611 199**	**609 837**	**608 987**

Budsjett er stramt for fleire av sektorane, budsjettet er laga med eit mål om å absorbere løns -og prisvekst for 2027, med einskilde unntak for spesielt drift -og utvikling. Men noko justering må til utover det sektorane kan ta igjen i innsparingar. Spesielt for sentraladministrasjonen er auka innafor barnevern og IKT Hallingdal. Det er også sett av midlar til gjennomføring av utviklingsarbeid.

Under område for finans ligg det ein stor auke i pensjonskostnadar på 15,8 mill. kr og avsetting av ein pott til lønsoppgjeret for 2027. I beløpet for pensjonskostnadar ligg det ein korreksjon av eit positivt premieavvik på 12 mill. kr som ble lagt inn i budsjett 2019. Det positive premieavviket fungerer som eit frådrag i budsjetterte pensjonskostnadar og sidan rekningane på pensjon kjem frå KLP uansett skapar dette eit stort negativt avvik mellom rekneskapen og budsjettet.

Det er meir detaljerte oversikter over endringar med kommentarar under kvar sektor.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

				Økonomiplan			
	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	Rev. bud. i fjor 2026	2027	2028	2029	2030
Renteinntekter	-14 899	-13 530	-13 530	-15 500	-15 500	-15 500	-15 500
Utbytter	-123 519	-55 250	-81 950	-58 400	-58 400	-58 400	-58 400
Renteutgifter	18 992	15 454	17 454	17 707	18 937	26 344	29 828
Avdrag på lån	11 904	12 965	15 565	16 522	17 020	18 448	19 912
Netto finansinntekter/finansutgifter	**-107 521**	**-40 361**	**-62 461**	**-39 671**	**-37 943**	**-29 108**	**-24 160**
Finansutgifter i tenesteområda	-1 218	-136	-136	-1 666	-1 666	-1 666	-1 666
Totale finansutgifter	**-108 739**	**-40 497**	**-62 597**	**-41 337**	**-39 609**	**-30 774**	**-25 826**

				Økonomiplan			
	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	Rev. bud. i fjor 2026	2027	2028	2029	2030
Motpost avskrivingar	-37 225	-37 227	-37 227	-37 227	-37 227	-37 227	-37 227

Renteinntekter

Renteinntektene er oppjustert med 1,97 mill. kr frå opprinneleg budsjett 2026 til 15,5 mill. kr i 2027. Renteinntektene er alltid usikre, men på grunnlag av rekneskapen for 2025 og per 3. kvartal 2026 meiner administrasjonen at det er sannsynleg med ein markant auke.

Utbytter

Utbytte er fordelt slik:

- Ål kraftverk KF 58 mill. kr
- Vardar 1 mill. kr
- Gjensidige 0,4 mill. kr

Kraftinntekter i perioden 2028 til 2027



*R= rekneskap og B=budsjett

Renteutgifter



Periode	Rentekostnader inkl. derivat, refin. & simulering	Rentekostnader laupande lån & derivat	Rentekostnad simulerte lån
2027	21.073.571	18.880.607	2.192.964
2028	21.587.470	17.976.132	3.611.337
2029	23.288.523	16.245.673	7.042.850
2030	24.016.290	14.675.594	9.340.696

Tabellen og diagrammet nedanfor viser endring (rentesensitivitet) i rentekostnader dersom den flytande renta aukar med 1 % (100bp). Rentekostnadene inkluderer effekten av eventuelle derivat, forventa refinansieringar og simulerte nye låneopptak i porteføljen.

Periode	Rentekostnad	Rentekostnad +1 %	Andel økning renterisiko 1%
2026	17.886.657	18.072.466	185.809
2027	21.073.571	24.514.092	3.440.521
2028	21.587.470	25.302.121	3.714.651
2029	23.288.523	27.511.362	4.222.840
2030	24.016.290	28.574.267	4.557.977
2031	22.248.441	26.594.764	4.346.323
2032	21.052.411	25.205.965	4.153.553
2033	19.938.115	23.884.727	3.946.612
2034	18.947.016	22.700.523	3.753.506
2035	17.940.643	21.500.680	3.560.036

Tabellen og diagrammet nedanfor viser endring (rentesensitivitet) i rentekostnader dersom den flytande renta aukar med 1 % (100bp). Rentekostnadene inkluderer effekten av eventuelle derivat, forventa refinansieringar og simulerte nye låneopptak i porteføljen.



Avdrag på lån



Grafen ovanfor viser framtidig låneopptak i tråd med økonomiplanen for 2027-2030.

Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

				Økonomiplan			
	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	Rev. bud. i fjor 2026	2027	2028	2029	2030
Overføring til investering	85 502	41 199	43 169	37 400	2 000	2 000	2 000
Bruk av bundne driftsfond	-43 619	-49 730	-52 167	-18 960	-5 560	-5 560	-5 560
Bruk av disposisjonsfond	-20 245	0	-2 682	-25 500	0	-0	-253
Avsetningar til bundne driftsfond	-833	0	0	0	0	0	0
Avsetting til bundne driftsfond	674	935	935	14	14	14	14
Avsetting til disposisjonsfond	650	1 032	22 942	10 502	10 434	3 845	-0
Netto avsetningar	**22 129**	**-6 564**	**12 197**	**3 455**	**6 888**	**298**	**-3 800**
Netto avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	10 777	13 716	13 716	10 263	10 263	10 263	10 263
Totale avsetningar	**32 906**	**7 152**	**25 913**	**13 718**	**17 151**	**10 561**	**6 463**

Overføring til investering

Posten overføring til investering består av 22 mill. kr til ombygging av Familiens hus, 13,4 mill. kr skjønsmiddel etter Hans, 2 mill. eigenkapital innskot KLP.

Bruk av disposisjonsfond

Bruk av disposisjonsfond inneheld bruk av utbyggingsfondet med 22 mill. kr for ombygging av Familiens hus. 2 mill. kr til eigenkapitalinnskot i KLP og 1,5 mill. til ENØK tilskot utbetalt av Ål kraftverk KF.

Disposisjonsfond	
Inngåande balanse 01.01.26	**95 812 269**
Politiske saker vedr. endring	20 003 000
Saldo budsjett per 22.10.26	115 815 269
Bruk 2027	-3 500 318
Avsetjing 2027	10 501 810
Saldo budsjett 2027	**122 816 761**

Næringsfond og jordbruksfond

Bruk av næringsfond 2027

Art	Ansvar	Teneste	Prosjekt	Beløp 2027	Kommentar
19501	9011	3291	231	-150 000	Utmarksoppsyn
19501	9011	3861	396	-100 000	Landsdelsscene for dans
19501	9011	3253	901	-1 700 000	Ål utvikling
19501	9011	3252	903	-1 200 000	Næringstilskot
19501	9011	3252	903	-200 000	Sentrumsutvikling
19501	9011	2852	907	0	Budeienettverk
19501	9011	2852	908	-20 000	Skarsgard-Bry bru
19501	9011	2852	909	-33 000	Feten Flævatn
19501	9011	3031	912	-125 000	Kart og oppmåling
19501	9011	3251	917	-1 031 000	Næringskontor
19501	9011	3851	918	-430 000	Arrangementsfond
19501	9011	3603	925	-250 000	Sykkelsatsing
19501	9011	3603	941	-200 000	Sykkelsti i fjellet
19501	9011	3603	946	-1 670 000	Løypekøyring skiløyper
19501	9011	3253	962	-280 000	Hallingdal etablerarsenter
19501	9011	3253	976	-425 000	Hallingdal FOU-hage
19501	9011	3779	986	-100 000	Leveld Kunstnartun
19501	9011	3801	987	-50 000	Idrettsanlegg
19501	9011	3802	988	-110 000	Idrettsaktivitet
19501	9011	3252	903	0	Konsekvensutgreiing fritidsbustader
19501	9011	3291	230	-300 000	Veterinærvakt
19501	9011	2851	913	-50 000	Tilskot USG
Bruk næringsfond				**8 824 000**	inkl. 400 000 tilskot frå jordbruksfondet

Art	Ansvar	Teneste	Prosjekt	Beløp 2027	Kommentar
19502	9011	3252	919	-400 000	Tilskot frå jordbruksfondet
19503	9011	3601	920	-16 000	Tilskot frå fiskefondet

Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid - andre som vertskap	Vertskap	Beløp 2027	Beløp 2026
Felles innkrevingskontor	Gol	259 000	350 000
IKT Hallingdal	Gol	15 887 000	14 212 000
Grunnskuleopplæring vaksne	Gol	1 216 000	900 000
Kommunehelse-samarbeid	Bærum	20 000	20 000
Miljøretta helsevern/ungdomslos m.m.	Gol	303 000	237 000
NAV	Gol	1 892 000	2 077 000
Barnvernvakt og Krisesenter	Gol	1 326 000	1 249 000
Felleskjøkken Hol og Ål	Hol	1 150 000	2 841 000
Sum		**22 053 000**	**21 886 000**
Interkommunalt samarbeid - Ål er vertskap	**Vertskap**	**Beløp 2027**	**Beløp 2026**
Regionrådet	Ål	946 000	650 000
Hallingdal Etablerersenter	Ål	279 000	226 000
Hallinghelse	Ål	2 185 000	1 838 000
Barnevern	Ål	13 972 000	11 311 000
Klimakoordinator	Ål	100 000	100 000
Ål sin andel av interkomm. Legevakt	Ål	5 274 000	5 234 000
IMA	Ål	5 594 000	6 000 000
Digitaliseringsrådgjevar	Ål	1155 000	990 000
Vass-forvaltning	Ål	87 400	87 400
KAV	Ål	41 275	
Sum		**29 633 675**	**26 436 400**
Hallingdal Brann- og redningstjeneste IKS	ÅL	8 400 000	7 884 000
Hallingdal renovasjon IKS	ÅL	21 882 000	22 372 000
Viken kommunerevisjon IKS		1 494 000	1 255 000
Sum		**31 776 000**	**31 511 000**

Økonomisk utvikling i planperioden

Løns og prisvekst

Den kommunale deflatoren for 2027 er venta å bli 3,8 prosent, med ei lønnsvekst (inkludert pensjon) på 4,5 prosent, og ein prisvekst på kjøp av varer og tenester på 2,9 prosent.

Sektorane er ikkje kompensert for prisvekst, dette er såleis ei innsparing på alle område. Administrasjonen har prioritert å leggje inn målretta tiltak i staden for å gje ein generell auke med deflator.

Det er sett av ein pott til lønsoppgjeret 2027 på 14 mill. kr.

Finansielle måltal

Etter ny kommunelov § 14–2 skal alle kommunar ha finansielle måltal. Formålet med finansielle måltal er å synleggjera kva som skal til for å ha ein sunn økonomi over tid, og nytte dette som ein del av vedtaksgrunnlaget i økonomiplan og i budsjettprosessen. I Ål kommune gjeld følgjande nøkkeltal:

Handlingsregel 1: Netto driftsresultat - Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir brukt som eit mål på kommunen sin økonomiske handlefridom. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at denne indikatoren over tid bør ligge på minst 1,75 %.

Korrigert netto driftsresultat er: Netto driftsresultat fråtrekt netto avsetjingar til bundne fond (korrigert netto driftsresultat) viser kor mykje av driftsinntektene som kan nyttast til finansiering av investeringar og fondsavsetjingar.

Handlingsregel 2: Disposisjonsfond Fylkesmannen anbefaler eit disposisjonsfond på minimum 5 % av brutto driftsinntekter.

Disposisjonsfondet er kommunen sin viktigaste buffer for å hindre at uføresette negative utslag i økonomien (til dømes uføresett auke i rentenivået eller nedgang i skatteinntektene) får umiddelbar verknad for tenestetilbodet.

Handlingsregel 3: Netto lånegjeld Netto lånegjeld definerast i KOSTRA som langsiktig gjeld minus totale utlån og ubrukte lånemidlar. Målsetjinga for netto lånegjeld er at den skal vere mindre enn 75 % av brutto driftsinntekter.

Finansielt måltal økonomiplan	Rekneskap 2025	Budsjett 2027
Handlingsregel 1	3,7 %	1,67%
Handlingsregel 2	30,3 %	12,72 %
Handlingsregel 3	37 %	30,26 %

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029	Økplan 2030
Ål	9,2 %	21,9 %	17,5 %	3,9 %	0,9 %	1,7 %	2,1 %	1,3 %	0,8 %
Handlingsregel	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %

Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Ål	6,7 %	11,1 %	7,9 %	10,0 %	3,8 %	4,4 %	3,2 %	2,4 %	1,9 %

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029	Økplan 2030
Ål	23,6 %	31,2 %	33,7 %	31,7 %	33,8 %	30,9 %	32,2 %	32,6 %	32,6 %
Handlingsregel	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Ål	56,6 %	25,0 %	29,5 %	32,7 %	1,1 %	1,9 %	9,0 %	14,9 %	13,4 %
Handlingsregel	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %

Utvikling i befolkning

Befolkningsutvikling per årsak

	2022	2023	2024	2025	2026
Folketal ved inngangen av kvartalet	**4 650**	**4 862**	**5 007**	**4 835**	**5 106**
Fødde	39	42	32	38	16
Døde	53	42	61	50	21
Fødselsoverskot	**-14**	**0**	**-29**	**-12**	**-5**
Innvandring	295	672	203	373	126
Utvandring	21	43	37	47	16
Innflytting, innanlands	215	246	197	187	64
Utflytting, innanlands	257	732	506	231	399
Netto innvandring og flytting	**232**	**143**	**-143**	**282**	**-225**
Folkevekst	**212**	**145**	**-172**	**271**	**-230**
Folketalet ved utgangen av kvartalet	**4 862**	**5 007**	**4 835**	**5 106**	**4 876**

Kommunen sine tenesteområde

Sentraladministrasjon

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Sentraladministrasjon	2025	21,21	85,36%	0,00	0,76	21,97
Sentraladministrasjon	2026	21,42	90,75%	0,00	0,68	22,10
Endring 2026-2025		**0,21**	**5,39%**	**0,00**	**-0,08**	**0,13**

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter						
Lønn	24 684	26 309	30 351	28 351	27 287	27 287
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	10 241	6 803	27 725	27 335	27 735	27 735
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	30 155	30 097	13 534	13 502	13 502	13 502
Overføringsutgifter	2 003	1 864	1 914	1 914	1 914	1 914
Finansutgifter	5	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**67 089**	**65 074**	**73 525**	**71 103**	**70 439**	**70 439**
Driftsinntekter						
Salsinntekter	-514	-281	-281	-281	-281	-281
Refusjonar	-5 895	-3 330	-4 040	-4 040	-4 040	-4 040
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-111	-100	-100	-100	-100	-100
Sum Driftsinntekter	**-6 520**	**-3 711**	**-4 421**	**-4 421**	**-4 421**	**-4 421**
Sum	**60 570**	**61 363**	**69 104**	**66 682**	**66 018**	**66 018**

Beskriving av verksemda i dag

HR/Lønn

HR/lønn har i dag 7 fast tilsette. Avdelinga bistår alle sektorane og med rekruttering, sjukefråværsoppfølging, overordna HMS arbeid og er ansvarleg for kommunen sin personalpolitikk. Ansvaret for lønn er og lagt til HR sjefen. Me køyrer lønn for heile kommunen samt for Ål kyrkjelege fellesråd og Hallingdal brann og redning IKS. Personalavdelinga jobbar tett saman med løn og Ål kommune har eit samarbeid med Hemsedal og Gol kommune på desse felta. Juridisk rådgjevar er og plassert under HR/lønn. Denne stillinga arbeider for alle sektorar.

HR jobbar tett med å bistå leiarane i partarbeidet og med sjukefråværsoppfølging.

Vinteren 2027 skal Ål kommune gjennomføre medarbeidarundersøkinga 10 faktor. Leiarane får opplæring i førebuing til undersøkinga og i korleis ein skal jobbe vidare med resultata frå undersøkinga.

Våren 2027 er det planlagt leiaropplæring med tema relasjonsleiing.

Hemsedal kommune har fått midlar fra Statsforvaltaren for å sjå på framtidige samarbeidsformer innan lønn i Hallingdal. Dette arbeidet skal sluttførast sommaren 2027.

Ål kommune har tatt i bruk kompetansestyringsverktøyet Dossier. Dette inneheld og eit on-/offboardings system. Dette hjelper kommune å ta i mot nye medarbeidarar på ein god måte. Det gir og grunnleggande opplæring i kommune sine systemer. I 2027 vil det bli ein god del arbeid for å ta dette systemet i bruk.

Økonomi

Økonomiavdelinga har 4 fast tilsette og 3,40 årsverk. Avdelinga fører rekneskapen og lagar den naudsynte rapporteringa av årsrekneskapen til revisor og styre/representantskap for Ål kommune, Ål kyrkjelege fellesråd, Ål kraftverk KF, Regionrådet og Hallingdal -brann og redning IKS. Ål kommune lagar budsjett og økonomiplan i programmet Framsikt.

Vi har også innkjøpsfunksjonen for heile kommunen.

Servicetenester

Servicetenester yter tenester til både interne og eksterne brukarar. Me har stort fokus på god service til alle som ringer, sender mail eller besøker Servicetorget.
Antall telefonar inn til Servicetorget i året ligg på ca 10500 samtaler, og KommuneKari svara ut 5284 samtaler på 7045 spørsmål i 2024. Antall søk på heimesida ligg på rundt 115 200 søk og ca. 52 500 besøk. I tillegg har med mykje fysisk besøk på servicetorget av innbyggjarar og hytteeigarar som treng ulik hjelp.

Servicetorget har fagområde og informasjons- og kommunikasjonsansvar innan Ål kommune sin kommunikasjonsplan, heimesider, intranett og Facebook. Me har begge administratorane for internkontrollsystemet Compilo der det er mykje jobb med avvikssystemet, dokumentbiblioteket og roller for heile kommunen. Ansvaret for telefoni, både innkjøp av kommunen telefonar, sjølve systemet og opplæring for heile kommunen ligg også i avdelinga.

Informasjonssikkerheitsansvarleg (20% stilling) ligg hjå oss, og her er det mykje jobb med implementering av det nye systemet som skal ivareta GDPR for heile kommunen. Dette er ein modul i Compilo-systemet. Det er avdelingsleiar som har denne stillingen saman med beredskapsrådgjevaransvaret (30%) stilling. Beredskap tek mykje ressursar då det no skal arbeidast med regional ROS og det er stadig krav frå myndigheitane om dokumentasjon og møtedeltaking. Det var tilsyn frå Statsforvalter i vår, og det gikk veldig bra, berre to anmerkningar.
Servicetenesta deltek i bu- og blilystprosjektet, har sakshandsaming på ulike felt, bl.a. skjenkeløyve, følgjebevis og handicapbevis. Sakshandsaming på skjenkeløyve er ressurskrevjande då kommunen no og har starta med prikkbelastning ved avvik.
Personvernombodet ligg også til avdelinga.

Sekretariatet har i hovudsak interne tenester, ansvaret for fysisk/elektronisk arkiv, registrering av fysisk/elektronisk post i sakarkivsystemet, frankering av utgåande brev, fakturering, tilsyn hemsen/møterom og innkjøp kontorrekvisita. Politisk sekretariat med ansvar for utsending av møteinnkallingar til politiske utval, etterarbeid etter møte og utsending av møteprotokollar, sette opp politisk møteplan samt annonsering av politiske møter. Til dømes så var det 123 møter (politisk og sektor) i 2024.
Sekretariatet har også sekretærfunksjon for Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og er møtesekretær i kommunestyret, valstyret og valutvalet. Sekretariatet har ansvar for KS Fiks-platformen og KS forvaltning som styrer SvarInn og SvarUt for kommunen sine fagsystem. Sett opp integrasjonar for fagsystem i KS Fiks og i maskinporten i Samarbeidsportalen til Digdir. Maskinporten sørger for sikker og styrt datatilgang mellom maskiner og verksemder. Samt vedlikehald KS Delegering og styrevervregisterer. Arbeidet med ny arkivplan for heile Hallingdal har teke mykje ressursar i sekretariatet siste åra. Det kjem stadig fleir og fleir innsynskrav, og detta krev mykje ressursar då me må finna fram dokumentasjon innan viss frist. I tillegg har me alt administrativt rundt vigsler.

Servicetenesta representerer sju ulike regionale faggrupper; web, servicetorg, telefoni, dokumentforvaltning, informasjonssikkerheit, beredskap og personvernombod.

Avdelinga har også det administrative ansvaret for gjennomføring av stortingsval, kommunestyre- og fylkestingsval og val av meddommarar og skjønnsmedlem i jordskifte, tingrett og Borgarting.

Utfordringar og strategi

HR/lønn

Ei av dei største utfordringane i Ål kommune er høgare turn-over i stillingar enn kva som har vore tilfelle tidlegare. Frå 2023 til 2024 har 12,6 % av kommunen sine tilsette skift jobb. Dette er mindre enn gjennomsnittet for landet som er 12,7 %, så problemstillinga er gjengs for Kommune-Noreg. Dette fører til stort behov for rekruttering. Frå 1.1.2025 til 15.10.2025 har vi lyst ut 158 stillingar. Det er no så å seie alltid søkjarar til stillingane. Gjennomsnittleg tal på søkjarar frå alle publiseringskanalar er 2,13 (1,58 i same periode i 2024).

Det har det siste året vore jobba med å effektivisere og proffisjonalisere rekrutteringsprosessane. Det er framleis få søkarar til stillingar, men fleire enn for eit år sidan. HR har annonsert breitt og har fått fleire søkarar. Me ventar framleis høge kostnadar med annonsering.

I 2025 har det vorte jobba mykje med arbeidsgjevarpolitikken. Det er mellom anna vedtatt arbeidstidsreglement og arbeidsreglement.

I 2025 har vi 2 nye lærlingar. Dette er ein nedgang frå 2024 og er ei trend i heile Buskerud. Vi må framleis satse på å rekruttere fleire lærlingar då me treng desse for å sikre fagkompetanse og rekruttering. I budsjettforslaget er det lagt til grunn ein like stor andel lærlingar som i 2024.

Det er eit mål å få redusert sjukefråværet. Medan vi i åra før covid-19 hadde eit totalt fråvær på 7,1–7,2 % ligg vi på om lag 8 % pr. 31.9.2025. Det er stor skilnad mellom avdelingane. Det blir jobba tett på avdelingane for å få ned sjukefråværet og sett inn tiltak i samarbeid med bedriftshelsetenesta og NAV for å få ned sjukefråværet. Det er auka fokus på partsarbeidet i avdelingane som eit ledd i nærversarbeidet.

Det har i 2025 vore arbeid med å implementere Visma Flyt Timeplan og Visma Ressursstyring i alle avdelingar i oppvekst og helse. I dette arbeidet har Lønn vore sentral. I 2026 skal me arbeide vidare med implementeringa og sikre me tar i bruk alle delar av systema. Me skal og igangsette Visma Tid som er eit fleksitidsreglement. Dette

vil gjere det enklare for både dei tilsette og leiarar i administrative stillingar å halde oversikt over pluss- og minustimar.

Økonomiavdelinga

Utfordringa til avdelinga er høgt sjukefråvær og arbeidspress gjennom året. Arbeidspresset er særleg høgt i samband med årsavslutninga, då denne har svært korte fristar. Rekneskapen for Ål kommune skal vere ferdigstilt innan 22. februar året etter, og det er nesten umogleg å bli heilt ferdig, sidan alt er avhengig av mange personar og faktorar både innanfor organisasjonen og utanfor.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	Tiltakstype	2027	2028	2029	2030
Opprinnelig budsjett		**61 363**	**61 363**	**61 363**	**61 363**
Sum Vedtak forrige periode		**390**	**-32**	**368**	**368**
Sum Budsjettendring i år		**1 234**	**1 234**	**1 234**	**1 234**
Konsekvensjusteringer		**1 624**	**1 202**	**1 602**	**1 602**
Konsekvensjustert ramme		**62 987**	**62 565**	**62 965**	**62 965**
Endringer i tidligere vedtatte tiltak					
Auka KS lisensar	Endringer i tidligere vedtatte tiltak	60	60	60	60
Auka lisens IKA Kongsberg	Endringer i tidligere vedtatte tiltak	50	50	50	50
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak		**110**	**110**	**110**	**110**
Innsparingstiltak					
Auka inntekt	Innsparingstiltak	-300	-300	-300	-300
Auka tilskott lærlingar	Innsparingstiltak	-350	-350	-350	-350
Reduksjon porto	Innsparingstiltak	-50	-50	-50	-50
Redusert stilling frå 1.april	Innsparingstiltak	-322	-322	-322	-322
Slutt med annonse saksliste KS	Innsparingstiltak	-90	-90	-90	-90
Tilskot frå Sparebankstiftelsen Hallingdal Valdres	Innsparingstiltak	-60	-60	-60	-60
Sum Innsparingstiltak		**-1 172**	**-1 172**	**-1 172**	**-1 172**
Nye tiltak					
Auke forsikring	Nye tiltak	150	150	150	150
Auke lisensar og kontingentar	Nye tiltak	310	310	310	310
Auke opplæring	Nye tiltak	93	93	93	93
Barnevern og barnevernsvakt	Nye tiltak	1 243	1 243	1 243	1 243
Beredskap	Nye tiltak	200	200	200	200
Budsjett sjølvkost	Nye tiltak	35	35	35	35
IKT-Hallingdal - Ål sin del	Nye tiltak	1 510	1 510	1 510	1 510
Leiarstøtte HR	Nye tiltak	1 064	1 064	0	0
Midlar til gjennomføring av endrings- og utviklingsarbeid	Nye tiltak	2 000	0	0	0
Regionrådet for Hallingdal - Ål sin del	Nye tiltak	296	296	296	296
Revisjonshonorar og kostnad til kontrollutval	Nye tiltak	228	228	228	228
Tilskot til USG	Nye tiltak	50	50	50	50

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Sum Nye tiltak		**7 179**	**5 179**	**4 115**	**4 115**
Nye tiltak og realendringer		**6 117**	**4 117**	**3 053**	**3 053**
Ramme 2027-2030		**69 104**	**66 682**	**66 018**	**66 018**

Innsparingstiltak

Tilskot frå Sparebankstiftelsen Hallingdal Valdres

Gåve til drift av Frivilligsentralane

Nye tiltak

IKT-Hallingdal - Ål sin del

Auke i kostnader til lisensar og programvare

Midlar til gjennomføring av endrings- og utviklingsarbeid

Handlings- og økonomiplanen legg opp til fleire strukturelle endringar innanfor helse- og omsorgssektoren og oppvekstsektoren. Dette er eit krevjande arbeid, og det er ikkje ledig kapasitet i organisasjonen til å gjennomføre store organisatoriske endringar utan å hente inn ekstra ressursar.

Regionrådet for Hallingdal - Ål sin del

Ål sin del for 2027 er utrekna til å bli kr 946 000,-

Samandrag økonomiplan for Regionrådet 2027-2030

TILTAK	2027	2028	2029	2030
Driftsbudsjett	4 400 000	4 500 000	4 600 000	4 700 000
Tiltak Strategisk plan ordinær løyving	900 000	900 000	900 000	900 000
Disposisjonsfond	388 144	0	0	0
SUM	**5 688 144**	**5 400 000**	**5 500 000**	**5 600 000**

Sak 61/25 Budsjett 2026 – Regionråd

Vedtak

1. Regionrådet rår Hallingtinget til å gjera framlegg om at kommunane vedtek følgjande forslag til finansiering av regionalt arbeid:

a. driftsbudsjettet 2027 for Regionrådet, med ei kommunal finansiering på kr. 3130 000

b. gjennomføring av tiltak i strategisk plan med ei kommunal finansiering på kr. 900 000

c. justering av disposisjonsfond med kr 388 144

1. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir på kr. 700 000 for 2027 og at ein går attende til vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2028.
2. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert.
3. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
4. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2027 – 2030

Revisjonshonorar og kostnad til kontrollutval

Revisjonshonoraret til Viken kommunerevisjon IKS er justert med løns -og prisvekst. Viser til kontrollutvalet sin sak 27/26 for behandling av budsjett 2027. Kostnad kontrollutval kr 275 000,-, og kostnad revisjon kr 1 494 000,-. Totalt kr 1 769 000,-.

Tilskot til USG

Ål kommune eig aksjar i USG Geilo og budsjettet aukast med kr 50 000,- i eigarbidrag.

Moglege tiltak

Beløp i 1000

			Økonomiplan			
	Prioritet	Endringskode	2027	2028	2029	2030
Kontorjustering eigedomsskatt frå 5% til 10%	1	Innsparingstiltak	-849	-849	-849	-849
Kontorjustering eigedomsskatt med 5% og auke i promillesats til 3‰	1	Innsparingstiltak	-5 191	-5 191	-5 191	-5 191
Sum			**-6 040**	**-6 040**	**-6 040**	**-6 040**

Nye tiltak

Kontorjustering eigedomsskatt frå 5% til 10%

Ti år etter den allmenne takseringa er det tillate å gjennomføre om taksering eller fastsetje ei såkalla kontorjustering. Ål kommune har planlagt å starte arbeidet med retaksering i 2027, med verknad frå 2028. I mellomtida kan kommunen gjennomføre ei kontorjustering. Budsjettforslaget inneheld forslag om å leggje inn ein kontorjustering på 5 prosent. Dette moglege tiltaket inneber ein auke skattegrunnlaget frå 5 til 10 prosent kontorjustering, av denne summen regnast det 2 promille eigedomsskatt.

Totalbeløpet på endringa av eigedomsskatten frå dagens skattegrunnlag med 2 promille er kr 851 248,-.

Sitat eigedomsskattelova:

§ 8 A-4.Kontorjustering

(1) I staden for ny allmenn taksering kan kommunestyret gjere vedtak om auke av det verdet (taksten) som eigedomen blei sett til ved den siste allmenne takseringa for utskriving av eigedomsskatt. Kommunestyret kan dessutan gjere vedtak om at det skal gjerast eit tilsvarande tillegg for dei eigedomane som er verdsett særskild før eit tidspunkt som kommunestyret fastset.

Kontorjustering eigedomsskatt med 5% og auke i promillesats til 3‰

Kontorjustering av eigedomsskatten med 5% og ei auke frå 2 til 3‰ vil utgjere ei auke i inntekt på kr 5 191 193,-.

Oppvekst

Innleiing

Oppvekstsektoren omfattar totalt 12 avdelingar med 265 tilsette i faste stillingar, vikariat og mellombels stillingar, og i ulike stillingsstorleikar, og med totalt 223 årsverk. Tenestene omfattar skule, barnehage, kulturskule og leirskule, dessutan busetting og etablering av flyktningar og norskopplæring for vaksne innvandrarar.

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Oppvekst	2025	184,46	68,74%	21,00	35,89	241,35
Oppvekst	2026	180,08	70,91%	19,79	25,16	225,03
Endring 2026-2025		**-4,38**	**2,17%**	**-1,21**	**-10,73**	**-16,32**

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter						
Lønn	188 086	171 381	176 208	167 462	167 462	167 462
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	19 532	10 469	10 669	10 669	10 669	10 669
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	10 087	1 950	2 430	1 430	1 430	1 430
Overføringsutgifter	3 197	2 330	2 330	2 330	2 330	2 330
Finansutgifter	405	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**221 306**	**186 130**	**191 637**	**181 891**	**181 891**	**181 891**
Driftsinntekter						
Salsinntekter	-8 969	-2 870	-2 712	-2 712	-2 712	-2 712
Refusjonar	-30 072	-10 208	-13 408	-13 408	-13 408	-13 408
Overføringsinntekter	-1 294	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-408	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	**-40 744**	**-13 078**	**-16 120**	**-16 120**	**-16 120**	**-16 120**
Sum	**180 562**	**173 052**	**175 517**	**165 771**	**165 771**	**165 771**

Beskriving av verksemda i dag

Illustrasjonsbilete generert med Copilot 20.07.26

Tenesteområde i oppvekstsektoren:

- Skule; Nedre-Ål skule, Nordbygdene skule, Torpo skule, Ål ungdomsskule.
- Barnehage; Sundre barnehage, Torpo barnehage, Nordbygdene barnehage, Skattebøl barnehage og Sando barnehage
- Ål Introsenter
- Ål kulturskule
- Hallingdal Leirskule
- Oppvekstkontoret; rådgjevar skule, rådgjevar barnehage, rådgjevar IKT, konsulent lønn/økonomi og kommunalsjef

Nasjonale føringar, demografisk utvikling og forventningar påverkar aktivitet og tenestebehov. Overordna statlege styringssignal omfattar

- Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) (01.08.24)
- Kunnskapsløftet med fagfornyinga 2020
- Barnevernsreformen/oppvekstreformen 2022
- Stortingsmelding 16 (2006-2007) «… og ingen sto igjen. Tidleg innsats for livslang læring»
- Stortingsmelding 6 (2019-2020) «Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO
- Stortingsmelding 15 (2022-2023) «Folkehelsemeldingen» . Kapittel 3.3 «Dei samfunnsskapte vilkåra for god helse – oppvekst og utdanning» .
- Stortingsmelding 28 (2024-2025) «Tro på framtida – uansett bakgrunn»
- Stortingsmelding 34 (2023-2024) «En mer praktisk skole - bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.-10. trinn"
- Prop. 36 S (2023-2024) «Barnevernsreformen». Kapittel 3 «Forebygging»
- Statlege midlar for barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling;
    - Inkluderande barnehage og skulemiljø (pulje 2) i 2018-2020 (Udir hadde regien for opplegget, kommunar kunne melde seg på)
    - Inkluderande barnehage og skulemiljø (pulje 4) i 2020-2022 (Udir hadde regien for opplegget., kommunar kunne melde seg på)
    - Profesjonsfagleg digital kompetanse 2022- 2023 (i samarbeid Høgskulen på vestlandet)
    - Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis (2023-26), jfr nedbygging Statped.
- Stortingsmelding 6 «Tett på- tidlig innsats og inkluderiende fellesskap» og tidlegare storitngsmelding 21 (2016-2027) «Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen»
- Rammeplan for barnehage, SFO og kulturskule ("Mangfald og fordjuping")
- Rammeplan for kulturskulen «Kultur for alle – rammeplan for kulturskolen»
- Føringer og dokument for integreringstenestene:
    - Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova)
    - Stortingsmelding 17 (2023-2024) « Stille krav og stille opp» (integreringspolitikken)
    - Nasjonal strategi «Hverdagsintegrering - strategi for å styrke sivilsamfunnets rolle på integreringsfeltet 2021-2024»
    - Introduksjonsprogram
    - Nasjonal samarbeidsavtale mellom Frivilligheit Norge og IMDi skal styrke inkludering (gjeld for perioden 2025-2027)
- Leirskulen er underlagt opplæringslova og rammeplan for skole Kunnskapsløftet (KL20)
- «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis»
- Oppfølgingsordningen frå aug 2025 til vår 2028, ordning pålagt frå Statsforvalter.

- Stortingsmelding 21 (2020-2021) «Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden».
- Stortingsmelding 32 (2024-2025) «Trygg oppvekst i et digitalt samfunn»

Kommunale og interkommunale føringar omfattar

- Kommuneplan 2015-2027 - tekstdel
- Strategidokumentet Oppvekst 2030 (2025 – 2030)
- Strategidokumentet Betre læring 2022-2025
- Interkommunal handlingsplan for forbyggende arbeid for barn og unge i risiko 2024- 2027
- Rettleiar - urovekkande skolefråvær Ål kommune 2025
- Revisjonsrapporten (Tilpasset opplæring og spesialundervisning, Forvaltningsrevisjonen, januar 2022)
- Betre tverrfagleg innsats (BTI) døypt «Trygg oppvekst Hallingdal» for regionen (frå 2018). Handlingsprosess for oppdage uro og bekymring for barn og unge, med bakgrunn i NOU 2017:12 «Svikt og svik»
- Pedagogisk bruk av IKT i skulene i Ål (2023-2027)
- IKT Handlingsplan i barnehage (2021-2025)

Utfordringar og strategi

Generelt

- Sektoren driftar framleis med personell utan godkjent utdanning i ein del stillingar
- Det er auka behov for omfattande tiltak og støtte rundt enkeltbarn/elevar
- Sektoren har behov for meir fagkompetanse og spesialkompetanse, både i skule og barnehage
- Redusert barnetal i skulene, og samstundes auka behov for barnehageplassar

Dette kapitlet omhandlar

- Skule
- Barnehage
- Ål introsenter
- Ål kulturskule
- Hallingdal leirskule
- Strategi
- Personell og behov i framtida
- Økonomi

1. **Skule**

Innan skule står sektoren overfor fleire utfordringar:

a) Redusert tal elevar (jfr tabell nedanfor)

Elevar ved den einskilde skule i perioden 2022-28:

Skule	**2022/23**	**2023/24**	**2024/25**	**2025/26**	**2026/27**	**2027/28**
Nordbygdene skule	45	52	50	48	43	43
Nedre-Ål skule	203	203	214	217	211	215
Skattebøl skule	41	32	0	0	0	0
Torpo skule	43	44	46	39	42	40
Ål ungdomsskule	196	168	170	164	162	145
SUM	**528**	**499**	**480**	**469**	**458**	**443**

Samstundes ser tal **skulestartar** ut til å bli relativt stabilt framover, med vel 40 elevar pr år;

Utvikling tal førsteklassingar i Ål kommune 2026-2029:

1. **klasse**	**2026/27**	**2027/28**	**2028/29**	**2029/30**	**2030/31**
Nordbygdene skule	3	8	2	6	7
Nedre-Ål skule	33	32	38	28	19
Torpo skule	8	4	4	8	3
SUM	**44**	**44**	**44**	**42**	**29**

b) Driftsutgifter

Utvikling grunnskule 2024 og 2025, og samanlikna med Hol, Gol, Hemsedal og kontragruppe 5 (kjelde: Framsikt/Kostratal/Udir):

Grunnskole

	Datakjelde	Ål 2024	Ål 2025	Hol	Gol	Hemsedal	Kostra-gruppe 05
Brutto investeringsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger *)	KOSTRA	5 004,5	723,7	11 336,1	4,1	568,9	3 706,6
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	KOSTRA	21,3 %	21,4 %	19,8 %	19,9 %	22,8 %	20,6 %
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)	KOSTRA	209 941	193 304	168 660	136 013	136 935	139 336
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år *) **)	KOSTRA	245 543	228 063	203 706	167 641	183 767	178 009
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år *) **)	KOSTRA	696	19 950	18 029	9 400	16 275	17 454
Produktivitet							
Driftsutgifter til undervisningsmateriell (202), per elev i grunnskolen *)	KOSTRA	2 798	2 040	3 066	1 976	4 214	2 341
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker *)	KOSTRA	11 781	41 856	31 530	24 229	28 534	37 051
Korrigerte brutto driftsutgiftertil grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev *)	KOSTRA	262 010	264 884	235 580	194 742	218 348	204 617
Dekningsgrad							
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	KOSTRA	5,3 %	4,3 %	4,6 %	7,2 %	4,7 %	7,1 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	KOSTRA	15,6 %	13,7 %	9,2 %	7,9 %	11,3 %	9,1 %

Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	KOSTRA	70,1 %	75,4 %	80,2 %	66,5 %	87,7 %	67,0 %
Kvalitet							
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	Udir	86,0	91,0	95,0	96,9	90,2	

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

- Ål kommune ligg relativt høgt på netto driftsutgifter til grunnskule og SFO
- Del elevar som får spesialundervisning er høgare enn i kommunar det er naturleg å samanlikne med

Elevar pr kommunal grunnskule ligg lågare enn andre kommunar (Kjelde: Framsikt/Kostra):



	2022	2023	2024	2025
Ål	106	104	119	117
Hol	128	197	198	207
Gol	480	462	467	484
Hemsedal	101	293	305	301
Kostragruppe 05	127	129	129	129

c) Resultat

Ål kommune ligg høgt i Hallingdal og Buskerud på *risikopoeng*. Risikopoeng er samansett av indiktorane

- nasjonale prøver 5. og 8. trinn, lesing og rekning
- elevundersøkinga 7. og 10. trinn når det gjeld støtte frå lærar og motivasjon
- grunnskole-poeng, altså samla poengsum rekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet, og som er grunnlaget for opptak til vidaregåande skole

basert på resultat over 3 år.

Deltaking i Oppfølgingsordningen i regi av Udir/Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus saman med dei andre Hallingdalkommunane er eitt av tiltaka for å analysere og setja inn tiltak i forhold til dette.

d) Samansette og omfattande utfordringar

Det er fleire barn og unge med samansette og omfattande utfordringar, som krev mindre grupper, 1:1 eller 2:1-bemanning. Dette omhandlar i stor grad helseutfordringar; barn og unge som vil ha behov for oppfølging og hjelp heile livet. Sektoren erfarar også aukande grad av skulefråvær. Sektoren får ikkje rekruttert tilstrekkeleg med kvalifisert personell til desse utfordringane.

Det er igangsett fleire tiltak, m.a. kompetanseheving, samarbeid med hjelpetenestene, miljøterapeutar/arbeidarar ved skulane, og lærarar og assistentar som delvis gjennomfører heimeundervisning for enkeltelevar. Vi opplever at vi ikkje strekk til ift. ressursar og kompetanse på dette området. Sektoren treng ressursar, kompetanseheving og tettare samarbeid med og hjelp frå helsesektoren. Sektoren har våren - 26 nytta også eksterne firma for å avhjelpe denne situasjonen.

2. Barnehage

Barnehagane i Ål kommune har frå hausten 2026 totalt 288 plassar tilgjengeleg, med 4 avdelingar i Skattebøl barnehage, 6 avdelingar i Sundre og 2 avdelingar i Sando, Nordbygdene og Torpo barnehagar, alle avdelingar med 18. plassar. I tillegg har vi utvida Sando med 6 plassar til barn frå mottaket. Totalt startar det 43 nye barn i barnehagane i august 2026 og utover hausten. Dette innber totalt 198 barn fordelt på 255 plassar. I tillegg har vi 9 barn på venteliste som vil inne frå januar 2027 som treng totalt 18 plassar.

Utvikling i tal barn/plassar i barnehagane i Ål:

År	**20/21**	**21/22**	**22/23**	**23/24**	**24/25**	**25/26**	**26/27**
Barn	166	184	184	203	211	204	198
Plassar	223	267	258	288	288	280	255

Merk at alle tal frå tidlegare år er frå juni i barnehageåret. Talet frå 26/27 er tal på barn frå august -26, og det er ikkje medrekna barna som står på venteliste.

Pr oktober er det 9 barn (18 plassar) på venteliste, som vil få plass frå januar -27.

Det er i 2026 nedgang av barn med behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehagane. Frå august -26 er det få barn som behov for 1:1, og det er flest enkeltvedtak som går på timar til språk, logoped eller tilrettelegging i delar av kvardagen.

Utvikling driftsutgifter barnehage (kjelde: Framsikt/Kostratal):

Barnehage

	Datakjelde	Ål 2024	Ål 2025	Hol	Gol	Hemsedal	Kostragruppe 05
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager *) **)	KOSTRA	281 375	349 728	305 507	252 048	342 260	281 924

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Driftsutgifter barnehage har altså auka frå 2024 til 2025, men ligg likevel lågare enn t.d. Hol kommune og Gol kommune.

I Ål kommune har 91,8% av barn i alderen 1-5 år barnehageplass (kjelde: Framsikt/Kostratal). Dette er ein nedgang frå 2024, då andelen var 94,1%.

	Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B)	**Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigert oppholdstime i kommunale barnehager (kr)**
Ål	91,8 %	102,1
Hol	93,1 %	102,6
Gol	91,6 %	90,8
Hemsedal	90,2 %	98,3
Kostragruppe 05	92,9 %	91,1

Makspris i barnehagepris sone 2 er sett til kr. 700 pr månad.

3. Ål introsenter

Ål introsenter har ansvar for busetting, etablering og inkludering av busette flyktningar, og for å organisere og følge opp introduksjonsprogrammet. Introsenteret har også ansvar for å busette og følgje opp einslege mindreårige flyktningar. Introsenteret har godt samarbeid med både private og

kommunale arbeidsgivarar i det lokale arbeidslivet, slik at vi i fellesskap kan få flest mogleg ut i praksis og jobb.

Ål introsenter har også ansvar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar i Ål og Hol kommune. Opplæringa er praksisnær og arbeidsretta, med målsetting om at deltakarane skal få norskferdigheiter som gjer det mogleg for dei å bruke eller bygge vidare på sin kompetanse i utdanning, i arbeid og samfunnsliv. Ål introsenter tilbyr også bransjeretta norskkurs til private og kommunale arbeidsgivarar.

Busetting, inkludering og opplæring av flyktningar er eit tverrfagleg og sektorovergripande fagfelt. Det er også eit uføreseieleg fagfelt, der busettingstal i kommunen blir vedteke politisk frå år til år. Busettingstalet påverkar også elevtalet. Det er viktig å jobbe for å skape kontinuitet i arbeidet, sørge for vidareføring av kompetanse, ha fokus på utvikling og å legge til rette for ei ramme der det er mogleg å skalere opp og ned etter behov.

4. Ål kulturskule

Ål kulturskule har høg aktivitet og ei positiv utvikling, med stadig fleire elevar som kombinerer fleire fag. Det styrkjer både læringa, kreativiteten og det tverrfaglege samarbeidet.

Kulturskulen utviklar verksemda i tråd med rammeplanen Kulturskule for alle, der målet er å vere ein inkluderande møteplass for kunst og kultur med høg kvalitet, bredde og høve for fordjuping. Gjennom eit variert undervisningstilbod ønskjer vi å gi fleire barn og unge høve til å oppleve meistring, skaparglede og kunstnarleg utvikling.

Rekruttering er eit viktig satsingsområde. Vi arbeider målretta for å nå nye elevgrupper og sikre eit mangfaldig kulturskuletilbod, mellom anna gjennom tiltak for å rekruttere fleire gutar og ved å leggje til rette for at elevar kan kombinere fleire kunstfag.

I møte med eit synkande elevgrunnlag i kommunen vil kulturskulen halde fram med å utvikle fleksible og framtidsretta tilbod. Samarbeid med grunnskular, barnehagar, frivillig kulturliv, Den kulturelle skulesekken og andre aktørar er avgjerande for å styrke kulturskulen si rolle som ein kulturpedagogisk ressurs i lokalsamfunnet.

Folkemusikk og folkedans er ein sentral del av kulturarven i Hallingdal. Å styrke dette arbeidet er ei viktig satsing for kulturskulen, både gjennom ordinær undervisning og samarbeid med regionale aktørar.

For å sikre kvalitet og kontinuitet er det viktig å vidareutvikle kompetansen hos dei tilsette. Samstundes vil vi halde fram det gode samarbeidet med kommunar og samarbeidspartnarar som kjøper tenester av Ål kulturskule, slik at ressursane kan nyttast best mogleg og bidra til eit sterkt regionalt fagmiljø.

Ål kulturskule skal vere ein synleg og aktiv samfunnsaktør som bidreg til livskvalitet, inkludering og kulturell berekraft. Gjennom kunst og kultur skal vi gi barn og unge moglegheit til å utvikle skaparglede, identitet og deltaking i lokalsamfunnet.

5. Hallingdal leirskule

Hallingdal leirskule sine største utfordringar med tanke på budsjett er at vi ikkje har full oversikt over tal elevar kvart år. Skulane melder inn tal elevar når det blir skreve kontrakt, men det kan oppstå endringar. Difor må vi gå ut frå eit gjennomsnitt når vi legg budsjettet. Vidare er det ei utfordring at

enkelte kontraktar går ut sommaren 2027; det er difor avgjerande at Topcamp klarar å få avtale med nye skular.

6. Strategi

- Strategidokument Oppvekst 2030
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Tett og tidleg på
- Læringsutbytte
- Leik og leikbasert læring – praksisnær læring
- Styrkebasert tankesett/tilnærming
- Autoritativ vaksenrolle
- Elev- og barnesyn
- Heilskapleg læring
- Pedagogisk bruk av IKT
- Kompetanseheving
- Oppfølgingsordningen

7. Personell og behov i framtida

Sektoren har ei stor utfordring i forhold til å behalde og rekruttere kvalifisert personell. Dette gjeld både skule og barnehage.

Del undervisning gjeve av undervisningspersonale har gått noko opp frå 2024 til 2025, men ligg framleis lågare enn i kommunar det er naturleg å samanlikne med

Undervisning gjeve av undervisningspersonale med godkjent utdanning er redusert sidan 2021, lågare enn i kommunar det er naturleg å samanlikne med - men auka sidan 2024 (kjelde: Udir/Framsikt);

	2021	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**
Ål	**94,7**	**91,5**	**87,9**	**86,0**	**91,0**
Hol	97,2	89,6	81,9	88,1	95,0
Gol	100,0	95,1	97,7	98,7	96,9
Hemsedal	96,2	88,3	97,8	96,0	90,2

I barnehagane oppfyller vi kravet til bemanning, men manglar personell med godkjent utdanning som barnehagelærar. Pr oktober -26 har sektoren 8 tilsette på dispensasjon i ulik storleik i barnehagane, dessutan ein barnehage med dispensasjon frå normen. Totalt manglar vi 700% barnehagelærar. Sektoren har samstundes 8 medarbeidarar under utdanning; innan 4 år skal sektoren ha tilstrekkeleg med barnehagelærarar, føresett at dei fullfører studiet og blir i Ål kommune.

Det er krevjande å finne gode vikarar som kjenner barnehagedrift og som kan steppe rett inn i den einskilde barnehage. Til tider opplyser våre medarbeidarar at det er bedre å gå underbemanna enn å ha nye vikarar som ikkje kjenner barn og drift. Det er krevjande over tid.

Sektoren har relativt stort sjukefråvær, spesielt i barnehagane. Pr. oktober -26 er dette på 10,5% i barnehagane, 8% i sektoren totalt. Sektoren har arbeidd godt med tematikken sjukefråvær dei siste to åra, men det er framleis ein del kortidsfråvær i periodar som er krevjande. Fråværet skapar saman med vakante stillingar stort press på vårt personell.

Behalde og rekruttere fagpersonell, både i skule og barnehage, blir ei svært viktig oppgåve framover; oppvekstsektoren må fokusere på å behalde alle dei dyktige tilsette vi har i sektoren, og samstundes prøve ut tiltak for å rekruttere nye. Det er viktig at kommunen jobbar med denne utfordringa framover; vurdere alternative måtar å organisere tenestene på, igangsetje eit målretta arbeid for å betre rekrutteringssituasjonen til denne type stillingar i kommunen og arbeide med kompetanseheving for tilsette som allereie arbeider i sektoren.

Samstundes medfører

- redusert barnetal i skulene
- auka behov for barnehageplassar
- auka behov for omfattande tiltak og støtte rundt enkeltbarn/elevar
- behov for meir spesialkompetanse, både i skule og barnehage

behov for å vurdere nye måtar å organisere tenestene på.

Dette er eit arbeid sektoren må fokusere på også i 2027.

8. Økonomi

Det er lagt inn desse driftstiltaka innanfor ramma:

	Tiltak	Kostnad	Merknad
1	Ressurskrevjande tiltak	1.000'	Sektoren treng ein felles pott for særleg ressurskrevjande tiltak som oppstår ila budsjettåret. Det var avsett kr. 6.000' til dette i 2025, kr. 3.000' i 2026. Ein finn ikkje rom for meir enn 1 mill kr. i 2027 til dette.
2	Auka delfinansiering Polen-tur	200'	Vedtak K-sak PS 11/26: «Ål kommune prioriterer kommunal finansiering av Polen-tur for oppvekstsektoren og elevane ved Ål ungdomsskule, innanfor

			kostnadsramme kr 350.000, med årleg justering for konsumprisindeks. Sektorutval for kultur og oppvekst ber om at dei økonomiske rammene på 350 000 kr blir løfta fram i Strategikonferansen, og innarbeidd innanfor tildelte budsjettrammer frå 2027. For å imøtekomme gratisprinsippet ved dugnadsarbeid kan ein elev/føresett ikkje jobbe inn berre til seg sjølv; all dugnadsjobbing må fordelast på heile elevgruppa.»
3	Barnekoordinator	226'	Koordinering i særleg omfattande saker, i tillegg til koordinering utført frå alle tenester og avdelingar. Lovpålagt teneste. Helse dekker 25% stilling, oppvekst 25% stilling, totalt mellombels 50% stilling i 1 år.
4	Auka kostnader/ mindreinntekter SFO	2.000'	Nytt regelverk SFO frå 010826, ma 12 timar gratis SFO. Eiga sak til SUKO, formannskap og kommunestyre.
	SUM	**3.426'**	

I tillegg er det lagt inn totalt 6,3 mill ift feilbudsjettering lønn (konsekvensjusteringar).

Oppvekstsektoren foreslår felles innsparingstiltak; det er ikkje noko å hente på "ostehøvelprinsippet" lengre.

Det er viktig at innsparingstiltaka

- er realistiske
- har barn/elevar i fokus
- i minst mogleg grad går ut over barn, elevar, tenester, kvalitet og tilsette
- er forsvarlege både pedagogisk og personellmessig
- ivaretek stabilitet for barn og elevar

Oppvekstsektoren skal levere tenester i tråd med sentralt lovverk og forskrifter, dessutan lokale krav, rammer og føringar. Våre medarbeidarar er den viktigaste ressursen for å levere tenester i tråd med føringane for våre tenester.

Sektoren foreslår desse felles innsparingstiltaka:

	Tiltak	**Grunngjeving**	**Ca innsparing 2027**	**Merknad**
1	Innsparing Ål introsenter	Auka inntekter, reduksjon stillingar.	4.200.000	Atterhald om politisk handsaming sak busetjing mindreårige flyktningar.
2	«Fryse» 10 stillingar skole frå 010827	Ressursfordelingsmodellen, redusert tal elevar og endring frå 3 til 2 parallellar på ungdomsskulen. **Nto endring**, lærar- og fagarbeidar/ miljørettleiar-stillingar, alle skolene.	3.750.000	Halde stillingar vakante/"fryse" stillingar. På årsbasis **ca kr. 9.000' innsparing.**
3	Alle barnehagane stengt i 3 veker	I 2026 vedtak om sommarstengt barnehagar 2 veker, samstundes innsparingskrav kr 1.000'. Framlegg om å utvide til sommarstengte barnehagar i 3 veker; same veker for alle barnehagane.	200.000	Innsparing drift, samstundes må ferien til medarbeidarane styrast for å unngå innleige sommarvikarar. Pga allereie innsparingskrav kr 1.000', er det ikkje realistisk å legge inn meir enn kr. 200' i innsparing ved sommarstenging i 3 veker, alle barnehagar.
4	Omdisponere møtetid barnehagane	Omgjera kveldsmøter i barnehagen til 1 ekstra planleggingsdag	250.000	Innsparing overtidsbetaling/innleige av vikar ved avspassering for faste tilsette.
5	Innsparing Ål kulturskule	Auka inntekt/redusert aktivitet	100.000	Redusere variable kostnader/auke inntekter
6	Innsparing Nordbygdene skule 5 mnd	Innsparing 1,0 lærar/fagarbeidar ved Nordbygdene skule i perioden 010127-310527	330.000	Vakanse
7	Vedtak individuelt tilrettelagt opplæring/ spesialpedagogisk hjelp	Gjennomgå alle vedtak om ITO/spesial-pedagogisk hjelp vs sakkyndig vurdering. Evt reduksjon i vedtak.	200.000	Både skule og barnehage

8	Skulestruktur; flytte 5.-7. trinn Torpo skule og Nordbygdene skule til Nedre-Ål skule, frå aug-27	Framlegg om å flytte 5.-7. trinn frå både Torpo skule og Nordbygdene skule til Nedre-Ål skule, med verknad frå aug -27. Frå august -27, heilårsverknad ca 7 mill kr.	3.400.000	Ål kommune har ein relativt kostbar barnehage- og skulestruktur å drifte, med 5 barnehagar og 4 skoler. Aktuelle tiltak kan vera • flytting av 5.-7. trinn ved ein skule til ein annan • etablere oppvekstsenter Nordbygdene og/eller Torpo • reduksjon frå 3 til 2 barneskuler Det må utgreiast ulike moglegheiter, med fordelar, ulemper og moglege innsparingar. Det er ikkje aktuelt å iverksetje endring før tidlegast august -27. Kostnadsoverslag (årsbasis): • flytting av 5.-7. trinn ved ein skule til ein annan: ca. 3,5 mill. kr. • etablere oppvekstsenter Nordbygdene og/eller Torpo: sjå pkt ovanfor • reduksjon frå 3 til 2 barneskuler: ca. 8 mill. kr. Merk at flytting t.d. 5.-7. trinn frå ein skule vil innebera svært redusert elevtal, dessutan utfordringar ved Nedre-Ål skule. Sjå merknad 3 nedanfor.
	SUM		**12.430.000**	

Merknader:

1. På strategikonferansen oppvekst kom det framlegg om å omgjera Torpo skule til eit oppvekstsenter; flytte barnehagen til skulen, og endre til 1-avdelings barnehage. Dette vil krevja forholdsvis store bygningsmessige tilpasningar ift barnehagedrift. Dette vil heller ikkje vera mogleg samstundes med mogleg etablering av 6-8 plassar til elevar med omfattande behov ved Torpo skule, men må vurderast opp mot evt flytting av 5.-7. trinn til Nedre-Ål skule.
2. I 2026 har det vore avsett kr. 520' frå disposisjonsfondet til skulematprosjektet; samarbeid mellom Kafe Tid og Ål ungdomsskule. Dette har sektoren ikkje funne midlar til i framlegg budsjett -27. Dette er ikkje nokon lovpålagt teneste, og ein må redusere i andre tenester for å få rom til dette i budsjett -27. Søknad frå Tid blir eiga sak til sektorutvalet.
3. Merk at innsparingsframlegg 8, flytting t.d. 5.-7. trinn frå Torpo/Nordbygdene skule, vil innebera svært redusert elevtal ved desse skulane;

- Nordbygdene skule 1.-4. trinn vil ha ha følgjande elevtal:
- Skuleåret 27/28: 23 elevar
- Skuleåret 28/29: 18 elevar
- Skuleåret 29/30: 16 elevar
- Skuleåret 30/31: 17 elevar

Torpo skule 1.-4. trinn vil ha ha følgjande elevtal:

- Skuleåret 27/28: 19 elevar
- Skuleåret 28/29: 16 elevar
- Skuleåret 29/30: 24 elevar
- Skuleåret 30/31: 19 elevar

Elevtalet ved Nedre-Ål skule vil ved dette innsparingstiltaket bli

Skuleår	**5. trinn**	**6. trinn**	**7. trinn**	**Sum 5.-7. trinn**
2027/28	53	35	46	134
2028/29	28	53	35	116
2029/30	49	28	53	130
2030/31	45	49	28	122

Det vil vera plass til desse trinna ved Nedre-Ål skule, men det vil ha store konsekvensar både for storleik klassane og dei fysiske rammene ved skulen. T.d. vil 5. trinn med 53 elevar måtte delast i to klassar med 26-27 elevar i kvar klasse. I så fall vil klasseromma bli svært tronge. I tillegg er vi usikre på om vi med så store klassar vil kunne gje elevane det opplæringstilbodet og den oppfølginga dei har behov for. Større klassar vil kunne gjera det meir krevjande å tilpasse undervisninga og følgje opp den enkelte elev på ein god måte. Dersom trinnet i staden blir delt i tre klassar med om lag 17-18 elevar i kvar, oppstår ei anna utfordring, nemleg at vi ikkje har fleire ledige klasserom tilgjengelege. I tillegg er vi bekymra for korleis situasjonen på skuleplassen vil bli i friminutta; med eit så stort tal elevar kan vi stille spørsmål ved om vi vil ha tilstrekkeleg kapasitet og areal til å sikre eit trygt og godt leikemiljø for alle elevane. På den andre sida kan flytting av 3 trinn frå Torpo skule og Nordbygdene skule gje høgare tettleik av lærar med godkjent utdanning.

Investeringsbehov

	Framlegg investering	**Ca kostnad**	**Kommentar**
1	Skattebøl barnehage godkjent	2.800.000	Utbetringar for å få Skattebøl barnehage godkjent. Behov utskifting ventilasjonsanlegg. Ca kostnad 2,8 mill. i tillegg til avsette midlar 2026.
2	Grupperom, delvis lukking basene, Ål ungdomsskule	300.000	Med opne bassar blir det mykje trafikk forbi der elevane har undervisning. Dette forstyrrar lærarar og elevar i stor grad. For elevar som er lydsensitive eller har utfordringar med konsentrasjon er dette veldig uheldig. Det skapar og mykje avbrekk i undervisning. Vi er og i ein prosess der vi går frå å vere 3 til 2 klassar på trinna. Den eine basen vår er ikkje bygd for klassar større enn omkring 16 elevar; derfor treng vi å gjera endringar her for at vi skal kunne ha 3 trinn med 2 klassar om 2 år. I samråd med byggforvaltning tilrår vi ei løysing med delvis lukking av basene, slik at vi ikkje treng å flytte veggare og oppgradere både i forhold til ventilasjon og brann. Det vil ha ein heilt annan kostnad.
3	Forsterka avdeling. Tllbod til elevar med omfattande hjelpebehov. Må vera fysisk plassert ved ein skule.	1.250.000	Det er behov for å lage fire nye elevrom. Lyddemping mellom romma. Installert takheis i minst 1 av romma. Oppdatere låsesystem for å skape sikre og trygge rammer for elevane. Garasje/lager i samband med avdelinga. Sanserom. Eiga sak til politisk behandling.
4	IKT-utstyr i klasserom skular, fellesareal i barnehagar	440.000	Undervisning. Projektor, skjerm, kontrollboks og høgtalar.
5	Gjerde, nedre skulepark, Nedre-Ål skule	250.000	Elevane kan krype under gjerdet
6	Utstyr/leikeapparat/ uteområde	500.000	Det er stort etterslep ift vedlikehald og utskifting utstyr ved alle skoler og barnehagar. Vi foreslår kr. 500.000 i 2027, og ein årleg sum kr. 250.000 i åra etterpå, for å koma ajour.

Tiltak lagt til 2028:

- Personalkjøkken, Nedre-Ål skule 200' (gjenbruk). Avgrensingar både når det gjeld vatn, straum og kapasitet i høve til talet på tilsette; dette er i dag eit hybelkjøkken som skal nyttast av 70 medarbeidarar. Dette er langt utanfor Arbeidstilsynet sine tilrådingar.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**Tiltakstype**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Opprinnelig budsjett		**173 052**	**173 052**	**173 052**	**173 052**
Sum Vedtak forrige periode		**-520**	**-520**	**-520**	**-520**
Sum Budsjettendring i år		**11 989**	**11 989**	**11 989**	**11 989**
Konsekvensjusteringer		**11 469**	**11 469**	**11 469**	**11 469**
Konsekvensjustert ramme		**184 521**	**184 521**	**184 521**	**184 521**
Innsparingstiltak					
"Fryse" inntil 10 stillingar skole frå 010827	Innsparingstiltak	-3 750	-9 000	-9 000	-9 000
Innsparing Ål introsenter	Innsparingstiltak	-4 200	-4 200	-4 200	-4 200
Innsparing Ål kulturskule	Innsparingstiltak	-100	-100	-100	-100
Innsparing/vakanse Nordbygdene skule	Innsparingstiltak	-330	0	0	0
Omdisponering møtetid barnehagane	Innsparingstiltak	-250	-250	-250	-250
Skulestruktur - flytting 5.-7. trinn	Innsparingstiltak	-3 400	-7 000	-7 000	-7 000
Stenge barnehagane 3 veker sommarferie	Innsparingstiltak	-200	-200	-200	-200
Vedtak ITO/spesialped.	Innsparingstiltak	-200	-200	-200	-200
Sum Innsparingstiltak		**-12 430**	**-20 950**	**-20 950**	**-20 950**
Nye tiltak					
Delfinansiering mellombels stilling barnekoordinator	Nye tiltak	226	0	0	0
Ressurskrevjande tiltak	Nye tiltak	1 000	0	0	0
SFO - mindreinntekter og auka kostnader	Nye tiltak	2 000	2 000	2 000	2 000
Sum Nye tiltak		**3 226**	**2 000**	**2 000**	**2 000**
Politisk vedtak					
Polen-tur	Politisk vedtak	200	200	200	200
Sum Politisk vedtak		**200**	**200**	**200**	**200**
Nye tiltak og realendringer		**-9 004**	**-18 750**	**-18 750**	**-18 750**
Ramme 2027-2030		**175 517**	**165 771**	**165 771**	**165 771**

Beløp i 1000

Samandrag budsjett

Driftstiltak

A) Nye tiltak 2027

Tiltak som er lagt inn som nye tiltak for 2027:

- Midlar til særleg ressurskrevjande tiltak kr 1.000'
- Auka finansiering Polen-tur kr 200', jf. K.styrevedtak
- Delfinansiert barnekoordinator 50 % stilling (delt mellom helse og oppvekst) kr 226'
- Auka kostnader/mindreinntekter SFO kr 2.000'

B) Innsparingstiltak

- Innsparing/auka inntekter Ål Introsenter kr 4.200'
- «Fryse» inntil 10 stillingar skole frå 010827 kr 3.750'
- Alle barnehagane sommarstengt 3 veker (dvs. 1 veke ekstra) kr 200'
- Redusert tal møter barnehagane kveldstid kr 250'
- Innsparing kulturskulen kr 100'
- Innsparing Nordbygdene skule 330'
- Redusere vedtak ITO/spes.undervisning 200'
- Flytte 5.–7. trinn Torpo og Nordbygdene til Nedre-Ål skule 3.400'

På sikt bør ein vurdere:

- Organisering ift. komplekse behov/særskilde tiltak, forsterka avdeling, ambulerande team, bruk av eksterne firma/Inn på Tunet, leirskulen

Investeringstiltak lagt i budsjettframlegget for 2027:

- Skattebøl barnehage 2.800'
- Lukking basar Ål ungdomsskule 300'
- Forsterka avdeling, ombygging 1.250'
- IKT-utstyr, skule og barnehage 440'
- Gjerde, Nedre-Ål skule 250'
- Utstyr/leikeapparat/uteområde skole og barnehage 500'

Tiltak lagt til 2028:

- Personalkjøkken, Nedre-Ål skule 200' (gjenbruk)

Innsparingstiltak

«Fryse» inntil 10 stillingar skole frå 010827

Ressursfordelingsmodellen, redusert tal elevar og endring frå 3 til 2 parallellar på ungdomsskulen.

Nto endring, lærar og fagarbeidar/miljørettleiarstillingar, alle skulane. Halde stillingar vakante/ «fryse» inntil 10 stillingar.

På årsbasis **ca. kr 9.000' innsparing**

Innsparing Ål introsenter

Auka inntekter, reduksjon stillingar. Atterhald om politisk handsaming sak busetjing mindreårige flyktningar.

Innsparing Ål kulturskule

Auka inntekt/redusert aktivitet

Innsparing/vakanse Nordbygdene skule

Innsparing 1,0 lærar/fagarbeidar ved Nordbygdene skule i perioden 010127-310527

Omdisponering møtetid barnehagane

Omgjera kveldsmøte i barnehagen til 1 ekstra planleggingsdag; innsparing overtidsbetaling/innleige av vikar ved avspasering for faste tilsette.

Skulestruktur – flytting 5.–7. trinn

Ål kommune har ein relativt kostbar barnehage- og skulestruktur å drifte, med 5 barnehagar og 4 skular. Aktuelle tiltak kan vera

- nedlegging av 1 barnehage
- flytting av 5.–7. trinn ved ein skule til ein annan
- etablere oppvekstsenter Nordbygdene og/eller Torpo
- reduksjon frå 3 til 2 barneskular

Kostnadsoverslag (årsbasis):

- nedlegging av 1 barnehage (2-avdelingsbarnehage): ca. 1,5 mill. kr
- flytting av 5.–7. trinn ved ein skule til ein annan: ca. 4 mill. kr
- etablere oppvekstsenter Nordbygdene og/eller Torpo: sjå pkt. ovanfor
- reduksjon frå 3 til 2 barneskular: ca. 8 mill. kr.

Merk at flytting t.d. 5.–7. trinn frå ein skule vil innebera svært redusert elevtal.

T.d. vil Nordbygdene skule 1.–4. trinn ha følgjande elevtal:

Skuleåret 27/28: 23 elevar

Skuleåret 28/29: 18 elevar

Skuleåret 29/30: 16 elevar

Skuleåret 30/31: 17 elevar

I dette framlegget ligg det inne flytting av 5.–7. trinn frå både Torpo og Nordbygdene skule til Nedre-Ål skule frå august -27, med innsparingsestimat 3,4 mill. kr.

Det må utgreiast ulike moglegheiter, med fordelar, ulemper og eksakte innsparingar.

Ikkje aktuelt å setje i verk endring før tidlegast august -27.

Stenge barnehagane 3 veker sommarferie

I 2026 vedtak om sommarstengt barnehagar 2 veker, samstundes innsparingskrav kr 1.000’.

Framlegg om å utvide til sommarstengte barnehagar i 3 veker; same veker for alle barnehagane.

Innsparing drift, samstundes må ferien til medarbeidarane styrast for å unngå innleige sommarvikarar. Pga. allereie innsparingskrav kr 1.000’, er det ikkje realistisk å legge inn meir enn kr 200’ i innsparing ved sommarstenging i 3 veker, alle barnehagar.

Vedtak ITO/spesialped.

Gjennomgå alle vedtak om ITO/spesialpedagogisk hjelp vs. sakkunnig vurdering, både skule og barnehage

Nye tiltak

Delfinansiering mellombels stilling barnekoordinator

Koordinering i særleg omfattande saker, i tillegg til koordinering utført frå alle tenester og avdelingar. Lovpålagt teneste. Helse dekker 25 % stilling, oppvekst 25 % stilling.

Mellombels 50 % stilling 1 år.

Ressurskrevjande tiltak

Sektoren treng ein felles pott for særleg ressurskrevjande tiltak som **oppstår ila budsjettåret**. Vi har hatt 6 mill. i 2025, 3 mill. i 2026 til dette. Ein finn ikkje rom for meir enn kr 1.000' til dette tiltaket i 2027.

SFO – mindreinntekter og auka kostnader

Nytt regelverk SFO frå 010826, ma 12 timar gratis SFO.

Eiga sak til SUKO, f.skap og k.styre.

Mindreinntekter i 2026 før nye satsar rekna til 2,8 mill. kr.

I budsjettframlegg lagt inn 2.000.000 kr.

Politisk vedtak

Polen-tur

Vedtak K-sak PS 11/26

«Ål kommune prioriterer kommunal finansiering av Polen-tur for oppvekstsektoren og elevane ved Ål ungdomsskule, innanfor kostnadsramme kr 350.000, med årleg justering for konsumprisindeks.

Sektorutval for kultur og oppvekst ber om at dei økonomiske rammene på 350 000 kr blir

løfta fram i Strategikonferansen, og innarbeidd innanfor tildelte budsjettrammer frå 2027.

For å imøtekomme gratisprinsippet ved dugnadsarbeid kan ein elev/føresett ikkje jobbe inn berre til seg sjølv; all dugnadsjobbing må fordelast på heile elevgruppa.»

Moglege tiltak

Beløp i 1000

	Prioritet	Endringskode	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Justering struktur barnehage	1	Innsparingstiltak	-600	-1 500	-1 500	-1 500
Kutte moglegheit for utvida tid i barnehagane	1	Innsparingstiltak	-200	-200	-200	-200
Sum			**-800**	**-1 700**	**-1 700**	**-1 700**

Nye tiltak

Justering struktur barnehage

Ål kommune har ein relativt kostbar barnehage- og skulestruktur å drifte, med 5 barnehagar og 4 skular. Aktuelle tiltak kan vera

- nedlegging av 1 barnehage
- flytting av 5.–7. trinn ved ein skule til ein annan
- etablere oppvekstsenter Nordbygdene og/eller Torpo
- reduksjon frå 3 til 2 barneskular

Det må utgreiast ulike moglegheiter, med fordelar, ulemper og moglege innsparingar.

Ikkje aktuelt å setje i verk endring før tidlegast august -27.

Kostnadsoverslag (årsbasis):

- nedlegging av 1 barnehage (2-avdelingsbarnehage): ca. 1,5 mill. kr.

Kutte moglegheit for utvida tid i barnehagane

Vedtak ut barnehageåret 26/27, dvs. innsparing kan setjast i verk først 01.08.27

Alt 1: Innsparing 30 min 07.00-07.30 og 16.30-17.00. Dvs. innsparing forksjøve arbeidstid.

Alt. 2: Innsparing 30 min alle barnehagar; fleksibelt tidspunkt. Innsparing forskjøvet arbeidstid.

Helse og omsorg

Innleiing

Nasjonale styresmakter og eigne lokale planar peikar på at kommunale helse- og omsorgstenester må omstillast for å møte ei aldrande befolkning, auka tenestebehov og redusert tilgang på arbeidskraft. Hovudretninga er meir førebygging, tidleg innsats, rehabilitering og meistring, kombinert med auka bruk av e-helse og digitale løysingar. Samstundes skal kommunane sikre berekraftige tenester gjennom tydeleg prioritering, effektiv ressursbruk, styrka kompetanse og tettare samhandling på tvers av sektorar og kommunar. Helseberedskap, psykisk helse og oppfølging av barn og unge er særleg prioriterte nasjonale satsingsområde.

Det blir vidare synt til Plan for helse- og omsorgstenester 2027-2030 (k-sak okt. 2026). Denne peikar på korleis vi skal utvikle framtidige tenester gjennom strategiske føringar, førebyggande tiltak, samordning og tidleg innsats, for slik å møte morgondagens helse- og omsorgsutfordringar. Planen bidreg også til at politisk nivå kan gjere gode vurderingar, samt legge til rette for og utvikle godt samarbeid med brukarar og deira pårørande.

Planen beskriv satsingsområde for å møte utfordringane dei nærmaste åra samt optimalisere drifta.

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Helse og omsorg	2025	169,44	68,09 %	12,04	30,24	211,72
Helse og omsorg	2026	176,75	70,55 %	11,18	26,75	214,68
Endring 2026-2025		**7,31**	**2,45 %**	**-0,86**	**-3,49**	**2,96**

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter						
Lønn	217 701	212 676	210 376	218 617	218 595	218 595
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	28 284	11 793	9 243	9 243	9 243	9 243
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	62 617	43 980	46 101	46 101	46 094	46 094
Overføringsutgifter	3 815	1 367	1 367	1 367	1 367	1 367
Finansutgifter	3 595	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**316 013**	**269 816**	**267 087**	**275 328**	**275 299**	**275 299**
Driftsinntekter						
Salsinntekter	-15 691	-14 735	-13 977	-13 977	-13 976	-13 976
Refusjonar	-60 251	-34 952	-32 201	-30 981	-30 981	-30 981
Overføringsinntekter	-157	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-2 573	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	**-78 672**	**-49 687**	**-46 178**	**-44 958**	**-44 957**	**-44 957**
Sum	**237 341**	**220 129**	**220 909**	**230 370**	**230 342**	**230 342**

Beskriving av verksemda i dag

Tenesteområda spenner seg gjennom heile livsløpet med alt frå lågterskel og til spesialiserte tenester.

Ål har organisert tenestene sine innan fylgjande tenesteområde:

Kommunalsjef:

- **Stab:** Kommuneoverlege, kommunalsjef, rådgjevar forvaltning, rådgjevarar fag- og kvalitetsutvikling, konsulentar omsorgskontoret, brannvernleiar, systemansvarleg for Gerica og e-helse (velferdsteknologi)

Institusjonstenester:

- **Avdeling Gjestetunet:** korttidsavdeling – rehabilitering og avlasting, samt natteneste
- **Avdeling Stugu:** langtidsavdeling med hovudvekt på geriatri og demens

Helse velferd og førebygging:

- **Familiens hus:** Tverrfagleg tenester til born og unge og deira familiar (inneheldt helsestasjon, vaksinering, jordmorteneste, psykisk helse barn og unge, logoped, ungdomslos og PPT,- i tillegg har også helseteam for flyktningar ligge til Familiens hus)
- **Legetenesta:** legetenester inklusiv daglegevakt og interkommunal legevakt for kveld, natt og helg samt interkommunal legevaktsentral
- **Avdeling Meistring:** Fysio- og ergoterapitenester, psykisk helse vaksne, oppsøkande team og team for hukommelssvikt, Koordinerande eining (KE), heimevaktmeister, Leksvol. Dagsenter for personar med demens, dagsenter for eldre, Varmestugu – lågterskel psykisk helse, friskliv, hyblane og aktiv ung

Miljøterapi:

- **Miljøterapitenesta avdeling 1 og avdeling 2:** Helse og omsorgstenester til menneske med nedsett funksjonsevne i alle aldra, habiliteringtenester, aktivitetstilbod, og avlasting

Heimetenestene:

- **Heimetenestene;** yter helse- og omsorgstenester og praktisk bistand til heimebuande inkludert omsorgsbustader, i tillegg til Granly, Nigarden og Uppigarden

Interkommunale ansvar og samarbeidsområde der Ål er vertskommune:

- **Hallinghelse** – folkehelsekoordinator, koordinator læring- og meistring, fagleg koordinator, samhandlingsleiar, klinisk ernæringsfysiolog, felles koordinator velferdsteknologi, Trygg oppvekst/BTI, mobilt ferdigheitsteam. Stipendiatstilling i froskningsprosjektet Tillit og Kompetanse. I tillegg er det ei rekkje utvikling- og kompetanseprosjekt med midlertidige prosjektstillingar.
- **Fagkoordinator IKT**
- **Intermediæravdeling og ø-hjelpeplassar** ved Hallingdal sjukestove
- **Legevaktsentral**
- **Interkommunalt legevaktsamarbeid**

Andre samarbeidsområde som ligg i budsjettet, er:

- NAV Hallingdal
- Hallingdal familie- og krisesenter og barnevernsvakta
- Beredskap følgjeteneste gravide/fødande i samarbeid med Vestre Viken Helseføretak
- Miljøretta helsevern
- Felleskjøkkenet for Hol og Ål
- VINN Hallingdal

Utfordringar og strategi

Overordna statlege styringssignal:

Nasjonal helse- og omsorgspolitikk legg til grunn at kommunane skal ta eit større ansvar for førebygging, tidleg innsats og oppfølging av innbyggjarane sine helsebehov. Samstundes skal tenestene vere berekraftige, likeverdige og tilgjengelege, og uavhengig av bustad og livssituasjon.

Sentrale nasjonale føringar dei komande åra er:

- å styrke folkehelsearbeid og redusert sosial ulikskap i helse
- tidleg innsats og heilskapleg oppfølging av barn, unge og familiar
- fleire leveår med god helse og moglegheit til å bu trygt heime lenger
- omstilling frå reparasjon til førebygging, rehabilitering og meistring
- digitalisering, velferdsteknologi og betre samhandling i helse- og omsorgstenestene
- heilskaplege pasientforløp og samordna tenester på tvers av sektorar
- berekraftig personellutvikling og effektiv bruk av kompetanse
- styrkt helseberedskap og eigenberedskap
- auka merksemd på psykisk helse, rus og kvinnehelse

Utfordringsbilde i Ål

Helse- og omsorgssektoren står overfor vesentlege omstillingsbehov. Samstundes som talet på eldre aukar kraftig, blir veksten i arbeidskraft og økonomiske ressursar betydeleg lågare enn veksten i tenestebehova. Fleire av innbyggjarane våre vil ha behov for omfattande og langvarige helse- og omsorgstenester, medan tilgangen på kvalifisert arbeidskraft blir stadig meir utfordrande.

Samtidig ser kommunen:

- auka behov innan psykisk helse og rus for barn, unge og vaksne
- fleire brukarar med samansette og komplekse behov
- Ål har ein høgare del eldre innbyggjarar enn landsgjennomsnittet, og talet på personar med demens er venta å auke frå om lag 135 personar i dag til 241 personar i 2050.
- fleire rettskrav og høgare forventningar til tenestene hjå stat og innbyggjar
- fleire oppgåver overførte frå spesialisthelsetenesta utan tilsvarande ressursvekst
- behov for tettare samordning mellom helse, oppvekst, NAV og andre samarbeidspartnarar
- auka ressursbruk knytt til einskildpersonar med omfattande bistandsbehov
- behov for helse- og integreringstenester knytt til busetting av flyktningar
- høgt sjukefråvær og utfordringar med rekruttering og stabilisering av personell påverkar tenestene sitt handlingsrom og forsterkar behovet for omstilling og prioritering.
- auka fokus og arbeid vedrøarande beredskap

Strategiske prioriteringar for planperioden 2027-2030

For å sikre berekraftige tenester innanfor kommunen sitt økonomiske handlingsrom vil sektoren prioritere desse punkta:

1. Dreie tenestene mot førebygging, meistring og eigenomsorg

- prioritere tidleg innsats – og styrke helsefremjande og førebyggjande arbeid
- utvikle «den nye heimetenesta» slik at fleire kan bu trygt heime lenge
- redusere veksten i behov for institusjonsplassar
- styrke lågterskeltilbod innan psykisk helse
- auke satsinga på friskliv, meistring og rehabilitering

2. Barn og unge først

- styrke tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid frå graviditet til ung vaksen
- redusere risiko for utanforskap og psykiske helseutfordringar
- sikre at barnets beste og medverknad ligg til grunn for tenesteutviklinga

3. Prioritere psykisk helse og rus

- styrke lågterskeltilbod og førebyggjande arbeid
- utvikle samordna tenester for barn, unge og vaksne
- auke satsinga på friskliv, meistring og rehabilitering.
- redusere behov for meir omfattande hjelpetiltak seinare i livsløpet

4. Omstille gjennom teknologi og innovasjon

- ta i bruk digitale løysingar og e-helse i større omfang
- utnytte teknologi som styrkar kvalitet, tryggleik og ressursutnytting
- utvikle nye arbeidsformer og oppgåvedeling mellom profesjonar
- KI sitt bidrag til å forenkle ulike arbeidsoppgåver td innan sakshandsaming, tale til tekst, smartare bemanningsplanlegging mm

5. Sikre rett kompetanse

- målretta kompetanseutvikling mellom anna innan demens, rehabilitering, psykisk helse, barn og unge, kvinnehelse og teknologi
- utvikle fagteam med rett kompetanse
- styrke heiltidskultur og attraktive fagmiljø
- redusere å vere avhengig av innleigd arbeidskraft og vikarbyrå

6. Prioritere og effektivisere

- systematisk prioritering basert på prioriteringsrettleiaren om nytte, alvorlegheit og ressursbruk
- kontinuerleg vurdering av tenestetilbod, organisering og arbeidsprosessar
- sikre at ressursane blir nytta der dei gir størst effekt for innbyggjarane
- regjeringa og Statsforvaltaren forventar auka bruk av digitale løysingar, digital samhandling og e-helse for å møte framtidas ressursutfordringar
- utarbeide og gjennomføre digitaliseringsplan

- ta i bruk teknologi som frigjer personellressursar
- tenestestyrt bemanning
- styrkje digital samhandling og heimeoppfølging med fastlegar, sjukehus og innbyggjarar

7. Styrke beredskap og samfunnstryggleik

- vidareutvikle helseberedskap og øvingsverksemd
- sikre lager- og forsyningsløysingar i tråd med nasjonale forventningar

Pågåande prosjekt og utviklingsarbeid i sektoren:

- Flexisjukepleieutdanning 4 kull – andre kull ferdig våren 2027
- Helsefagutdanning og fagskule
- Masterløp
    - Avansert klinisk sjukepleie
    - E-helse
    - Helsesjukepleiar
- Utrykkningssertifikat
- Nødnett- opplæring
- Forskingsprosjekt
    - MedSafe Old- trygg medikamentbruk til eldre – deltaking i forskingsprosjekt i regi av Senter for omsorgsforsking
    - Deltaking i andre forskingsprosjekt med Senter for omsorgsforsking:
    - Utelate helse- og omsorgshjelp, avvik og pasientsikkerhet i heimetenestene
    - Generasjonanes hus- Senter for omsorgsforsking og Husbanken
    - Meistringsteknologi
    - Tillit og kompetanse for berekraftig digitalisering av helse- og omsorgstenester i små kommunar- Forskingsprosjekt i samhandling med USN, Telemark og Hallinghelse. Phd-stipendiat
    - EU-forprosjekt Hospital at home
- Ål er definert som Omsorgsforskingkommune – Samarbeid om samskaping mellom kommunar og forskningsinstitusjoner for berekraftige helse- og omsorgstenester – Senter for omsorgsforsking
- Andre utviklingsprosjekt:
    - Ernæringsarbeid i samarbeid Hallinghelse
    - TØRN
    - Fagteam/ sjukepleieteam
    - Velferdsteknologisk knutepunkt blir integrert i Aidn
    - Kronikaromsorg i legetenesta – nytte lege- og sjukepleieressursar innovativt i pasientbehandling
    - GNIST og nettverk bustadutvikling
    - Trygg start – foreldrestøttande tiltak
    - Fact-ung – psykisk helse VVHF og kommunane
    - Familiehjelpa
    - E-helse digital heimeoppfølging
    - Språk og kulturopplæring i samarbeid med Introtenesta
    - Tryggleiksplass for ROP-pasientar
    - *Prosjekt helse og arbeid- ei kunnskapsoverføring* mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelseteneste, til fastlegar og fysioterapeutar i kommunane, innan fagfeltet uspesifikke muskelskjelett plager med Brief intervention (BI) som metode.

- Ny EPJ Aidn – Innføring av nytt dokumentasjonssystem vert gjennomført våren 2027. Arbeid med rydding og forbereding til overgang nytt journalsystem går føre seg hausten 2026.
- Transkribering inn i journal – bruk av KI i legetenesta
- Ta i bruk kompetansetrappa- et strukturert verktøy for å sikre at tilsette har riktig og oppdatert kompetanse til å utføre oppgåvene på forsvarleg måte til

Helse- og omsorgssektorens bidrag i høve til integrering:

Helse- og omsorgssektoren vil leggje til rette for å nytte relevant fagkompetanse til nye landsmenn gjennom språkpraksis, praksisplassar, og nødvendig styrking av kompetanse for godkjenning av helsefagleg utdanning. Det går føre seg språk- og kulturopplæring knytt til fagspråk innan helse.

Ål skal fortsette å vere helsekommunen i Hallingdal:

- Eit godt liv heile livet, gje god nok kvalitet – rett teneste – til rett tid -med rett kompetanse
- Helse- og omsorgstenestene skal fremje god helse, uavhengig av alder og bustad, og gje tilstrekkeleg hjelp til at brukaren kjenner seg trygg og kan meistre livet sitt.

Kommunale planar som skal utarbeidast /reviderast:

- Psykisk helse og rus 2021-2025
- Plan for habilitering og rehabilitering
- Vald i nære relasjonar – interkommunal plan
- Bustadsosial handlingsplan (under utarbeiding)

I tillegg ber regjeringa særskilt om at det blir sett i gang arbeid og utarbeida **handlingsplanar** innan:

- Digitaliseringsplan
- Demensplan
- Regional og lokal handlingsplan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsutfordring (ferdigstilt 2025)

Økonomi

For å bidra til berekraftig økonomi i kommunen er Helse- og omsorg bedt om å skalere ned ramma med kr 10 mill.

Lønsoppgjeret har hatt ein kostnad på kr 6.457.000.

I tillegg er det lagt inn tiltak på kr 9.009.000:

	Tiltak	Kostnad	Notat
1	Endring i ressurskrevjande tenester. Og reduksjon på refusjon på 2 mill. – fleire brukarar med endra tenestetilbod.	7098	Nye tenestebehov samt endring i tenestebehov gir sektoren i auke i kostnader
2.	Psykisk helse 80 %	480	Dette er stillingar som vart tildelte ved omorganisering Familiens hus og avd. Meistring, men som til no har vore finansiert med tilskotsmidlar.
3	Auke interkommunale samarbeidstiltak	220	Statstilskot som er avslutta – legetenesta
4	Endring i kostnadar for interkommunale samarbeidstiltak	204	Hallinghelse, Miljøretta helsevern, Vinn, NAV, sosialhjelp og krisesenter på ansvar 3000 og 3040
5	Bortfall av inntekt tryggleiksalarmar	505	Ny presisering av regelverk
6	Barnekoordinator/Fact ung	676	Overgang frå prosjekt til faste stillingar
7	Auke i kostnadar forbruksmateriell	300	Mat, medisinske forbruksvarer, lisensar mm
	SUM nye tiltak	**9483**	
	KS-Hjelpemiddel programvare Ønska tiltak	165	Eit digitalt system for lager, logistikk og samhandling i kommunal formidling og e-helse. Fyrste år kostnad til prosjektering, utstyr og lisens

Kommunalsjefen sine forslag til innsparingstiltak:

	1-årig tiltak	Grunngjeving	Forventa innsparing i -27	Notat
1	Prosjektmidlar som finansierer stillingar i helse	TØRN, Forebyggjande heimebesøk, foreldrestøttande tiltak- Dette er prosjektmidlar som sannsynlegvis blir vidareførte i 2027	-1220	
2	Permisjonar og vakansar	Det er delvis permisjon og vakanse i enkelte stillingar, der	-546	

	1-årig tiltak	Grunngjeving	Forventa innsparing i -27	Notat
		det er vurdert at det ikkje er formålstenleg å tilsette vikar.		
3	Redusere reduksjon i lønskostnadar i heimetenesta	Midlertidig færre vedtak og endring i tenestebehov, men langsiktig må dette reknast med att frå -28.	-1546	
4	Stenging av 6 institusjonsplassar – Stugu og Gjestetunet og reduksjon i nattenesta	Det har vore overbelegg på Stugu Arbeidsbelastninga har over tid vore høg, og arbeidstilhøva med små rom og mangel på gode lyfteanordningar kan ha medverkande årsak til høgt sjukefråvær. Gjestetunet har hatt ein lågare beleggsprosent. HSS sine kommunale sengeplassar har også vorte brukt meir av Ål som allereie betalar kostnadane for sengeplassane. Det må reknast med at behovet vil auke at frå 2028	-6549	Det blir foreslått å stenge 6 institusjonsplassar i 2027. Fordeling og organisering kjem ein attende til. Ein vil også fortsette med 1 mindre på natt. Ei betre utnytting av bruk av plassar gje høve til ei betre ressursutnytting som å redusere behovet for å innleie ved fråvær og bruk av vikarbyrå. Det er også midlertidig reduksjon i sjukeheimslege.
	SUM innsparing 1-årig tiltak		-9861	
	I planperioden 2027-2030			
1	Reduksjon i stilling velferdsteknologi/e-helse- kommunalsjef	Det er sett av 100 % stilling e-helse og velferdsteknologi – sektoren foreslår at denne stillinga blir redusert med 50 %	-515	Dette kan gje utfordringar for å avsette nok ressursar til å møte framtida sine utfordringar med utviklinga som skjer både innan KI og e-helse. Dette må sjåast opp mot moglegheit til å søkje

	1-årig tiltak	Grunngjeving	Forventa innsparing i -27	Notat
				prosjektmidlar og regionalt samarbeid.
2	Innsparing betre tenestestyrt bemanning i Miljøterapitenesta1		-619	
3	Auka inntekter i heimetenesta og institusjon	Auka inntekter i brukarbetaling	-1950	
4	Reduksjon i tenesteyting PPT		-1072	
5	Endringar og omposteringar ansvar 3000 kommunalsjef		-1538	
6	Reduksjon i bruk av vikarbyrå	Pr. i dag har sektoren avsett 5.5 mill. i budsjett- det jobbast med å skalere ned bruken av vikarbyrå	-2500	
7	VKP velferdsteknologisk knutepunkt	Går ut ved innkjøp av Aidn – er integrert i systemet	-200	
8	Reduksjon i heimel – erfaringskonsulent	Vakant stilling	-387	Det er i prosjektperiode prøvd ut bruk av erfaringskonsulent. Det har vore utfordrande å få til ein stabilitet i denne funksjonen.
9	Intermediæravdeling HSS	Nedgang i utgifter som følge av mogleg ny interkommunal avtale	-1000	
10	**SUM innsparing i planperioden**		**-9781 (- 387)**	**sum pt 9394**
	SUM innsparing totalt i planperioden 2027 punkt 5 under 1-årige tiltak og punkt 10 for heile planperioden		**-19642**	# sjekk erfaringskonsulent inn eller ut

	1-årig tiltak	Grunngjeving	Forventa innsparing i -27	Notat
	SUM ønska nye tiltak		**-10159**	# sjekk erfaringskonsulent inn eller ut

Anna:

- Planarbeid for framtidig utbygging av Helsetunområdet og ombygging/utviding av Sundrevegen 95. For å vere rusta til å møte demografiske endringar går det føre seg planlegging for utbygging av til dømes sjukeheimsplassar, omsorgsbustader, behandlingsbasseng og treningssalar
- Utgifter til økonomisk stønad er vanskeleg å føresjå. Er til dømes avhengig av dyrtid, tal på busette flyktningar og arbeidsløyse.
- Hol kommune gjekk ut av samarbeidsavtala om felles PPT 31.12.2023. Ål PPT er vidareført med same tal på personalressursar,- tiltaket skal evaluerast jamleg og neste gong innan 1. kvartal 2027. Det må vurderast framtidig organisering og behov for spesialpedagogiske sakkyndigevurderingar og satsing på tidleg innsats
- Tidleg innsats er viktige satsingsområder som kan redusere behov i framtida. Trygg oppvekst-BTI, Trygg start, Familiestøttande tiltak, og gode samhandlingstiltak for barn og unge og deira pårørande er viktige satsingsområde
- Innføring av digitale løysingar, KI og teknologi som bidreg til auka meistring hjå pasienten og som også vil redusere behov for auke av personell
- Utvikle og forbetre pasientforløp for meir effektiv ressursbruk
- Innføring av Aidn – ny EPJ – sannsynleg betre tilpassing av tenesteutøving, reduksjon av skjermtid, meir tid til direkte brukarretta oppgåver, betre samhandling og ruteplanlegging
- Utvikle dagsenter/aktivitetstilbod til personar med ein demensdiagnose og for personar med nedsett funksjonsevne. Kan gje auka meistring og redusere behov for tenester

Investeringar:

Framlegg til investeringar	2027	2028	2029	2030	Kommentar
Bilar helse og omsorg	800	600	0	0	
Medisinsk utstyr, senger og behandlingsbenk	400	500	400	400	
Etablere ledelinjer i Ål helsesenter	0	200	0	0	Ål helsesenter er vanskeleg å orientere seg i. Det er fremja ynskje om å få på plass ledelinjer som viser veg i Ål helsesenter.
Utstyr og møblar til sanserom	150	0	0	0	Sanserom i det nye bygget på Miljøterapi har behov for utstyr og inventar for å kunne ta dette rommet i bruk
Møblar/inventar til tre avlastingsbustader Miljøterapi	150	0	0	0	
To bustader – tilrettelagt personar med låg buevne		4 000	0	0	

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Opphavleg budsjett		**220 129**	**220 129**	**220 129**	**220 129**
Sum Vedtak førre periode		**4 882**	**4 882**	**4 854**	**4 854**
Sum Budsjettendring i år		**6 457**	**6 457**	**6 457**	**6 457**
Konsekvensjusteringer		**11 339**	**11 339**	**11 311**	**11 311**
Konsekvensjustert ramme		**231 468**	**231 468**	**231 440**	**231 440**
Innsparingstiltak					
1-årig reduksjon grunn av vakanse (permisjon) ansvar 3130. Totalt 40 %	Innsparingstiltak	-264	0	0	0
Auke i inntekt brukarbetaling	Innsparingstiltak	-1 600	-1 600	-1 600	-1 600
Auke i inntekt brukarbetaling institusjon	Innsparingstiltak	-350	-350	-350	-350
Endringar og omposteringar ansvar 3000	Innsparingstiltak	-1 538	-1 538	-1 538	-1 538
Familiestyrkande tiltak – helsestasjon	Innsparingstiltak	-700	0	0	0
Førebyggande arbeid heimebesøk-samarbeidsprosjekt med introtenesta	Innsparingstiltak	-220	0	0	0
Innsparing – lønn endring i drift	Innsparingstiltak	-619	-619	-619	-619
Innsparing og ompostering natteneste	Innsparingstiltak	-1 538	0	0	0
Reduksjon i bruk av vikarbyrå	Innsparingstiltak	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
Reduksjon i kostnader IMA ved ny finansiering / fordeling	Innsparingstiltak	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Reduksjon i sjukeheimslege og legevaktlege med 55 % stilling	Innsparingstiltak	-986	0	0	0
Reduksjon i stilling velferdsteknologi / e-helse	Innsparingstiltak	-515	-515	-515	-515
Reduksjon i tal på sengeplassar i institusjonsteneste (Stugu, Natt og Gjestetunet)	Innsparingstiltak	-1 610	0	0	0
Reduksjon i tenestebehov – og lønnskostnader	Innsparingstiltak	-1 546	0	0	0
Reduksjon i tenesteyting	Innsparingstiltak	-1 072	-1 072	-1 072	-1 072

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**Tiltakstype**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Stenging av 6 sengeplassar på institusjon (Stugu, Gjestetunet og Natt)	Innsparingstiltak	-2 415	0	0	0
Tiltaksnamn: Vakanse på grunn av permisjon – 3131	Innsparingstiltak	-282	0	0	0
Tørn – betre tenestestyrt bemanning, organisering av tenester	Innsparingstiltak	-300	0	0	0
VKP (velferdstekologisk knutepunkt) – Går ut	Innsparingstiltak	-200	-200	-200	-200
Sum Innsparingstiltak		**-19 255**	**-9 394**	**-9 394**	**-9 394**
Nye tiltak					
Auka kostnader – kjøp av tenester	Nye tiltak	1 975	1 975	1 975	1 975
Auke i kostnader, medisin, mat og drivstoff	Nye tiltak	300	300	300	300
Barnekoordinator – 50 % stilling fordelt mellom oppvekst og helse	Nye tiltak	226	226	226	226
Endring i interkommunale samarbeidstiltak – endring i utbetaling økonomisk stønad	Nye tiltak	400	400	400	400
Endring i kjøp frå andre – interkommunale samarbeidstiltak mellom anna Hallinghelse og Miljøretta Helsevern	Nye tiltak	-500	-500	-500	-500
Endring interkommunale samarbeidstiltak – Vinn	Nye tiltak	142	142	142	142
Endringar i interkommunale samarbeidstiltak – ansvar 3040, teneste 2421	Nye tiltak	162	162	162	162
Endringar og omposteringar ansvar 3000	Nye tiltak	220	220	220	220
Fact -Ung -fast stilling 50 %	Nye tiltak	450	450	450	450
Kjøp av tenester	Nye tiltak	3 113	3 113	3 113	3 113
Nytt tenestebehov for enkeltbrukar med omfattande tenester.	Nye tiltak	2 010	2 010	2 010	2 010
Overgang frå prosjekt til fast tilbod- psykisk helse og rus	Nye tiltak	480	480	480	480
Tryggleiksalarm – Endring i kommunane sitt høve til ta betalt for tryggleiksalarm	Nye tiltak	505	505	505	505
Sum Nye tiltak		**9 483**	**9 483**	**9 483**	**9 483**
Nye tiltak og realendringar		**-9 772**	**89**	**89**	**89**

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	Tiltakstype	2027	2028	2029	2030
Ramme 2027-2030		**221 696**	**231 557**	**231 529**	**231 529**

Samandrag budsjett

Framtidige helse og omsorgstenester står overfor eit paradigmeskifte. Dette vil krevje gode prioriteringar både politisk og administrativt.

Tenestene står også ovanfor store utfordringar knytt til ein aukande etterspurnad, knappe ressursar og mangel på personell. For å sikre god kvalitet for pasientane, godt arbeidsmiljø for dei tilsette samt økonomisk haldbar drift, fordrar dette heilskapleg samspel, satsing på innovasjon og endra oppgåvefordeling.

Hovudmålet for perioden 2027–2030 er å utvikle berekraftige helse- og omsorgstenester som gir innbyggjarane rett hjelp til rett tid, gjennom meir førebygging, betre samhandling, målretta prioriteringar og effektiv bruk av kompetanse og teknologi.

Innsparingstiltak

1-årig reduksjon grunn av vakanse (permisjon) ansvar 3130. Totalt 40 %

1-årig reduksjon grunn av vakanse (permisjon) ansvar 3130. Totalt 40 %

Auke i inntekt brukarbetaling

I tillegg til at det er foreslått auke eigenbetaling i budsjettframlegg er det justert både i høve til reelle innbetalingar. Ved enno meir presis teneste-tildeling, reknar ein med at det er fleire tenester som gir betalingsvedtak.

Auke i inntekt brukarbetaling institusjon

Ut ifrå reelle inntekter dei 2 siste åra er inntekter for vederlagsbetaling og betaling for korttidsopphald auka med kr 350 000.

Endringar og omposteringar ansvar 3000

Det er gjort ein del ompostering og endringar på ansvar 3000 som gir ei innsparing. Nokre av tiltaka er redusert i kostnader på omsorgsstønad, då det er færre omfattande vedtak. Det var sett av midlar til ein felles kommuneoverlege i Hallingdal, som pr no er skrinlagt.

Familiestyrkande tiltak – helsestasjon

Kommunen har fått styrkingsmidlar til førebyggjande arbeid for barn og unge med kr 700 000 i 2026. Under føresetnad av at det ikkje blir endringar i Statsbudsjett for 2027 vil desse midlane bli vidareført i 2027.

Førebyggande arbeid heimebesøk- samarbeidsprosjekt med introtenesta

Ål kommune fekk i 2026 kr 441 000 i prosjektmidlar til førebyggande arbeid – heimebesøk, saman med Ål introteneste. Under føresetnad av tilskottet blir vidareført i 2027 vil dette gje ei omprioritering av ressursar som gir ei innsparing for helse på ca kr 220 000

Innsparing – lønn endring i drift

Endring i drift i høve til tenestestyrt bemanning.

Innsparing og ompostering natteneste

Innsparing og ompostering – ansvar 3060 Natt. Pt er det redusert behov for den 6. nattevakta, mellom anna fordi det ikkje er så mange brukarar i heimetenesta som treng tilsyn. Det er usikkert om det kan vere ei permanent løysing.

Reduksjon i bruk av vikarbyrå

Ved ei betre organisering, reduksjon i sjukefråvær og betre tenestestyrt bemanning reduserer ein bruk av vikarbyrå frå 4,5 mill. kr til 2,0 mill.

Reduksjon i kostnader IMA ved ny finansiering / fordeling

Dersom ny finansieringsmodell blir godkjent vil Ål kommune ha ein redusert kostnad for drift / underskot av IMA. Dersom dagens finansieringsmodell mot formodning blir vidareført er det behov for å vidareføre eit budsjett på minimum 6,5 mill. som er budsjettramme i år. 2026.

Reduksjon i sjukeheimslege og legevaktlege med 55 % stilling

Det har lege inne 100 % stilling som sjukeheimslege. I landssamanheng er det ein relativ høg legedekning. Når det er behov for tettare oppfølging av lege og sjukepleiar for enkeltpasientar intermediæravdeling ved Hallingdal sjukestove nyttast. Det er derfor vurdert at det er behov for 60 % stilling som sjukeheimslege i 2027. I tillegg er det midlertidig redusert 15 % som legevaktlege. Det langsiktige behovet må sjåast i samanheng med vidare utgreiing om felles legevakt.

For å ta høgde for den demografiske endringa har ein valt å legge dette som eit 1-årig -tiltak.

Reduksjon i stilling velferdsteknologi / e-helse

Helse- og omsorgssektoren har tidlegare fått auka ramme med 100 % stilling innan e-helse. Samstundes har det vore ei regional satsing på e-helse både i Hallinghelse og i kommunehelsesamarbeidet både med faste stillingar og prosjektmidlar. Stillinga har derfor blitt ståande delvis vakant.

I 2026 har kommunen også fått prosjektmidlar til finansiering av stilling som skal jobbe med mellom anna digital heimeoppfølging. Det vil om mogleg blir søkt om prosjektmidlar også i 2027.

Reduksjon i tal på sengeplassar i institusjonsteneste (Stugu, Natt og Gjestetunet)

Dei siste åra har beleggsprosenten på korttidsavdelingen gjennomsnittleg vore på mellom 60- 70 %. På langtidsavdelinga har beleggsprosenten vore opp mot 100 %. Langtidsavdelinga har mindre rom som ikkje er så godt lagt til rette for bruk av hjelpemiddel for bebuarar som har omfattande behov for stell og pleie. Ved å redusere på sengekapasitet, legge til rette for meir fleksibel og rett bruk av rom, samt betre ressursutnytting og meir rett bruk av kompetanse vil ein kunne redusere bemanningsfaktoren totalt sett, ha mindre behov for å innleie ved fråvær og redusere sjukefråværet. Dette er lagt inn som eit 1-årig tiltak, då framskrivingar tilseier at det er behov for alle sjukeheimsplassane i nær framtid.

Det er totalt lagt inn 4,025 mill. i innsparing fordelt med 2415 på langtidsavdeling og 1,61 på korttidsavdeling. I tillegg er det lagt inn reduksjon i bemanning på natt teneste med va 1,5 årsverk (bemanningsfaktor er redusert frå 6 til 5)

Reduksjon i tenestebehov – og lønnskostnader

Det er blitt jobba systematisk med teneste-tildeling, vedtak, tiltak og bruk av teknologiske løysingar som tryggleiksalarm, medisindispensar, mv. Samstundes har behovet for omfattande tenester vore lågare, ein ser noko av det same trenden ved beleggsprosent på korttidsavdeling og bruk av intermediærplassar. På sikt må ein ut ifrå framskrivingar og målet om at flest mogleg skal bu heime lengst mogleg rekne med at omfanget vil auke. Dette er derfor lagt inn som eit 1 åra tiltak.

Reduksjon i tenesteyting

Reduksjon i ramme for PPT. Det skal bli gjort ei evaluering av tenesta i løpet av 2027. Dei økonomiske rammene er ein del av dette. Det må reknast med endring i tenestetilbodet.

Stenging av 6 sengeplassar på institusjon (Stugu, Gjestetunet og Natt)

Dei siste åra har beleggsprosenten på korttidsavdelingen gjennomsnittleg vore på mellom 60- 70 %. På langtidsavdelinga har beleggsprosenten vore opp mot 100 %. Langtidsavdelinga har mindre rom som ikkje er så godt lagt til rette for bruk av hjelpemiddel for bebuarar som har omfattande behov for stell og pleie. Ved å redusere på sengekapasitet, legge til rette for meir fleksibel og rett bruk av rom, samt betre ressursutnytting og meir rett bruk av kompetanse vil ein kunne redusere bemanningsfaktoren totalt sett, ha mindre behov for å innleie ved fråvær og redusere sjukefråværet. Dette er lagt inn som eit 1-årig tiltak, då framskrivingar tilseier at det er behov for alle sjukeheimsplassane i nær framtid.

Det er totalt lagt inn 4,025 mill. i innsparing fordelt med 2415 på langtidsavdeling og 1,61 på korttidsavdeling. I tillegg er det lagt inn reduksjon i bemanning på natt teneste med va 1,5 årsverk (bemanningsfaktor er redusert frå 6 til 5)

Tiltaksnamn: Vakanse på grunn av permisjon – 3131

Vakanse på grunn av permisjon – 3131 – 1-årig tiltak

Tørn – betre tenestestyrt bemanning, organisering av tenester

Ål kommune har vore med i TØRN- nettverk i 2026, og har fått midlar til frikjøp av prosjektleiar. Ål har søkt og blitt med i eit nytt læringsnettverk i 2027.

Formålet med TØRN er: Betre oppgaåedeling, alternative arbeidstidsordningar (som langvakter), riktig kompetansebruk og styrka heiltidskultur.

VKP (velferdstekologisk knutepunkt) – Går ut

VKP (velferdsteknologisk knutepunkt) blir ein del av ny EPJ i 2027. Derfor er prosjektet nedlagt.

Nye tiltak

Auka kostnader – kjøp av tenester

Ål kommune har kjøpt institusjonsplass for brukar i fleire år, der behovet for pleie har auka det siste året. Kostnaden pr månad vil sannsynlegvis for 2027 vere på kr 297 000. Det er pt budsjettert med kr 1581 000. Dette gir ein differanse på kr 1 975 000,

Auke i kostnader, medisin, mat og drivstoff

Kostnader til mat, medisin, medisinske forbruksvarer, og drivstoff har hatt ein kraftig prisvekst. Det er lagt inn ein auke på totalt kr 300 000 fordelt på ulike ansvar.

Barnekoordinator – 50 % stilling fordelt mellom oppvekst og helse

Kostnader viser helse- og omsorgssektoren sin del for for 50 % stilling som barnekoordinator.

Det vart i 2022 eit lovheimlar krav om barnekoordinator i kommunen. Styrke oppfølging av utsette barn og unge og deira familiar – auka samarbeid mellom velferdstenestene. Plikta til å tilby barnekoordinator lagt til kommunen etter helse- ogomsorgstenesteloven § 7-2 a.

«*Koordinerande eining i kommunen har overordna ansvar for oppnemning, opplæring og rettleiing av barnekoordinator. Gjennom oppnemning av barnekoordinatorer utpekes kven som har ansvaret for samordning av tenestene til barnet*»

Stillinga har lege inne sidan 2025 som ei mellombels stilling. SHO og avdelingsleiargruppa i helse- og omsorg prioriterer ei vidareføring saman med oppvekst.

God koordinering og tidleg innsats kan hindre auka behov for tenester, betre tilpassing og betre pårørandestøtte.

Endring i interkommunale samarbeidstiltak – endring i utbetaling økonomisk stønad

Det er lagt inn ca. 4 % kostnadsauke på utbetaling av økonomisk stønad.

Endring i kjøp frå andre – interkommunale samarbeidstiltak mellom anna Hallinghelse og Miljøretta Helsevern

Budsjettforslag og nye tiltak Hallinghelse er på kr 2,235 mill.

Miljøretta helsevern har levert eit budsjettforslag der Ål sin del er på kr 218 000. Budsjett for 2026 var på totalt kr 3,186 mill. Posten er redusert med kr 500 000.

Endring interkommunale samarbeidstiltak – Vinn

Ål har fått rekning på kr 513 000 i 2026. Det er eit budsjettforslag på ein auke med kr 65 000. For 2026 var det budsjettert med kr 430 000. Det er derfor lagt inn kr 150 000 i auke for 2027.

Det er i tillegg lagt inn endringar i utbetaling til oppmuntringspengar.

Endringar i interkommunale samarbeidstiltak – ansvar 3040, teneste 2421

Jf. Budsjettforslag frå Nav Hallingdal – drift av kontoret er driftskostnadene for Ål kommune på kr 1 966 470 dersom ein fordeler etter folketal.

Krisesenteret og barnevernsvakta har levert budsjettforslag der drift av krisesenteret på kr 1325 579. Det er ein fordelingsnøkkel på 60 % på krisesenter og 40 % på barnevernsvakt. Kostnader krisesenteret blir då på kr 795 340. Budsjett 2026 var på kr 2,6 mill. totalt. Det er lagt inn ein auke på kr 162 000.

Endringar og omposteringar ansvar 3000

Det er gjort ein del ompostering og endringar på ansvar 3000 som gir ei innsparing. Nokre av tiltaka er redusert i kostnader på omsorgsstønad, då det er færre omfattande vedtak. Det var sett av midlar til ein felles kommuneoverlege i Hallingdal, som pr no er skrinlagt.

Fact -Ung -fast stilling 50 %

Stillinga har vore prosjektstilling i 5 år. Frå 2027 får ikkje prosjektet lengre eksterne midlar. Dette er eit samarbeidsprosjekt med spesialisthelsetenesta der Ål kommune bidreg inn med 50 % stilling. For at FACT- ung skal fungere etter intensjon er det viktig at stillinga blir vidareført.

FACT ung-modellen skal gje sårbar ungdom (12–25 år) med samansette psykiske helse- og rusutfordringar et koordinert, tverrfagleg og oppsøkjande heilskapleg tilbod. Det er gjennomført ei undersøking /evaluering av FACT ung i Vestre Viken, som viser positive erfaringar med FACT ung både for ungdommane sjølv og for deira pårørande.

Ål samarbeider med Hol kommune, der Ål pt dekker 50 % av kostnaden til 100 % FACT- Ung koordinator.

Kjøp av tenester

Kjøp av eksterne tenester jf. vedtak som legg på ansvar og behov har endra seg for enkeltbrukarar. Det same gjeld brukarbetaling. Ein del ressurskrevjande tiltak har blitt redusert eller vilkår for å få statleg refusjon for kostnadskrevjande brukarar har falle bort for enkelte gir reduksjon i refusjonsinntekter.

Nytt tenestebehov for enkeltbrukar med omfattande tenester.

Nyinnflytta brukar over 18 år- ressurskrevjande brukar. Utrekna timetal pr veke er 147 timar med 1:1 tenester. Dette vil utgjere i lønnskostnader utan overtid på kr 4,55 mill. Refusjon for ressurskrevjande brukarar ut over innslagspunkt og ca. 80 % dekking av direkte lønnskostnader blir ca. 1,47 mill.- ansvar 3000

Overgang frå prosjekt til fast tilbod- psykisk helse og rus

Ved oppretting av avdeling meistring vart det i budsjettet lagt inn 100 % stilling. Kommunen har fram til 2026 fått styrkingsmidlar – statlege prosjektmidlar for styrking av kommunalt rus og psykisk helsearbeid, så dermed har stillinga vore finansiert med statlege midlar. Det er lagt inn 80 % stilling, så det pt er 20 % vakanse i eininga.

Tryggleiksalarm – Endring i kommunane sitt høve til ta betalt for tryggleiksalarm

Brev frå Statsforvaltaren – kommunane sitt høve til å ha betalt for tryggleiksalarm

Tildelingskritera for tildeling av tenester må endrast. Alle vedtak om tildeling av tryggleiksalarm må revurderast, og det same vil storleiken på eigenbetaling/ om det vil bli stilt krav om eigenbetaling.

Moglege tiltak

Beløp i 1000

			Økonomiplan			
	Prioritet	Endringskode	2027	2028	2029	2030
Familiehjelpa-prosjektmidlar	1	Nytt tiltak	0	0	0	0
KS – Hjelpemiddel	1	Nytt tiltak	165	41	41	41
Sum			**165**	**41**	**41**	**41**

Nye tiltak

Familiehjelpa- prosjektmidlar

Dersom det i prosjektmidlar til førebyggande arbeid i statsbudsjettet blir vidareført vil prosjekt med familiehjelp som eit førebyggande tiltak bli vidareført. Her vil kostnader bli dekt med prosjektmidlar.

KS – Hjelpemiddel

KS Hjelpemiddel er eit digitalt system for lager, logistikk og samhandling i kommunal hjelpemiddelformidling og velferdsteknologi, som er planlagt tatt i bruk i Hallingdal.

Kultur

Innleiing

Kultur skapar fellesskap og utviklar samfunnet

Kultursektoren i Ål kommune omfattar Ål bibliotek, Ål bygdearkiv, Nesch-museet, Galleri Syningen, Ål kino, Sprang – landsdelsscene for dans, Tradisjonskultur, Ål kulturhus, Kulturkontoret med det frivillig kultur- og idrettsliv, arrangørforum, Idrettstråd og musikkråd, ungdomsklubb, kulturvern/kulturmiljø og kulturminne. Tenester som alle innbyggjarar i Ål nyttar seg av gjennom heile livet.

Kommunalområdet skal leggje til rette for eit opent og inkluderande kulturliv med høg deltaking og eit rikt mangfald av kunst- og kulturuttrykk. Det skal bidra til å styrkje sentrumsutvikling og lokalsamfunnet ved å koordinere og vera ein tilretteleggjar, og i samspel med andre aktørar sikre tilgjengelege møteplassar og arenaer for deltaking, oppleving og skapande aktivitet av høg kvalitet.

Området har både ansvar for direkte tenester til innbyggjarane, lovpålagde og forvaltningsmessige oppgåver og strategisk samfunnsutvikling. Kultur er ein viktig del av kommunen sitt arbeid med bulyst, folkehelse, inkludering og livskvalitet, og bidreg til å skape eit lokalsamfunn der fleire kan delta, meistre og høyre til.

Kulturkontoret er oppteken av at me både skal ta vare på lokale tradisjonar og kulturarv, samstundes som me gjev rom for nye uttrykk og nye møteplassar, for å skape eit mangfaldig lokalsamfunn.

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Kultur	2025	11,38	61,79 %	0,04	1,65	13,07
Kultur	2026	10,99	63,57 %	0,21	1,87	13,07
Endring 2026-2025		**-0,39**	**1,78 %**	**0,17**	**0,22**	**0,00**

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter						
Lønn	12 643	14 275	14 858	14 506	14 506	14 506
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	6 565	5 873	5 468	5 468	5 468	5 468
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	0	24	24	24	24	24
Overføringsutgifter	3 198	3 008	3 065	3 065	3 065	3 065
Finansutgifter	755	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**23 162**	**23 180**	**23 415**	**23 063**	**23 063**	**23 063**
Driftsinntekter						
Salsinntekter	-4 241	-5 135	-5 135	-5 135	-5 135	-5 135
Refusjonar	-3 725	-1 908	-1 908	-1 908	-1 908	-1 908
Overføringsinntekter	-2	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-250	100	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	**-8 218**	**-6 943**	**-7 043**	**-7 043**	**-7 043**	**-7 043**
Sum	**14 944**	**16 237**	**16 372**	**16 020**	**16 020**	**16 020**

Beskriving av verksemda i dag

Delegeringsreglementet for Ål kommune seier følgande om oppgåver i samsvar med vedtak i kommunestyret etter vedteken organisasjonsplan og ta seg av fylgjande saksfelt: utvikle Ål som kulturkommune, halde dialog med frivillige organisasjonar og kulturliv, fordele årlege kulturtilskot til arrangørar og frivillige lag og organisasjonar, generelle kulturoppgåver, fylgje opp målsetningar i Kulturplan for Ål kommune og kommunalt ungdomsarbeid.

Kultursektoren i Ål kommune består av 3 avdelingar, med 18 faste tilsette og 5 tilsette på tilkalling som fordelar seg slik;

Kommunalsjef kultur: er direkte underlagt rådmann og er gjett det heile og fulle ansvaret for sektoren Kultur. Hen deltek i Rådmann sitt leiarteam. Ansvaret omfattar fagleg planlegging, innhald og utvikling, personalmessige, organisatoriske og økonomiske forhold. Frå 01.05.26 har kommunalsjefen også fungert som avdelingsleiar bibliotek. Me arbeider for å få tilsett nokon i biblioteket som fagansvarleg innan 01.03.27.

Kulturkontor: 1 tilsett i 100 % stilling med ansvar for tildeling tilskot, kontakt med idrettsråd, musikkråd og 191 frivillige lag og organisasjonar, spelemidlar, søknadsskriving. Samarbeider tett med Visit Ål om marknadsføring av kultur til innbyggjarar og turistar. Held opne kveldar med kurs/rådgjeving i spelemidlar, arbeider med revideringar av til dømes frivilligstrategi, temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv og kulturplan. Kulturkontoret fekk attende ansvaret for prosjektet Nesch og Ungane frå Nesch-utvalet i 2025, og har etablert eit godt samarbeid med oppvekst v/skulefagleg rådgjevar om planlegging og gjennomføring av dette prosjektet.

Tradisjonskultur: 1 prosjektkoordinator i 50 % stilling og 1 distriktsmusikar i 100 % stilling, for Hallingdal. Finansiert av tilskot frå fylket og kommunane Gol, Ål, Hemsedal og Hol. Koordinator starta 1. mai 2026 og stillinga varar i 18 månader. Distriktsmusikar starta 10. august 2026 og varar i 12. månader. Prosjektkoordinatoren har arbeidd med ei målsetjing om å lage ein berekraftig regional modell som legg til rette for ei varig styrking av tradisjonskultur i region Hallingdal, med oppstart med folkemusikk og folkedans. Og har dei siste månadene arbeidd med korleis ein kan utvide dette til å gjelde fleire tradisjonskulturar som til dømes dialekt, handverk og lokalmat.

Bygdearkivet: 1 tilsett i 40 % stilling i Ål kommune, der den tilsette rapporterer til biblioteksjef. Alt innsamla materiale i bygdearkivet tilhøyrer Ål historielag og styret er den fremste samarbeidspartnaren til dagleg leiar. Elles deltek ei rekke personar i vaktordning for at arkivet skal kunne vera ope for publikum. Nokre personar er også engasjerte i arbeidet med digitalisering og anna arbeid for å leggje til rette for at innlevert materiale skal kunne vera til glede og nytte for alle historieinteresserte. Ål bygdearkiv stiller lokale til disposisjon for Ål historielag og held fram med å arbeide aktivt med å samle inn, registrere og ta vare på lokalhistorisk materiale frå bygda.

Biblioteket: har 4 faste tilsette i ulike prosentstørrelsar. Kommunalsjef kultur er pr. no fungerande biblioteksjef. Tilsetjingsprosess for ny biblioteksjef er pågåande og ein håpar at ein har på plass ein ny avdelingsleiar innan 01.03.27. Dei har vidareført satsinga på formidling, læring og digital utvikling, og samarbeider tett med skular og barnehagar i kommunen. Som meirope bibliotek har dei hatt gode opningstider og fleksible lokale, som gjer det mogleg å tilpasse rommet til ulike aktivitetar og sesongar.

Ål Kulturhus: 9 fast tilsette i ulike prosentstillingar som tek seg av drift av Storesal og Veslesal, Ål kino, Galleri Syningen, Nesch-museet, og 5 på tilkalling som tek seg av billett/kiosk og resepsjon på arrangement. Lokala er tilgjengeleg og kommunestyret har vedteke at frivillige lag- og organisasjonar

kan bruke lokala gratis til møter, seminar og frivillig aktivitet. I tillegg gjev kulturhuset gratis kontorplass til Ål Intro, frivilligsentralen, ungdomssentralen og Ål kulturskule.

Nasjonale føringar, demografisk utvikling og forventningar påverkar aktivitet og tenestebehov. Overordna statlege og lokale styringssignal eller lovpålagde oppgåver omfattar til dømes:

1. «den nye kulturlova frå 2025" eller Lov om offentlege styremakters ansvar for kulturverksemd. Dette er den sentrale lova for kulturfeltet, og her vart armlengdesprinsippet lovfesta frå 2025. Det inneber at kunstnarlege og kulturfaglege vurderingar skal gjerast av fagpersonar, ikkje av politikarar. Kommunen kan fastsetje overordna mål og økonomiske rammer, men skal ikkje detaljstyre kunstnarlege avgjersler. Og etter endringane i kulturlova så skal kommunen ha ei skriftleg oversikt over status og utviklingsbehov på kulturfeltet og fastsetja overordna mål og strategiar for kulturfeltet gjennom planarbeidet. Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova) – Lovdata

2. Plan- og bygningslova og nasjonale forventningar til planlegging. Kommunen skal fylgje opp nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging gjennom planstrategi, kommuneplan og sektorplanar. For kultursektoren betyr dette at kultur ikkje berre er eit eige fagområde, men òg eit verkemiddel i samfunnsutviklinga. Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) – Lovdata

3. Folkebiblioteklova (lovpålagd teneste) som har eigne føringar for bibliotekverksemd. Bibliotek skal vere uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg samtale, debatt, læring og kulturformidling. Lov om folkebibliotek (folkebiblioteksloven) – Lovdata

4. Statlege kulturmeldingar og kulturpolitikk, som legg føringar for kommunal kulturutvikling, der sentrale mål er deltaking for alle, kultur som del av stads- og samfunnsutvikling, kulturelt mangfald og styrking av den lokale kulturelle grunnmuren og frivillig sektor (lovfesta ansvar, men ikkje krav om bestemte tenester). Sak – stortinget.no

5. Tverrsektorielle nasjonale mål som til dømes statlege mål innan folkehelse, berekraftsmål (FN), oppvekst og livslang læring og beredskap påverkar kultursektoren. FNs konvensjon om barnets rettar – regjeringen.no

Det er viktig at ein opprettheld å investere i aktivitetar som er tilgjengelege for alle, uavhengig av økonomisk bakgrunn i økonomiplanen, då ein veit at aktiv deltaking i fritidsaktivitetar, kultur- og samfunnsliv er essensielt for å byggje sosiale nettverk og fremme sosial helse. Dette inkluderer støtte til frivillige lag- og organisasjonar, idrettslag, kulturtilbod som arbeider for å inkludere alle innbyggjarar. Då kan me bidra til å redusere utanforskap og styrkje fellesskapet i Ål. KS sitt Utanforreknskap viser at investeringar i barn, unge, inkludering og deltaking kan gi gevinstar langt utover den fireårige økonomiplanen. Dette budsjettet fylgjer opp desse ambisjonane.

Kultur handlar ikkje berre om å levere tenester i dag, men om å byggje grunnlaget for framtidig arbeidskraft, folkehelse, samfunnsdeltaking og berekraft. Dei viktigaste ressursane i Ål kommune er menneska som bur her.

Utfordringar og strategi

Generelt:

Kultursektoren skil seg frå mange andre kommunale tenesteområde ved at verdiskapinga og gevinstane ofte kjem seinare, og ofte utanfor sektoren sitt eige budsjett. Effekten av investeringar i bibliotek, frivilligheit, møteplassar, kulturarrangement og lokale kulturarenaer kan vere vanskeleg å måle direkte i kroner og øre, men samfunnsgevinsten er godt dokumentert gjennom ei rekkje indikatorar knytte til folkehelse, utdanning, inkludering og attraktivitet.

Deltaking i kulturliv og frivillig aktivitet bidreg til auka livskvalitet, betre psykisk helse og sterkare sosiale fellesskap. For barn og unge kan bibliotek, fritidsaktivitetar og møteplassar førebyggje utanforskap og styrkje meistring, identitet og tilhøyrsle. For eldre kan kulturaktivitetar redusere einsemd og bidra til aktiv deltaking i lokalsamfunnet. Slike gevinstar kan på sikt redusere presset på helse- og omsorgstenester og andre kommunale hjelpetiltak.

Eit rikt kulturliv er òg ein viktig faktor for utvikling og attraktivitet. Når familiar og arbeidstakarar vurderer kvar dei ønskjer å busetje seg, spelar tilgang til kulturtilbod, frivilligheit, idrett, møteplassar og aktivitetar ei stadig større rolle. Kultur er derfor ikkje berre ei teneste til innbyggjarane, men òg eit verkemiddel for rekruttering, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling.

Ål kommune har gjennom mange år hatt ei målretta satsing på kultur. Dette kjem til uttrykk gjennom plasseringa som nummer 3 på Kulturindeksen 2025. Ei slik plassering er eit resultat av langsiktig oppbygging av til dømes kulturinstitusjonar, frivillige miljø, arrangement, bibliotek og lokal deltaking. Kulturindeksen synleggjer at Ål har utvikla ein sterk kulturell infrastruktur som bidreg til kommunen si samla attraktivitet og utviklingskraft.

Kultur er dermed ikkje berre eit forbruk av kommunale ressursar, men ei investering i sosial berekraft. Eit levande kulturliv styrkjer demokratiske møteplassar, fremjar inkludering og identitet, skaper tilhøyrsle på tvers av generasjonar og aukar kommunen sin evne til å møte framtidige utfordringar. I eit langsiktig perspektiv er kultur ein del av grunnmuren for eit berekraftig lokalsamfunn, på same måte som gode oppvekstvilkår, folkehelsearbeid og næringsutvikling.

Særleg i distriktskommunar er sterke kulturmiljø viktige konkurransefortrinn. Dei bidreg til å gjere kommunen attraktiv for både innbyggjarar, besøkande og næringsliv. Investeringar i kultur skaper difor verdiar som ofte vert henta ut i andre sektorar og på andre tidspunkt enn der kostnadene oppstår. Dette gjer kultur til eit strategisk verkemiddel for langsiktig samfunnsutvikling, ikkje berre eit tenesteområde i kommunen sitt driftsbudsjett.

Utfordringsbilete:

1. **Økonomisk press:** Auka driftskostnadar og behov for vedlikehald av kulturbygg og møteplassar. Stramme kommunale budsjett gjev mindre handlingsrom for kulturtiltak.
2. **Demografiske endringar:** Færre unge og fleire eldre kan endre behovet for kulturtilbod. Utfordringar med rekruttering til frivillig aktivitet særleg blant yngre.
3. **Digitalisering og endra bruskmønster:** Endra bruksmønster krev nye formidlingsformer.
4. **Frivillig lag og organisasjonar og lokal engasjement:** Behov for å styrka samhandling og støtte.
5. **Kulturen si rolle i samfunnsutvikling:** underkommunisert som verktøy for folkehelse og samfunnsutvikling.
6. **Planarbeid**: Ål kommune er ein av 5 kommunar som ikkje har kulturmiljøplan.

Strategiske prioriteringar:

1. **Styrke samarbeid og samordning:** Etablere faste dialogarenaer med frivillige lag og organisasjonar. Styrke samarbeidet med regionale aktørar.
2. **Prioritere barn og unge:** Sikre brei tilgang til fritidstilbod. Støtte ungdomsinitierte prosjekt og medverknad.
3. **Digital utvikling:** investere i digitale plattformer og kompetanseheving.
4. **Kulturbygg og møteplassar:** vedlikehald og oppgradering av eksisterande kulturarenaer. Tilrettelegging for universell utforming og fleirbruk.
5. **Mangfald og inkludering:** Utvikle kulturtilbod som speglar heile befolkninga og støtte tiltak som fremjar integrering og sosial deltaking.
6. **Synleggjering og verdiskaping:** Kommunikasjon og marknadsføring av lokale kulturtilbod, og få inn kultur som del av stadsutvikling og næringsstrategi.

Økonomi

Innsparingskrav for kultursektoren i budsjettrundskrivet 2027 inneber same utgangspunkt som budsjett 2026, der det ikkje er kompensert for lønsvekst 2027.

Kultursektoren foreslår å ta innsparingskravet frå postar der ein ser at det har vore att nokre små summar på budsjett jamfør forbruk, og har i år foreslått innsparing på kr 628 000,- frå kulturbudsjettet og kr 171 000,- frå budsjett til Drift og Utvikling. Kultur har spart litt meir enn direktivet tilseier.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	Tiltakstype	2027	2028	2029	2030
Opphavleg budsjett		**16 137**	**16 137**	**16 137**	**16 137**
Sum Vedtak førre periode		**0**	**-176**	**-176**	**-176**
Sum Budsjettendring i år		**207**	**507**	**507**	**507**
Konsekvensjusteringer		**207**	**331**	**331**	**331**
Konsekvensjustert ramme		**16 344**	**16 468**	**16 468**	**16 468**
Innsparingstiltak					
Innsparing bibliotek – inventar/kontormaskiner	Innsparingstiltak	-15	-15	-15	-15
Innsparing bibliotek – løn	Innsparingstiltak	-100	-100	-100	-100
Innsparing diverse kunst	Innsparingstiltak	-123	-123	-123	-123
Innsparing kulturhuset – avgift filmleige	Innsparingstiltak	-130	-130	-130	-130
Innsparing kulturhuset – informasjon/annonsering/reklame/profilering	Innsparingstiltak	-130	-130	-130	-130
Innsparing kulturhuset – straum	Innsparingstiltak	-130	-130	-130	-130
Sum Innsparingstiltak		**-628**	**-628**	**-628**	**-628**
Nye tiltak					
Tilskotsmidlar kultur	Nye tiltak	80	80	80	80
Sum Nye tiltak		**80**	**80**	**80**	**80**
Nye tiltak og realendringar		**-548**	**-548**	**-548**	**-548**
Budsjettendringar					
Andre tiltak	Budsjettendringar	300	0	0	0
Sum Budsjettendringer		**300**	**0**	**0**	**0**
Budsjettendringar		**300**	**0**	**0**	**0**
Ramme 2027-2030		**16 096**	**15 920**	**15 920**	**15 920**

Samandrag budsjett

Ynskja tiltak framover:

Folkemusikkoordinator og distriktsmusikarar tradisjonskultur. Her er det eit spleiselag mellom kommunane Ål, Gol, Hol og Hemsedal, og det er søkt støtte frå regionalt kulturfond for vidareføring av prosjektet, slik at ein kan fylgje opp buskerudplanen der ein seier at Buskerud er tradisjonsfylket.

Vedlikehald ventilasjon kulturhuset kr 500 000,- som forslag frå administrasjonen under investering Drift og Utvikling.

Innsparingar:

Innsparing avgift filmleige kr 130 000,-.

Innsparing løn bibliotek kr 100 000,-.

Innsparing diverse kunst kr 123 000,-.

Innsparing informasjon/annonsering/reklame kr 130 000,-.

Innsparing bibliotek inventar kr 15 000,-.

Innsparing drift Sprang kr 171 000,- – ligg under budsjett Drift og Utvikling.

Opplysning om andre tiltak i kultursektoren som ligg under ynskja/moglege tiltak på budsjettet til kommunalsjef for drift- og utvikling:

Rest gamal ledbelysning kulturhuset: går inn i fellespakke for Ål kommune på utskifting.

Utvendig måling og vedlikehald av kulturhuset kr 1 000 000,-

Oppussing Veslesalen kulturhuset: Varmestiuasjonen i salen vert sett på no i samband med utgreiing ventilasjon.

Uprioriterte behov det ikkje er økonomiske rammer til no:

Universell utforming/rehabilitering/påbygg Ål idrettshall. Dette vart presentert på Strategikonferansa til SUKO i april 2024, men grunna nye folk på avdelinga, som treng å setje seg nøye inn i saka, så vart den ikkje tatt med no. Men me må gjere noko med universell utforming, så avgjersla vert kor mykje ein skal gjere når ein fyrst startar arbeidet. Totale kostnader for investeringar var i 2024 på kr 33 550 000,-.

Rømmingsvegar kulturhuset, 3 stykk som ikkje møter krav til universell utforming. Kr 1 500 000,-

Oppgradering toalett kulturhuset.

Innsparingstiltak

Innsparing bibliotek – inventar/kontormaskiner

Innsparing bibliotek – inventar, kontormaskiner, it-utstyr kan spare inn kr 15 000,-

Innsparing bibliotek – løn

Kr 100 000,- på løn.

Innsparing diverse kunst

Administrasjonen foreslår innsparing på kr 60 000,- frå konto diverse kunst.

Innsparing kulturhuset – avgift filmleige

Innsparing filmleige kr 130 000,-.

Innsparing kulturhuset – informasjon/annonsering/reklame/profilering

Innsparing konto 11400 informasjon, annonsering, reklame, profilering kr 130 000,-.

Ved å redusere på konto for informasjon og annonsering, så kan det føre til mindre inntening då arrangement får mindre merksemd.

Innsparing kulturhuset – straum

Innsparing straum kr 130 000,-.

Nye tiltak

Tilskotsmidlar kultur

Det har tidlegare år vore ein såkalla fri sum på kulturbudsjettet, som kan brukast på tilskotsmidlar kultur, som vart fjerna heilt under førre årets nedskjeringar. Dette har slått uheldig ut med at til dømes tilskipingar og utgjevingar med lokal verdi ikkje har kunne fått tilskot frå kommunen, og ein dermed mistar breidda i det som kommunen bør tilby.

Moglege tiltak

Beløp i 1000

	Prioritet	Endringskode	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Innsparing tilskot museumsdrift	1	Innsparingstiltak	-20	-20	-20	-20
Tradisjonskultur – koordinator og distriktsmusikar	1	Nytt tiltak	0	176	176	176
Sum			**-20**	**156**	**156**	**156**

Nye tiltak

Innsparing tilskot museumsdrift

Stramme økonomiske rammer gjer at administrasjonen foreslår kutt på kr 20 000,-.

Tradisjonskultur – koordinator og distriktsmusikar

Ynskja vidareføring av prosjekt tradisjonskultur med koordinator og distriktsmusikar. kr 176 000 er kostnad for Ål kommune viss samarbeidet med 3 andre kommunar og fylkeskommunen vert vidareført.

Drift og utvikling

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Drift og utvikling	2025	58,29	66,87 %	0,00	1,84	60,13
Drift og utvikling	2026	58,33	68,09 %	0,00	2,37	60,70
Endring 2026-2025		**0,04**	**1,22 %**	**0,00**	**0,53**	**0,57**

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Brutto investeringar per år

Beløp i 1000 kr



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter						
Lønn	48 441	48 798	50 091	50 091	50 091	50 091
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	34 761	29 159	31 791	30 581	30 411	29 561
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	10 187	9 280	9 750	10 250	9 750	9 750
Overføringsutgifter	23 232	10 794	11 054	11 054	11 054	11 054
Finansutgifter	373	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**116 994**	**98 031**	**102 686**	**101 976**	**101 306**	**100 456**
Driftsinntekter						
Salsinntekter	-18 733	-18 964	-18 764	-18 764	-18 764	-18 764
Refusjonar	-12 934	-6 618	-6 848	-6 718	-6 718	-6 718
Overføringsinntekter	-17	-17	-17	-17	-17	-17
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-2 495	-4 000	-0	-0	-0	-0
Sum Driftsinntekter	**-34 178**	**-29 599**	**-25 629**	**-25 499**	**-25 499**	**-25 499**
Sum	**82 816**	**68 432**	**77 057**	**76 477**	**75 807**	**74 957**

Beskriving av verksemda i dag

Drift og utviklingssektoren har ansvar for drift av kommunal infrastruktur (vass- og avløpsnett, reinseanlegg, vassverk, vegar, bruer) og alle kommunale bygg. I tillegg har sektoren ansvar for næringsutvikling, landbruk, friluftsliv, folkehelse, arealplanlegging, byggesak, eigedomsskatt, miljøfyrtårn, innkjøp, kart og oppmåling. I stor grad vil arbeidet i sektoren vere ein føresetnad for drifta av dei andre sektorane med bygg og infrastruktur.

Arbeidet er organisert i 4 avdelingar med om lag 60 årsverk fordelt på om lag 85 tilsette:

- Utvikling og VAR (vatn, avløp, renovasjon)
- Veg og park
- Byggforvaltning
- Reinhald

I tillegg høyrer det interkommunale kontoret for avløp og vassforvaltning (KAV) med 4,8 årsverk fordelt på 5 personar til sektoren.

Fagfeltet til sektoren er vidt og sektoren forvaltar store verdiar som det er utfordrande å halde ved like og fornye.

Utfordringar og strategi

Vi er framleis avhengig av eit samarbeid/spleiselag med næringsliv, frivillige lag og private for saman å gjera Ål til ein god plass å bu, arbeide og besøke.

Under er det lista opp utfordringar med tilhøyrande strategiar:

1	God eldreomsorg med endra demografi
	• arbeide med å utvikle sjukeheimen for å ta høgde for framtidige behov • finne ut korleis Familiens Hus bør nyttast på best måte og bygge om innanfor ei rimeleg kostnadsramme
2	Skadar etter ekstremvêret Hans
	• utbetre skadar på infrastruktur med støtte frå Statsforvaltar og NVE • vidareføre arbeidet med tilpassing til eit endra klima – har no fått tilsegn om støtte frå NVE til utbetring av bekkar i sentrum
3	Klimagassutslepp og avfall
	• arbeide med å redusere klimagassutslepp • utarbeiding av lokal tiltaksstrategi med utgangspunkt i Klimaplan for Hallingdal • Overgang til ein meir sirkulær økonomi med redusert forbruk og handtering av avfall • Arbeide mot meir klimavennlege innkjøp • Redusere energiforbruket i kommunale bygg og motivere innbyggarar og privat næringsliv • leggje til rette for gang-, spark- og sykkelvegar og bruk av elbil
4	Kommuneplan
	• arbeide vidare med Kommuneplanens arealdel for fritidsbustader og fjellområde, inkludert planvask • følgje opp rekkefølgjebestemming med kryss i Kleivi
5	Maskinparken
	• avdeling reinhald bør fornye sine maskinar for å unngå store reparasjonar og stillstand. • avdeling veg og park har eit fornyingsbehov som varierer mykje – for 2027 er behovet avgrensa, men vil bli aukande
6	Innovasjon
	• vi ynskjer å arbeide med å kunne styre vaskefrekvens etter behov ved hjelp av sensorteknologi • avdeling reinhald legg til rette for å ta i bruk vaskerobotar i aukande grad

Rammeoversikt

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	Tiltakstype	2027	2028	2029	2030
Opphavleg budsjett		**72 432**	**72 432**	**72 432**	**72 432**
Sum Vedtak førre periode		**1 830**	**570**	**570**	**570**
Sum Budsjettendring i år		**2 093**	**2 093**	**2 093**	**2 093**
Konsekvensjusteringer		**3 923**	**2 663**	**2 663**	**2 663**
Konsekvensjustert ramme		**76 355**	**75 095**	**75 095**	**75 095**
Endringar i tidlegare vedtatte tiltak					
Veg og park – Drift av flaumtiltak	Endringar i tidlegare vedtatte tiltak	25	25	25	25
Sum Endringer i tidlegare vedtatte tiltak		**25**	**25**	**25**	**25**
Innsparingstiltak					
Byggforvaltning – Auke i husleigeinntekter	Innsparingstiltak	-700	-700	-700	-700
Byggforvaltning – Auke i refusjon Altibox	Innsparingstiltak	-50	-50	-50	-50
Byggforvaltning – Innsparing i kjøp av andre	Innsparingstiltak	-80	-80	-80	-80
Innsparing av husleige Torpomoen	Innsparingstiltak	-850	-850	-850	-850
Reinhald – Flytting frå 11100 til 11200	Innsparingstiltak	-50	-50	-50	-50
Reinhald – Innsparing ei stilling	Innsparingstiltak	-800	-800	-800	-800
Reinhald – Reduksjon i norskopplæring	Innsparingstiltak	-35	-35	-35	-35
Utvikling – Auke i faste utgifter til Telenor og Bruse	Innsparingstiltak	10	10	10	10
Utvikling – Auke i tilskot frå fylkeskommunen	Innsparingstiltak	-50	-50	-50	-50
Utvikling – Innsparing kartlegging biologisk mangfald	Innsparingstiltak	-750	250	250	250
Utvikling – Reduksjon i leasing	Innsparingstiltak	-235	-235	-235	-235
Utvikling – Reduksjon i skyss- og kostgjersle	Innsparingstiltak	-7	-7	-7	-7
Utvikling – Refusjon fødselspermisjon	Innsparingstiltak	-130	0	0	0
Utvikling – Utsetjing beitekartlegging	Innsparingstiltak	-500	500	0	0
Veg og park – Flytting av forsikringskostnader frå 11850 til 11709	Innsparingstiltak	-220	-220	-220	-220

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	Tiltakstype	2027	2028	2029	2030
Veg og park – Flytting av servicekostnader frå 12400 til 11709	Innsparingstiltak	-40	-40	-40	-40
Veg og park – Ikkje behov for leasing av transportmidlar	Innsparingstiltak	-5	-5	-5	-5
Veg og park – Reduksjon i uspesifiserte bygg og anleggstenester	Innsparingstiltak	-41	-41	-41	-41
Sum Innsparingstiltak		**-4 533**	**-2 403**	**-2 903**	**-2 903**
Nye tiltak					
Auke i vår andel til Hallingdal brann- og redningsteneste	Nye tiltak	300	300	300	300
Byggforvaltning – Auke i forsikringskostnad	Nye tiltak	150	150	150	150
Byggforvaltning – Auke i kommunale avgifter	Nye tiltak	100	100	100	100
Byggforvaltning – Auke i kostnadar til lisensar og gebyr	Nye tiltak	220	220	220	220
Byggforvaltning – Auke i kostnadar til telefon og Altibox	Nye tiltak	100	100	100	100
Byggforvaltning – Auke i kostnader til serviceavtaler	Nye tiltak	80	80	80	80
Byggforvaltning – Auke i straumkostnadar	Nye tiltak	300	300	300	300
Byggforvaltning – Auke i transportutgifter	Nye tiltak	150	150	150	150
Byggforvaltning – Felleskostnadar leilegheiter	Nye tiltak	90	90	90	90
Byggforvaltning – Rehabilitering av golvet i gymsal Nedre Ål skule	Nye tiltak	600	0	0	0
Byggforvaltning – Reinhald utleigebustader	Nye tiltak	50	50	50	50
Byggforvaltning – Sanering av loft etter skadedyr	Nye tiltak	750	0	0	0
Byggforvaltning – Utvendig måling av Nordbygdane skule	Nye tiltak	0	0	600	0
Byggforvaltning – Utvendig måling av Sando barnehage	Nye tiltak	0	550	0	0
Byggforvaltning – Utvendig måling av Ål kulturhus	Nye tiltak	750	0	0	0

		Økonomiplan			
Beskriving tiltak	Tiltakstype	2027	2028	2029	2030
Reinhald – Auke i kostnadar til forbruksmateriell	Nye tiltak	140	140	140	140
Reinhald – Auke i leasingutgifter	Nye tiltak	200	200	200	200
Reinhald – Auke i lisensutgifter	Nye tiltak	10	10	10	10
Reinhald – Auke i transportkostnadar	Nye tiltak	5	5	5	5
Reinhald – Auke i utgifter til vindusvask	Nye tiltak	10	10	10	10
Reinhald – Flytting frå 11100 til 11200	Nye tiltak	50	50	50	50
Reinhald – Reparasjonar	Nye tiltak	25	25	25	25
Reinhald – Utskifting av 30 stk. iPads	Nye tiltak	0	220	0	0
Utvikling – Auke i kostnad for veterinærvaktordning og Ål utvikling	Nye tiltak	360	360	360	360
Utvikling – Auke i kostnadar til forsikring og drivstoff	Nye tiltak	90	90	90	90
Utvikling – Innbetaling partskonto kartverket	Nye tiltak	120	0	0	0
Utvikling – Sentrumstiltak som ikkje er investering	Nye tiltak	250	250	250	0
Veg og park – Auke i straumkonstnadar	Nye tiltak	50	50	50	50
Veg og park – Flytting av forsikringskostnader til 11709	Nye tiltak	220	220	220	220
Veg og park – Flytting av servicekostnader til 11709	Nye tiltak	40	40	40	40
Sum Nye tiltak		**5 210**	**3 760**	**3 590**	**2 740**
Nye tiltak og realendringar		**702**	**1 382**	**712**	**-138**
Ramme 2027-2030		**77 057**	**76 477**	**75 807**	**74 957**

Samandrag budsjett

OPPGÅVER FRAMOVER:

Kommunen må styrkje arbeidet med klimavenlege innkjøp, også i del 2. Det er behov for å styrkje arbeidet med sirkulær økonomi for å redusere ressursbruk og avfall, til dømes gjennom gjenbruk av byggemateriale og inventar og stille krav til miljøvenlege produkt ved innkjøp.

Ei stor utfordring framover er å hindre reduksjon i folketalet. Samfunnsplanlegging er inkludert i ein tidlegare rein planleggjarstilling.

Det er utfordrande å ta vare på og halde ved like kommunale bruer og vegar. Både Gamlevegen og gangvegen austover frå Kvinda burde vore oppgradert, men er ikkje prioritert i 2027. Opparbeiding av uteområdet ved Sando barnehage er ferdigstilt. Det same gjeld utbetringar i Vestlia som er støtta med skjønnsmidlar. Nytt kryss i Kleivi er snart ferdig regulert og prosjektert.

Maskinparken til avdeling reinhald treng fornying då mange av maskinene deira er utrangerte. Vaskerobotar vil effektivisere arbeidet for avdelinga. Det er starta innkjøpsprosess for vaskerobot i idrettshallen. Vi har teke i bruk sensorteknologi for å gje grunnlag for å vaske meir etter behov. Vi vil først prøve ut dette for Nedre-Ål skule og Ål ungdomsskule.

Det er eit stort etterslep på bygningsvedlikehald og kommunen har mykje bygningsmasse i forhold til vedlikehaldsbudsjett. Vi har nytta EG Holte sin FDV-nøkkel for å berekne normale utgifter til drift og vedlikehald for alle våre kommunale bygg. Resultatet viser at vi berekningsmessig burde hatt 24,6 mill. til dette (utan skatt, avgifter, forsikring og energi). Her har vi nytta den lågaste standarden av tre nivå (enkel). Faktisk budsjett for 2027 til drift og vedlikehald er berre om lag 18,5 mill. Kommunen ligg altså godt under det nivået EG Holte vurderer som akseptabelt.

Til neste år er ferdigstilling av omsorgsbustader i Brattebakken prioritert i tillegg til utleigebustadene i Stavin 12. Nybygg for avdeling miljøterapi er teke i bruk. Det er engasjert prosjektleiar og rådgjevande ingeniørar for ombygging av Familiens hus. Arbeidet med å lande planløysing er i gang, og prosjektering vil halde på i fyrste del av 2027. Planlagt byggestart er over sommaren 2027.

Det er ikkje sett av midlar til ENØK-tiltak i eigen bygningsmasse, bortsett frå overgang til LED-belysning. I 2026 vart det gjennomført energikartlegging av alle føremålsbygg som grunnlag for å finne dei beste tiltaka. Vi må bruke noka tid til å gå gjennom desse rapportane og vurdere aktuelle tiltak. Det er lagt ein plan for utbetring og utskifting av ventilasjonsanlegga i Ål kulturhus. Ventilasjonsanlegg i delar av Sundre barnehage bør også snart prioriterast.

Det er gjennomført radonmåling i kommunale utleigebustader. Resultatet viste at det er behov for radontiltak i 18 bygningar, og OK ventilasjon har fått dette oppdraget. Tildelinga som vart gjort for 2026 skal vere tilstrekkeleg.

Vi har ambisjon om å gjennomføre brannteknisk tilstandsvurdering for alle bygg med overnatting. Elles er det ein strategi å redusere bygningsareal. I første omgang ved å selje eldre bustadhus for utleige.

Ål kommune møter aukande utfordringar med ekstremvêr, flaum og skred som påverkar infrastruktur og bygg. Erfaringane etter uvêret Hans viser behovet for betre førebygging og tilpassing til eit endra klima. Det er sett av midlar til klimatilpassande tiltak for å unngå skade på bygg og vegar og anna infrastruktur ved framtidige uværshendingar. Det blir søkt om tilskot frå NVE til dette arbeidet. Vi har fått utarbeidd ei liste som viser aktuelle tiltak i prioritert rekkjefølgje.

Ål kommune skal fylgje opp nasjonale mål om å redusere klimagassutslepp. Kommunen må redusere eigne klimautslepp gjennom energieffektivisering, fornybare energikjelder og meir klimavenleg drift. Nye bustadområde og næringsareal må planleggast med omsyn til flaum- og skredfare, grøn transport og levande sentrum. I 2023 hadde kommunen redusert klimagassutsleppet med 7,5 prosent samanlikna med 2009. Klimagassutsleppa blei redusert med 1,4 % frå 2022 til 2023.

Det er funne rom for særlege nye driftstiltak i 2027 som måling av Ål kulturhus, utbetring av gymsalen ved Nedre Ål og sanering av loftet i Sando barnehage etter skadedyr. Mange av budsjettpostane er justert, og for fleire av desse er bakgrunnen generelt auke i prisar som ikkje kommunen råd over (forsikring, straum, kommunale avgifter, diverse lisensar, drivstoff med meir). Andre stader har det

tidlegare ikkje vore budsjettert på denne posten tidlegare. Avdelingane er innstilt på at 2027 blir eit år med aktivitet på nivå med 2026. Avdeling Reinhald reduserer med med ein tilsett.

Endringar i tidlegare vedtatte tiltak

Veg og park – Drift av flaumtiltak

Driftsutgiftene ved alle flaumtiltak er Ål kommune sitt ansvar. Utgiftene vil auke i åra framover.

Innsparingstiltak

Byggforvaltning – Auke i refusjon Altibox

Gjeld kommunale utleigebustader. Justering til reelt nivå.

Innsparing av husleige Torpomoen

Vi avsluttar leigeforholdet på Torpomoen. KAV, Hallinghelse og Regionrådet etablerer eigne leigeavtaler.

Reinhald – Innsparing ei stilling

Reduksjon i bemanning med ein 100 % stilling. Avgang pensjon februar 2026.

Reinhald – Reduksjon i norskopplæring

Utgifter til norskkurs for fagbrev

Utvikling – Auke i faste utgifter til Telenor og Bruse

Gjeld kommunikasjon i VA-systemet og nettverk i FoU Torpomoen

Utvikling – Innsparing kartlegging biologisk mangfald

Vi legg opp til å gjennomføre kartlegging med tilskotsmidlar, men må ha noko til eigendel.

Utvikling – Reduksjon i leasing

Hyundai Ionic vart kjøpt ut etter leasingperioden (mai 2026). Leasar ikkje bil no.

Veg og park – Flytting av forsikringskostnader frå 11850 til 11709

Art 11709 blir nytta for forsikring på bilar og maskiner.

Veg og park – Flytting av servicekostnader frå 12400 til 11709

Servicekostnader høyrer heime i art 11709.

Veg og park – Reduksjon i uspesifiserte bygg og anleggstenester

Denne posten blir ikkje nytta i rekneskapen.

Nye tiltak

Auke i vår andel til Hallingdal brann- og redningsteneste

Endringa er i samsvar med vedtak i KRU. HBR sitt forslag til representantskapet er kr 200.000,- høgare. Det er ikkje teke høgde for auke i kostnadar med nødnett.

Byggforvaltning – Auke i forsikringskostnad

Justering til faktiske kostnadar.

Byggforvaltning – Auke i kommunale avgifter

Justering til reelt nivå.

Byggforvaltning – Auke i kostnadar til lisensar og gebyr

Gjeld renovasjon for kommunale bygg, SD-anlegg, LAFT, Airthings m.m. Oppjustering til reell kostnad.

Byggforvaltning – Auke i kostnadar til telefon og Altibox

Mykje av dette gjeld Altibox (Bruse) som blir teke inn att i husleige

Byggforvaltning – Auke i kostnader til serviceavtaler

Gjeld heiskontroll, 110-sentral, brannalarmanlegg, innbrotsalarm, sløkkeutstyr m.m. Oppjustering til faktisk nivå.

Byggforvaltning – Auke i straumkostnadar

Prisen blir auka frå 15 til 20 øre for kommunale bygg.

Byggforvaltning – Auke i transportutgifter

Dette gjeld drift av bilparken (drivstoff, verkstad osb.).

Byggforvaltning – Felleskostnadar leilegheiter

Gjeld leilegheitene i Tolleivhago og Sundrevegen 81.

Byggforvaltning – Rehabilitering av golvet i gymsal Nedre Ål skule

Tregolvet er slite og det hender at elevane får flis i foten. Det bør leggast nytt golv oppå det gamle.

Byggforvaltning – Reinhald utleigebustader

Innleige av vask ved bytte av leigetakar. Har ikkje vore budsjettert tidlegare.

Byggforvaltning – Sanering av loft etter skadedyr

I mange år har det vore fri tilgang til loftet for mus og flaggermus. Det er difor store mengder avføring der oppe som bør ryddast opp i. Dette må gjerast av saneringsfirma.

Byggforvaltning – Utvendig måling av Nordbygdane skule

Kommunen har ikkje eigne ressursar til å gjennomføre slike prosjekt. Ingen kommunale bygningar vart vedlikehaldsmåla i 2026. Vi har eit etterslep på denne type vedlikehald.

Byggforvaltning – Utvendig måling av Sando barnehage

Kommunen har ikkje eigne ressursar til å gjennomføre slike prosjekt. Ingen kommunale bygningar vart vedlikehaldsmåla i 2026. Vi har eit etterslep på denne type vedlikehald.

Byggforvaltning – Utvendig måling av Ål kulturhus

Utvendige fasadar er slitne, med fare for fuktinntrenging og vidare forfall. Bygget er 35 år gammalt og er måla 1 gong etter at bygget stod ferdig, og det er no 15 år sidan.
Full utvendig vask, bytte av treverk (som er øydelagt/ròtent enkelte stader) skraping og måling.
Bytte/reparering av ein del takrenner.

Reinhald – Auke i leasingutgifter

Gjeld reinhaldssoner og støvsugerroboter (aukar frå 5 til 12).

Reinhald – Auke i lisensutgifter

Lisens for LAFT og doseringssystem Solenis

Reinhald – Auke i transportkostnadar

Gjeld transport mellom bygningar i kommunen

Reinhald – Auke i utgifter til vindusvask

Det er nødvendig å leige inn ekstern bistand for utvendig vask i høgda. No har me fått Familiens hus i tillegg.

Reinhald – Reparasjonar

Gjeld reparasjonar og vedlikehald av maskiner og utstyr

Reinhald – Utskifting av 30 stk. iPads

Ipad blir nytta av alle reinhaldarar i arbeidet. Dei er innkjøpt i 2021 og blir 7 år gamle i 2028.

Utvikling – Auke i kostnad for veterinærvaktordning og Ål utvikling

Det går føre seg forhandlingar om ny veterinærvaktavtale. Vi bør ta høgde for at kommunen må bidra i tillegg til tilskotet frå Staten.

Utvikling – Auke i kostnadar til forsikring og drivstoff

Gjeld felles bilar (Ionic, Focus) og Caddy (oppmåling).

Utvikling – Innbetaling partskonto kartverket

Utgifter som er pålagde frå kartverket.

Utvikling – Sentrumstiltak som ikkje er investering

Oppfølging av sentrumsprosjektet GNIST. Mindre tiltak og uttesting som ikkje kan reknast som investeringar.

Veg og park – Auke i straumkonstnadar

Nødvendig auke for å dekke inn auke i straumutgifter (gatelys, varmekablar, lysløyper osb.).

Veg og park – Flytting av forsikringskostnader til 11709

Art 11709 blir nytta for forsikring på bilar og maskiner.

Veg og park – Flytting av servicekostnader til 11709

Servicekostnader for bilar og maskiner høyrer heime i art 11709.

Moglege tiltak

Beløp i 1000

			Økonomiplan			
	Prioritet	Endringskode	2027	2028	2029	2030
Reinhald – Auke i vikarløn ved sjukdom	2	Nytt tiltak	100	100	100	100
Reinhald – Budsjettpost for overtid	2	Nytt tiltak	50	50	50	50
Utvikling – Reduksjon i gebyrinntekter	1	Nytt tiltak	200	200	200	200
Utvikling- Reduksjon i stilling	2	Innsparingstiltak	-455	-455	-455	-455
Veg og park – Auke i drivstoffutgifter	1	Nytt tiltak	50	50	50	50
Sum			**-55**	**-55**	**-55**	**-55**

Nye tiltak

Reinhald – Auke i vikarløn ved sjukdom

Har vore ein del underbudsjettert

Reinhald – Budsjettpost for overtid

Gjeld arbeid på raude dagar og ekstra ved vikarmangel. Har ikkje hatt budsjettpost på dette tidlegare.

Utvikling – Reduksjon i gebyrinntekter

Det er stor reduksjon i inntekter på grunn av låg aktivitet.

Ønska investeringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum Økonomiplan
Investeringsprosjekter	2027	2028	2029	2030	2027-30
Fortau Helsetunvegen – Bråta	0	500	0	0	500
Utbetring gjerde nedre leikeplass – Nedre Ål skule	250	0	0	0	250
Sum investeringsprosjekt	**250**	**500**	**0**	**0**	**750**

Ønska investeringar

Fortau Helsetunvegen – Bråta

Det er eit behov for å skilje fotgjengarar og biltrafikk på vegen til Bråta som eit trafikktryggingstiltak. Dette kan gjerast ved å etablere eit fortau. Prosjektet blir ikkje gjennomført utan vesentlege tilskot.

Utbetring gjerde nedre leikeplass – Nedre Ål skule

Her er gjerdet for dårleg slik at ungane kjem under eller klatrar over. Det er planlagt eit nytt flettverkgjerde.

Kommunalsjef Drift og utvikling

Beskriving av verksemda i dag

Sektoren er leia av ein kommunalsjef i 100 % stilling.

Utfordringar og strategi

Kommunalsjefen er involvert i revisjon av kommuneplanen, utleige av kommunale bustader og ivaretaking av boligsosiallova, prising av utleigebustader, Helsetun-prosjektet og Familiens Hus, bruk av skjønnsmidlar m.m. Han ynskjer å ha ein viss styring på kartlegging av ENØK- og radontiltak og branntekniske utbetringar.

Det er ei utfordring med mange arbeidsoppgåver og møter. Dette gjer at det blir mindre tilgjengeleg tid til kompetanseheving og utvikling i sektoren. Oppfølging av førespurnader frå innbyggarar kan også ta lengre tid enn ynskjeleg.

Den største utfordringa no blir vurdert å vere drift og vedlikehald av ein stor bygningsmasse innanfor ei økonomisk ramme som ligg langt under det som blir vurdert som nødvendig til dømes av EG Holte (FDV-nøkkelen).

Veg og park

Beskriving av verksemda i dag

Avdelinga har 9 tilsette i tillegg til ein lærling og 10 årsverk. Veg og park har ansvaret for drift og vedlikehald av alle kommunale vegar, bruer og grøntområde. I tillegg administrerer avdelinga om lag 25 kommunale bilar (mellom anna heimetenesta og andre avdelingar). Avdelinga har vaktordning heile året og kan rykke ut med mannskap og maskiner når det trengst. Det er tre på vakt om vinteren (brøyting, strøing) og ein om sumaren (nedbør, trefall).

Ein del av snøbrøyting på kommunale vegar er sett bort til private og avdelinga leiger inn maskiner og mannskap frå private ved behov. Elles blir det gjennomført mykje brøyting med eigne maskinar og ressursar.

Mykje av tid går framleis med til utbetringar etter uvêret Hans. Også til drifting av grøntanlegg i fellesareal og rundt kommunale bygg og badeplassar.

Ved ledig kapasitet hjelper avdelinga til med utomhusarbeid i kommunale byggeprosjekt. Det siste året har avdelinga bidratt mellom anna ved Sando barnehage og ved Torpo skule.

Samandrag budsjett

Driftsbudsjettet er generelt stramma inn dei siste åra og det er ikkje teke tilstrekkeleg høgde for stor prisstigning på utstyr og drivstoff. Dette gir utfordringar for drifta.

TILTAK DET IKKJE ER FUNNE ROM FOR I 2027:

- Utbetre gangveg forbi stavkyrkjetomta for å unngå at steinmuren på nedsida blir øydelagt
- Utbetre og forsterke Gamlevegen, Nedre Hago, Røysevegen, Stettevegen, Hagavegen, Vestaforvegen, Kringlevegen
- Utbetre gangvegen frå Vangebrue til Stavin og Kolsrud til Gamlevegen
- Etablere ein sikrare tilkomst for gåande frå Stavin til Sundrevegen
- Utbetring av Dokklisvingen
- Utbetring av sving ved Medgard i Liagardane

Utvikling

Beskriving av verksemda i dag

Avdeling Utvikling og VAR ynskjer, i samarbeid med andre avdelingar, å bidra til å utvikle Ål kommune til ein enda betre plass å bu og arbeide. Vi har eit generelt mål om å yte gode tenester for innbyggarane. I stor grad er arbeidet vårt tverrfagleg og vil involvere også andre sektorar.

Avdelinga har om lag 18 tilsette i tillegg til ekstrahjelp om sommaren. Det blir arbeidd over mange fagfelt og dekker mellom anna følgjande område:

- Næringsutvikling: Kontakt med næringslivet, informasjon om støtteordningar, næringstomter
- Jord- og skogbruk: Handsaming av saker etter jordlova, konsesjonslova og skoglova. Tilskot, beitebruksplan, snøskuterløyper, innspel til planar
- Vilt: Ål elgvald, viltnemnd, skadefelling, rovviltnemnd, innspel til planar
- Klima og miljø: Miljøplan, kartlegging av naturverdiar, miljøfyrtårn, innspel til planar, lokal klimaplan
- Folkehelse: Systematisk folkehelsearbeid, trafikksikkerheitsarbeid
- Friluftsliv: Rydding og merking av stigar, prosjekt med søknadar om tilskot, innspel til planar
- Planlegging: Kommunens arealplan og samfunnsdel, kommunedelplanar, reguleringsplanar
- Byggesak: Bygge- og delingssaker etter pbl, seksjonering og matrikkelføring, innspel til planar
- Kart og oppmåling: Gjennomføring av oppmålingsforretningar, grensepåvisning, matrikkelføring
- Eigedomsskatt: Fakturering, klagehandsaming
- Innkjøp: Gjennomføring av anbodsrundar og førebuing av desse
- Vassforsyning: Drift av 6 vassverk og tilhøyrande leidningsnett, forskriftsarbeid, VA-norm, hovudplan vatn og avløp, fakturering
- Avløp: Drift av reinseanlegg og leidningsnett. Drift av 5 reinseanlegg og tilhøyrande leidningsnett, mottak av slam, forskriftsarbeid, VA-norm, sanitærabonnement, hovudplan vatn og avløp, fakturering
- Renovasjon: Fakturering, bygging av returpunkt, forskriftsarbeid
- Sikringstiltak og utbetringar etter Hans: Søknadar, prosjekt- og byggeleiing
- Sentrumsutvikling: Oppfølging etter GNIST-prosjektet

Samandrag budsjett

Vi får inn mindre gebyrinntekter på grunn av mindre aktivitet i byggebransjen, men avdelinga har likevel ei reell innsparing. Dette er mellom anna på grunn av at leigeavtale på Torpomoen ikkje vidareførast. Her får KAV, Hallinghelse og Regionrådet eigne leigeavtaler. Kommunen har også kjøpt ein bil som er leasa i 3 år, og vil spare inn leasingkostnader. Det er sett av noko pengar både i driftsbudsjett og investeringsbudsjett til tiltak i sentrum etter GNIST-prosjektet.

TILTAK DET IKKJE ER FUNNE ROM FOR I 2027:

- Beitekartlegging
- Ny brønn Gunnarhaugen vassverk
- Renovasjonspunkt i Vestlia
- Renovasjonspunkt på Liatoppen
- Fortau Helsetunvegen-Bråta
- Fartsregistrering ved Nedre Ål skule

Reinhald

Beskriving av verksemda i dag

Avdeling reinhald ligg under sektoren drift og utvikling og består av 24 fast tilsette (22,35 årsverk), ca.. 10 tilkallingsvikarar og 1-2 i språk-/arbeidspraksis.

Me utfører reinhald i alle kommunale bygg som har planlagt reinhald. Bygningsmassen omfattar 35 743 m².
Samla reinhaldsareal for dagleg reinhald, periodisk reinhald og tilsyn, er totalt ca. 79 000 m².

I Ål kommune blir alt reinhald planlagt og utført i samsvar med rammene som lovverket set for reinhald i skular, barnehagar, helseinstitusjonar, offentlege idrettsanlegg m.m.

Våre arbeidsoppgåver:

• Dagleg reinhald

• Periodisk reinhald og hovudreingjering, etter avtale/plan

• Vindusreingjering

• Golvpleie

• Renhold og lett vedlikehald av utstyr og reingjeringsmaskiner

• Anna reinhald i samsvar med arbeidsinstruks for kvart enkelt område

I tillegg har me eit husvaskeri på Ål Helsetun. Vaskeriet leverer arbeidstøy og flatt tøy til alle avdelingar på helsetunet.

Det er definert ein kvalitetsprofil pr..... tenesteområde basert på NS-INSTA 800 – standard for å fastsetja og bedømma kvalitet på reinhald.

Faste rutinar ifølgje instruksar og beskrivingar bestemmer korleis me skal jobba:

• Stillingsbeskrivingar

• Arbeidsinstruksar

• Metodebeskrivingar

• Brukaravtaler

• Reinhaldsplan

Samandrag budsjett

I denne avdelinga har vi ikkje funne rom for vesentlege innsparingstiltak. Avdelinga står for innkjøp av varer og utstyr til formålsbygg, og det er merkbart at dette har hatt ein generell prisauke.

TILTAK DET IKKJE ER FUNNE ROM FOR I 2027:

- Utskifting av Ipad til reinhaldarar. Desse blir nytta i det daglege arbeidet og var nye i 2021.
- Auke i vikarløn ved sjukdom

Byggforvaltning

Beskriving av verksemda i dag

Byggforvaltning har ansvar for drift, vedlikehald og forvaltning av Ål kommune sine bygg og utleigebustader. Avdelinga har 13,5 årsverk fordelt på 16 tilsette og skal sikre funksjonelle, trygge og verdibevarande eigedomar gjennom effektiv drift, systematisk vedlikehald og god ressursforvaltning.

Hovudoppgåva til avdelinga er drift, vedlikehald og forvaltning av kommunale bygg og kommunale utleigebustader.

Avdelinga har ansvar for:

- Drift og vedlikehald av kommunale bygg
- Administrasjon og oppfølging av kommunale utleigebustader
- Vaktmeistertenester ved kommunale eigedomar
- Drift og tilsyn av tekniske anlegg, inkludert ventilasjon og styringssystem
- Drift og vedlikehald av kommunale basseng
- Kontroll og oppfølging av leikeapparat og uteområde
- Utvendig og innvendig vedlikehald av bygg og anlegg
- Restaurering og rehabilitering av kommunale bygg
- Gjennomføring av ENØK- og energisparetiltak
- Planlegging og oppfølging av bygge- og vedlikehaldsprosjekt
- Oppfølging av entreprenørar og leverandørar
- Oppfølging av branntilsyn og brannførebyggjande arbeid
- Oppfølging av lovpålagde kontrollar og internkontroll
- HMS-arbeid, risikovurderingar og beredskap
- Forvaltning av verdiar og sikring av kommunal eigedomsmasse

Samandrag budsjett

Det er lagt til grunn auka husleigeinntekter, men også ein auke i straumkostnader, forsikring og kommunale avgifter.

Samla sett er det foreslått ein auke i avdelinga sitt budsjett der vi har inkludert eittårige tiltak som måling av Ål kulturhus, utbetring av golvet i gymsalen på Nedre Ål og sanering av loftet i Sando barnehage etter skadedyr. Likevel er vi langt under det nivået som blir rekna som nødvendig frå til dømes EG Holte (FDV-nøkkelen). Dette vil framleis krevje ei tydeleg prioritering av oppgåver og ressursar. Avdelinga førebur seg på nok eit år med lågare aktivitetsnivå enn i tidlegare år, der hovudfokuset vil vere å oppretthalde nødvendige drifts- og vedlikehaldsoppgåver innanfor dei tilgjengelege rammene.

Det vil vere mindre økonomisk handlingsrom til bruk av innleigd arbeidskraft, og ein større del av oppgåvene må løysast med eigne ressursar. Dette kan medføre at enkelte prosjekt og vedlikehaldstiltak må utsetjast eller gjennomførast over lengre tid.

Målet er å sikre forsvarleg drift, god ressursutnytting og ivaretaking av kommunen sine eigedomsverdiar innanfor dei økonomiske rammene som er sette.

TILTAK DET IKKJE ER FUNNE ROM FOR I 2027:

- Utvendig måling av Sando barnehage (foreslått 2028)
- Utvendig måling av Nordbygdene skule og barnehage (foreslått 2029)
- Utbetring av personalkjøkken Nedre Ål skule (foreslått 2028)
- Funksjonelle arbeidsrom Torpo skule (foreslått 2028)
- Nytt låsesystem for omsorgsbustader (foreslått 2028)
- Overgang til ny styring av SD-anlegg

Vatn, avløp og renovasjon – sjølvkost

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Vatn, avløp og renovasjon – sjølvkost	2025	8,38	46,29 %	0,00	0,00	8,38
Vatn, avløp og renovasjon – sjølvkost	2026	8,79	45,06 %	0,00	0,00	8,79
Endring 2026-2025		**0,41**	**-1,23%**	**0,00**	**0,00**	**0,41**

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter						
Lønn	7 672	8 096	8 764	8 764	8 764	8 764
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	7 717	9 408	9 404	9 404	9 404	9 404
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	21 870	24 388	24 713	24 713	24 713	24 713
Overføringsutgifter	19	0	0	0	0	0
Finansutgifter	0	5 545	3 041	3 041	3 041	3 041
Sum Driftsutgifter	**37 278**	**47 437**	**45 922**	**45 922**	**45 922**	**45 922**
Driftsinntekter						
Salsinntekter	-56 024	-59 117	-58 410	-58 410	-58 410	-58 410
Refusjonar	-1 014	-926	-1 119	-1 119	-1 119	-1 119

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	3 380	4 000	4 000	4 000	4 000
Sum Driftsinntekter	**-57 038**	**-56 663**	**-55 529**	**-55 529**	**-55 529**	**-55 529**
Sum	**-19 760**	**-9 226**	**-9 607**	**-9 607**	**-9 607**	**-9 607**

Beskriving av verksemda i dag

Avdelinga er i praksis ein del av utviklingsavdelinga og er inkludert der.

Investeringstabell

Beløp i 1000

	Samla prosjektbeløp			Sum Økonomiplan	
Investeringsprosjekter	**Brutto prosjektutgift**	**Øyrem. fin.**	**Netto prosjektutgift**	**2027-30**	**Inntekt 2027-30**
Avløpsleidning Stavevegen/Solhov – skjønnsmidlar	2 500	0	2 500	2 500	0
Avløpsleidning Øvre Hago – skjønnsmidlar	4 600	0	4 600	4 600	0
Avløpsleidning Øvre-Ålsvegen – skjønnsmidlar	2 100	0	2 100	2 100	0
ENØK Torpo vassverk	100	0	100	100	0
Klokkarbakken utbetring avløpsleidning	5 500	0	5 500	5 500	0
Ny bil reinseanlegget 2027	400	0	400	400	0
Ny brønn Gunnarhaugen vassverk	2 000	0	2 000	1 000	0
Rehabilitering leidning VA Myrovegen	6 775	0	6 775	300	0
Rehabilitering vatn/kloakk	34 800	0	34 800	23 000	0
Renovasjonspunkt Sangefjell	1 500	0	1 500	1 500	0
Renovasjonspunkt Vestlia	1 500	0	1 500	1 500	0
Returpunkt Liatoppen	1 800	0	1 800	1 800	0
Vassleidning Bergstien (sikringstiltak bekk 1,2 og 3)	1 250	0	1 250	1 250	0
Vassleidning Stavevegen/Solhov	3 750	0	3 750	3 750	0
Vassleidning Øvre Hago	3 500	0	3 500	3 500	0
Vassleidning Øvre-Ålsvegen	1 250	0	1 250	1 250	0
Sum investeringsprosjekt	**73 325**	**0**	**73 325**	**54 050**	**0**

Investeringsbudsjett

Avløpsleidning Stavevegen/Solhov – skjønnsmidlar

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ei meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Avløpsleidning Øvre Hago – skjønnsmidlar

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ei meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Avløpsleidning Øvre-Ålsvegen – skjønnsmidlar

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ei meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

ENØK Torpo vassverk

Installering av luft-luft varmepumpe for å redusere straumforbruket.

Klokkarbakken utbetring avløpsleidning

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ei meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til

rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Ny brønn Gunnarhaugen vassverk

Vi vil undersøke et nytt område for etablering av grunnvannsbrønner på grunn av vasskvalitet.

Rehabilitering leidning VA Myrovegen

VA-grøfta mellom Myrovegen og Rv 7 vart påført skadar under ekstremvêret Hans. Vassleidningen ligg i same grøft og må difor handterast på same tid. I begge ender må leidningen senkast som følgje av justeringar i bekker og stikkrenner. Mykje av tiltaket vil truleg finansierast med skjønnsmidlar.

Rehabilitering vatn/kloakk

Det er behov for investeringar i åra framover i samsvar med Hovudplan for vatn og avløp. Posten synleggjer eit behov, men beløpet må overførast til konkrete prosjekt når dette blir aktuelt.

Renovasjonspunkt Sangefjell

Vi arbeider med å finne et passande stad for etablering av miljøstasjon.

Renovasjonspunkt Vestlia

Vi arbeider med å finne et passande stad for etablering av miljøstasjon.

Returpunkt Liatoppen

Det er funne ein høveleg plass for miljøstasjon ved Liatoppen.

Vassleidning Bergstien (sikringstiltak bekk 1,2 og 3)

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ei meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Vassleidning Stavevegen/Solhov

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert

opna, oppnår kommunen ei meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Vassleidning Øvre Hago

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ei meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Vassleidning Øvre-Ålsvegen

Prosjektet er nødvendig reinvesterings- og fornyingstiltak i det kommunale VA-nettet etter skadar og forverra tilstand som følgje av ekstremvêret Hans. Investeringane i desse prosjekta omfattar utskifting av avløps- og overvassleidningar (her nyttar vi skjønnsmidlar), samt fornying av vassleidningar i dei aktuelle områda. Ved å gjennomføre utskifting av alle leidningstypar samstundes når grøftene vert opna, oppnår kommunen ei meir kostnadseffektiv gjennomføring og reduserer behovet for framtidig gravearbeid. Enkelte stader omfattar desse prosjekta også omlegging av leidningstrasear for å leggje til rette for utvida bekkeløp og flaumførebyggjande tiltak. Investeringane vil forlenge levetida på den kommunale infrastrukturen, styrkje forsyningstryggleiken og redusere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Interkommunale tenester

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Interkommunale tenester	2025	50,19	72,18 %	0,75	7,47	58,41
Interkommunale tenester	2026	50,56	73,74 %	2,76	8,17	61,49
Endring 2026-2025		**0,37**	**1,56 %**	**2,01**	**0,70**	**3,08**

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter						
Lønn	63 157	69 473	74 020	73 584	73 584	73 584
